



Masteroppgåve i Kulturmøte

Oppgåvetittel: Ein studie av Misjonsalliansens HIV/Aids-prosjekt på El Alto, Bolivia.

Studiepoeng: 60

Johanne Ottilie Espe
November/2015.

Forord

Fyrst og fremst er eg glad for å ha fått lov til å bruke så mykje tid på å lære meir om Bolivia, landet eg er så glad i. Eg håpar lesaren også vil finne glede i dette, gjennom innblikket eg gir til dei ulike kulturmøta som vart skapt gjennom Misjonsalliansens HIV/Aids-prosjekt på El Alto, under mitt feltarbeid hausten 2014.

Det er mange eg vil takke i samband med denne oppgåva. Fyrst og fremst vil eg takke rettleiaren min, Bjørn Ola Tafjord. Ein betre rettleiar kunne eg ikkje hatt.

Eg vil også takke Torbjørn Urke som har lest over oppgåva og retta på språket.

Tusen takk til gode vener som har vore ei stor hjelp undervegs i arbeidet, både som støtte og rettleiarar.

Ikkje minst vil eg rette ei veldig stor takk til Camilla Guddal, Franck Flores, Guido Bustillos, Anna Lanchipa og alle dei andre tilsette og frivillige hjå HIV/Aids-prosjektet og MAN-B.

Muchas gracias a todos ustedes.

Og til slutt ei stor takk til alle andre som har vore der for meg undervegs.

Volda, 2. desember 2015

Johanne Ottilie Espe

Samandrag

Denne oppgåva handlar fyrst og fremst om møte mellom menneskje som oppstår og vert opplevd av tilsette og frivillige gjennom den norske Misjonsalliansens HIV/Aids-prosjekt på El Alto, Bolivia. HIV/Aids-prosjektet er eit av den norske misjonsorganisasjonens mange prosjekt på El Alto, og dei som har tilknytning til dette prosjektet er ei god blanding av menneskje med ulike kulturelle bakgrunnar. Fyrst og fremst kan ein skilje mellom nordmenn og bolivianarar. Hå disse er det ei blanding av protestantar, katolikkar, menneskje med urfolksbakgrunn, fattige og rike, kvinner og menn, og mange fleire. HIV/Aids-prosjektet handlar i følgje Misjonsalliansen om å hjelpe dei som treng det, styrke sjølvhjelpsgrupper og lokale helseinstitusjonar, spreie informasjon ut til befolkninga, arbeide for å hindre vidare spreieing av hiv-viruset, og kjempe mot diskriminering og negative haldningar. Alt dette arbeidet gjerast gjennom strategiar med utspring i misjon og eit kristent verdisyn. Gjennom ein studie av HIV/Aids-prosjektet vil eg gjere eit forsøk på å vise kor komplekse kulturmøte kan vere, seie noko om menneskje og situasjonar som er ein del av desse kulturmøta, og prøve å seie noko om religionen sine roller i norsk misjonsrelatert bistandsarbeid i dag. Eg vil også gå inn på samarbeidet internt i organisasjonen, der eg spesielt vil fokusere på forholdet mellom dei bolivianske og dei norske tilsette.

Abstract

The aim of this thesis is looking into human encounters that occur, and the experiences the employees and volunteers have had, through the Norwegian organization Misjonsalliansens HIV/Aids project in El Alto, Bolivia. The HIV/Aids project is one of Misjonsalliansens several projects in El Alto. The people involved with the project are people with diverse cultural backgrounds. First and foremost, we can make a distinction between Norwegians and Bolivians. Among them are Protestants, Catholics, indigenous people, rich and poor, men and women, and several other differentiations. According to Misjonsalliansen, the HIV/Aids project is about helping those in need, empower self-help groups and local health institutions, give information to the local society, to prevent the HIV virus to spread further, and fight against discrimination and negative attitudes towards HIV/Aids. The main strategy for this project is based on missionary work and Christian values. Throughout the study of the HIV/Aids project I will aim to show the complexity of cultural encounters, say something about humans and situations that take part in these, and try to comment on the role religion plays in current Norwegian missionary related development work. I will also take a closer look at the encounters inside of the organization, where I will focus on the relation between Norwegian and Bolivian employees.

Innhald

Forord.....	2
Samandrag.....	3
Abstract	4
DEL 1	
Innleiing	8
Bakgrunn for val av tema	8
Forskingsspørsmål.....	9
Vegen til feltarbeidet på El Alto.....	10
Misjonsalliansen.....	17
Misjonsalliansen i Bolivia: Misión Alianza de Noruega en Bolivia (MAN-B)	18
Om organisasjonen.....	18
Ulike prosjektområder	19
Hovudkontoret på El Alto	22
Dei tilsette	22
Dei norske utsendingane sine roller	23
Kvifor El Alto?.....	24
Metode: Korleis eg går fram i arbeidet med forskingsspørsmålet.....	25
Val av metode.....	25
Tankar rundt samfunnsforskning og metode: I kva grad kan vi eigentleg seie noko om røynda?	26
Gangen i feltarbeidet	28
Handsaming av data	32
Kjelder	33
Mitt forskingsetiske ansvar	34
Analyseramme: Definisjon av sentrale omgrep	35
Forholdet mellom kultur og religion	36
Kultur	36
Religion	37
Verbal- og nonverbal kommunikasjon	38
Kulturmøte	38
Kva meiner eg med misjon?.....	40
Oppsummering	43
DEL 2	
Feltarbeidet.....	44
På veg	45

Introduksjon	46
HIV/Aids-prosjektet	47
Om prosjektet	48
Angel si historie.....	49
Fokus på utdanning	51
Skulebesøk på El Alto	52
Teaterframsyning.....	55
Dei tilsette sine refleksjonar rundt arbeidet på skulane	55
Ein trist dag	56
Religion og HIV/Aids	58
Behovet for religion.....	58
Turen til Lago Titicaca (Titicacasjøen)	59
Forholdet mellom protestantar og katolikkar	64
Synet på homofili	68
Forholdet mellom mann og kvinne	73
Klasseskilje.....	76
Eit lite innblikk i Aymaraverda	78
Eit spørsmål om etnisitet	79
Kultur og Religion.....	81
Politikk	84
Forholdet til aymarafolka	86
Opning av ny volleyballbane: eit samarbeid mellom MAN-B, kommunestyret på El Alto og lokalbefolkninga.....	89
Samarbeidet internt i MAN B: møte mellom nordmenn og bolivianarar.....	91
Siste dag på feltarbeid	96
På gjensyn, Bolivia!	98
Oppsummering	99
DEL 3	
Avslutning	100
Kva slags kulturmøte vert skapt gjennom Misjonsalliansens HIV/Aids-prosjekt på El Alto?.....	101
Kulturmøta som kom til uttrykk gjennom HIV/Aids-prosjektet på El Alto.....	101
Kva slags roller har religion i HIV/Aids-prosjektet på El Alto og kva kan dette fortelje om norsk misjonsrelatert bistandsarbeid?	105
Sjukdomsforståing.....	107
Vegen vidare	108

Kjelder	109
Litteratur	109
Publikasjonar	110
Internettadresser	110
Føredrag	111
Informantar	112
Vedlegg 1: Løyve til å ha feltarbeid hjå MAN-B	113

Innleiing

Bakgrunn for val av tema

«Velkomen skal du vere!», skeiv ein av Misjonsalliansens utsendingar i Bolivia tidleg våren 2014, som svar på min førespurnad om løyve til å ha eit feltarbeid hjå organisasjonen. Tilbakemeldinga kom raskt, og ikkje uventa var den positiv. Vedkomande var ein gamal kjenning som eg møtte under mitt førre opphald i Bolivia, då eg i 2011 tok vårsemesteret i La Paz ved det katolske instituttet ISEAT i samband med bachelorgraden i interkulturell forståing ved NLA-høgskulen i Bergen. Den gongen hadde eg eit kortare feltarbeid der eg skreiv om Misjonsalliansens mikrokreditt-prosjekt. Fyrste gongen eg var i Bolivia var også i samband med bachelorgraden i interkulturell forståing, det var då ein studietur på fem veker våren 2010 for studentar som hadde vald Bolivia som fordjupingsområde, der delar av opphaldet skulle vere i La Paz og på El Alto. Også den gongen hadde eg eit kortare feltarbeid der eg fokuserte på sjukdomsforståing i Taravita, ei lita bygd nokre timars køyretur utanfor Sucre, hovudstaden i Bolivia. Gjennom mine to tidlegare besøk i Bolivia, spesielt det siste, hadde eg fått litt kjennskap til området, språket, organisasjonen og nokre av dei tilsette. Tanken på å skulle reise tilbake vart difor nesten som å tenke at eg skulle heim.

Eg var tidlig klar på at det var HIV/Aids-prosjektet eg ville lære meir om, og det er fleire årsakar til det. For det fyrste skulle prosjektet snart avviklast, og då var tanken at dei tilsette kanskje hadde gjort seg meir heilskapelege refleksjonar rundt arbeidet, og dermed også kulturmøta som heile vegen hadde vore ein del av det. For det andre er sjukdomen hiv/aids eit interessant tema når det kjem til kulturmøte. Mennesket formar sjukdomen i like stor grad som sjukdomen formar mennesket,¹og forskarar meiner at sjukdomsforståing kan betraktast som eit kulturelt fenomen: det finst eit samspel mellom dei biologiske prosessane, det meiningsinnhaldet individ og samfunn legg i lidinga, og den livssituasjonen lidinga speglar og skapar.²Difor kan det vere interessant å sjå nærmare på kvaslags sjukdomsforståing(ar) dei norske og dei bolivianske misjonæranne møter og opplev på El Alto. Sist men ikkje minst er misjonsarbeid i seg sjølv eit interessant tema i studien av kulturmøte. Kulturtilpassing er her eit viktig stikkord. I den rådande misjonsideologien skal eit prosjekt tilpassast den lokale kulturen det skal implementerast i for å oppnå sine mål på ein best mogeleg måte.³ Eg vil sjå nærmare på korleis Misjonsalliansen har vald å løyse dette på El Alto.

¹ Ingstad, 2007: 40

² Ingstad, 2007: 40

³ Ytrehus i Tolo & Ytrehus (red.), 2011: 115

Forskingsspørsmål

Målet med oppgåva er å sjå nærmare på korleis møta som vert skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet utartar seg, korleis informantane erfarer og handterer desse møta mellom menneskje med ein annan kulturell eller religiøs bakgrunn og korleis religionens roller kjem til uttrykk. Dette vil eg skildre ved hjelp av observasjonar og intervju eg hadde under mitt feltarbeid frå september til desember 2014. Eg vil også legge vekt på at det er primært organisasjonens tilsette og frivillige, og ikkje dei sjuke eller pårørande, som vil vere mine informantar i oppgåva.

Eit kulturmøte er eit møte mellom menneskje med ulik kulturell bakgrunn, og slike møte kan vere svært komplekse. Eg vil difor understreke at det ikkje berre er kulturmøte mellom bolivianarar og nordmenn som blir skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet, men også (og i større grad) mellom bolivianarar med ulike kulturelle bakgrunnar. Med andre ord blir *fleire* typar kulturmøte som vert skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet vektlagt i oppgåva. Med det vil eg også klargjere at der er mange forskjellige kulturar som er representerte på El Alto, men at eg i mi oppgåve vel å konsentrere meg om dei mest framtrèdande kulturane (ut i frå korleis informantane identifiserte seg sjølve og menneskja dei møtte gjennom HIV/Aids-prosjektet), som er mestisane og aymarafolka. Når det kjem til kulturell og religiøs bakgrunn vil eg då fyrst og fremst snakke om protestantar, katolikkar og aymaratradisjonar.

Det overordna forskingsspørsmålet blir:

«Kva slags kulturmøte vert skapt gjennom Misjonsalliansens arbeid mot HIV/Aids på El Alto, og kva kan desse møta fortelje om religionen sine roller i norsk misjonsrelatert bistandsarbeid i dag?»

Eg må nemne at problemstillinga er noko endra sidan starten, sidan eg opphavleg hadde eit endå større fokus på religion og religiøse haldningar som kom til uttrykk gjennom HIV/Aids-prosjektet. Etter feltarbeidet og gjennomgangen av data innsåg eg at det var fruktbart å justere fokus, og eg valde difor å konsentrere meg om dei ulike kulturmøta som vart skapte gjennom organisasjonens arbeid med HIV/Aids-prosjektet, og sjå korleis religionens roller kjem til uttrykk gjennom desse møta.

Innleiingsvis vil eg vidare introdusere den aktuelle konteksten, Misjonsalliansen som organisasjon, Misjonsalliansens bolivianske forgreining MAN-B (Misión Alianza de Noruega en Bolivia). Deretter vil eg gjere greie for bruk av metode, og sidan definere dei sentrale, analytiske omgrepa kultur, kulturmøte, religion og misjon.

Vegen til feltarbeidet på El Alto

I byrjinga av september hausten 2014 tok eg flyet frå Gardermoen, og nokre titals timar seinare var eg om bord på siste flyet, på veg ned mot El Alto og verdas høgstliggande internasjonale flyplass på 4100 meter over havet. Byen byrja snart å kome til syne mellom skylaget, og det er ikkje til å stikke under ein stol at det kribla i magen då eg kunne sjå at vi nærma oss. Tankane vandra mot feltarbeidet eg hadde framføre meg. Kva kunne eg egentleg forvente å få til på tre månader? På førehand hadde eg ikkje avtalt noko anna enn at eg skulle ha feltarbeid, men ante framleis ikkje *kva* eg skulle gjere undervegs i det. Den norske utsendingen som eg hadde vore i kontakt med, meinte vi heller burde ta det då eg kom til Bolivia, slik at dei bolivianske tilsette også fekk vere med på den prosessen. «Vakkert, ikkje sant?», spør ein av mine bolivianske medpassasjerar, og distraherer meg frå mine eigne tankar. Eg kunne ikkje anna enn å seie meg einig. Ovanifrå er El Alto eit massivt syn, og byen utgjer eit skilje mellom dei mektige Andesfjella i aust og vest, med sine snøkleddedde tindar som strekker seg til himmels. El Alto ligg på den nordlege delen av Bolivias Altiplano, ei vidstrakt høgsllette i Andesregionen som dekker store områder frå Titicacasjøen i aust til Peru i nord, og vidare til den argentinske semiørkenen i sør. Her når fleire av toppane opp til 6000 meter over havet, og tusen høgdemeter lågare ligg beiteområda til både lama og alpakka.



(Delar av El Alto med Huayna Potosi (6088 moh.) i bakgrunnen. Foto: Johanne Otilie Espe)

Fjella ser også ut til å vere det einaste som kan hindre byens vidare vekst, som i dag blir rekna for å vere den raskast vaksande, ein av dei yngste, men også den fattigaste byen i Bolivia. El Alto er for mange eit attraktivt område sidan byen ligg tett på La Paz, staden der landets regjeringssete har sin plass, og som mellom anna hyser president Evo Morales. La Paz er difor ein av Bolivias viktigaste og største byar, og legg dermed til rette for at El Alto også spelar ei viktig rolle, sidan byens plassering gjer den til eit viktig knutepunkt for transport og turisme. Svært mange menneskje reiser difor dagleg gjennom El Alto. For om lag hundre år sidan var ikkje El Alto anna enn ein togstasjon og nokre varehus, medan dagens målingar viser at ein snart kan kalle det tidlegare «ingenmannslandet» for ein millionby. Nye målingar viser at El Alto no har fleire innbyggjarar enn La Paz. Den enorme befolkningsauken skuldast mellom anna dårlege levekår på landsbygda, og menneskje frå dei kringliggande bygdene strøymar til i hundretal med eit håp om å kunne skape ei betre framtid for seg sjølve og sin familie.⁴ For mange blir det ein vanskeleg overgang, og som ein konsekvens av dette har ein sett ein auke i kriminalitet, prostitusjon og rusmisbruk.



(Fleire av bøndene på Altiplano ser seg nøyddde til å trekke mot byane i håp om å skaffe seg arbeid. For mange kan dette vere ein vanskeleg overgang. Foto: Johanne Ottilie Espe)

⁴ Crabtree & Chaplin, 2013: 56

Som ein følge av dei mange migrantane, som stort sett er tildegare bønder eller gruvearbeidarar, blir byens demografi svært kompleks. Migrantane kjem som regel frå Altiplano, og det er stort sett ulike urfolksgrupper som er busett i dette området, derav størsteparten identifiserer seg som aymara.⁵ I dag består aymarafolka av meir enn to millionar menneskje, og er samla den nest største urfolksgruppa i Bolivia, som også er det landet i Sør-Amerika med størst andel urfolk. Aymara er difor saman med spansk, quechua og guarani eit av dei fire offisielle språka i Bolivia. Det er få urfolksspråk som blir brukt av over ein million menneskjer, difor skil aymara seg ut. Dei bolivianske områda aymarafolka er busett i varierer frå dalar med tropisk klima i Yungas, til det kalde høgplatået Altiplano.

Størsteparten av aymarafolka bur i Bolivia, men deler av denne befolkningsgruppa bur også i Chile og Peru. Det er med andre ord ikkje snakk om ei befolkningsgruppe med *ein* kultur, men ei samling av fleire grupper med stor kulturell variasjon seg i mellom, men med eit felles språk og nokre felleskulturelle trekk. På El Alto råder det liten tvil om at aymarakulturar har sett sitt preg på byen, og på folkemunne blir El Alto ofte omtalt som aymarafolka sin hovudstad.⁶ Det er også aymarakulturar Misjonsalliansens utsendingar lærer mest om i forkant av dei kulturelle møta dei vil oppleve under sitt arbeid for organisasjonen. I tillegg har organisasjonen lagt vekt på å ha både tilsette og samarbeidspartnarar som snakkar aymara, spesielt viktig er dette for MAN-B sitt arbeid utanfor El Alto, sidan det ikkje er ei sjølvfølge at menneskja som bur i dei kringliggande bygdene snakkar spansk.

Gjennom det 20ande århundret har orda «criollo», «mestizo», «cholo» og «indio» vore med på å plassere menneskje i ulike kategoriar i Bolivia. Der stereotypien er at ein «indio» lev i rurale områder, medan «criollo», «meztiso» og «cholo» lev i urbane områder.⁷ Arven kolonitida førte med seg var at befolkninga i Latin Amerika mellom anna vart delt inn i desse gruppene. Under mitt feltarbeid var det omgrepa *mestizo* «mestis» og *indio* «indianar» eg fekk høyre, der mestis var namnet på den spansktalande delen av befolkninga i Latin Amerika, opphavleg brukt om blandinga av urfolk og spanjolar. I dag har dette omgrepet meir med tilknytning til ei sosial gruppe å gjere, snarare enn etnisk tilhørsle. Omgrepet «indianar» kan opplevast som undertrykkande, sidan dette var namnet som vart tildelt folkegruppene på det latinamerikanske kontinentet av Columbus og dei som følgde i fotefara hans. *Indigena* eller «Urfolk» er eit meir nøyaktig omgrep, og blir også brukt av urfolka sjølve den dag i dag. Omgrepet omhandlar etterkomarane etter folka som bebudde den vestre

⁵Canessa, 2001: 21-22

⁶ Lazar, 2008: 2

⁷ Stephenson, 1999: 2

hemisfæren før europearane kom, og som har bevart nokre av sine språklege, kulturelle og organisatoriske kjenneteikn. Difor er «urfolk» omgrepet eg vil nytte i denne samanhengen. Urfolka i Bolivia ei historie knytt til diskriminering og marginalisering. Etter revolusjonen i 1952, der den nasjonale revolusjonære rørsle MNR (Movimiento Nacional Revolucionario) sto bak, som var den hendinga som for alvor introduserte tidlegare ekskluderte grupper som urfolk, bønder, middel- og arbeidarklassen på den politiske arenaen i Bolivia. Målet var mellom anna «oppføring av urfolka sin plass i samfunnet», og måten dette skulle skje på var ved at dei tidlegare ekskluderte gruppene skulle «integrerast», «siviliserast» og «moderniserast», ved mellom anna å lære spansk og få stemmerett. Rørsle såg ikkje urfolka som ein «rase», men som ei klasse.⁸ Etter 1952 innførte myndighetene eit nasjonaliseringsprosjekt der urfolka skulle assimilerast med den spansktalande mestiskulturen. Målet var å skape ein homogen stat. Tanken var som nemnt at urfolka skulle verte «siviliserte».⁹ Av den grunn var det mange som forsøkte å skjule si etniske tilhørsle. I dag er situasjonen ein annan for urfolka, som sidan president Evo Morales (fyrste presidenten i Bolivia med urfolksbakgrunn) og partiet MAS kom til makta i 2006, har opplevd ei revolusjonerande endring av sin plass i samfunnet. Partiprogrammet til MAS har heile vegen fokusert på urfolk sine rettar. Morales har endra mykje, men framleis er der ein rådande ide om klasseskilnader, og der er ikkje urfolket øvst på rangstigen.

Som tidlegare nemnd opplev mange av menneskja som flyttar til El Alto denne overgangen som vanskeleg. El Alto har ofte blitt omtalt som ein «problembys» på grunn av dei store sosiale og økonomiske utfordringane byen står overfor. Dette har mellom anna ført til at demonstrasjonar mot myndighetene har blitt ein kvardagskost. Under feltarbeidet hende det somme tider at eg ikkje kom meg opp på El Alto på grunn av blokadar, som er det vanlegaste grepet befolkninga tek når dei vil fremje krava sine. Sidan El Alto er ei viktig transportåre for La Paz, er dette ofte noko som løner seg å gjere for befolkninga på El Alto. Ein av dei norske utsendingane opplev at dette har noko med tankegangen på El Alto å gjere:

«Hjå aymarafolka er individets val ikkje like viktig som det kollektive val. Eg ser El Alto som eit kollektivt samfunn der alle må delta.» (Mari, norsk utsending, protestant, 30-40 år)

⁸ Klein, 2001: 242

⁹ Danbolt i Tolo & Ytrehus (red.), 2011: 118

Befolkninga på El Alto er også kjende for å ta saken i egne hender om det er noko ein vil ordne opp i. Alt frå småtjuveri til kriminalitet av større grad er problem som kan ordnast opp i lokalt, utan innblanding frå politi eller anna rettsvesen. Det var på dette området mykje snakk om «kollektiv avstraffing». På grunn av korrupsjon kan ein ikkje alltid stole på at politiet vil ordne opp, og dei lokale ordnar difor somme gonger opp sjølve. Denne måten å bekjempe kriminalitet på vart legalisert av presidenten gjennom grunnlova (så lenge det vert gjort i tråd med menneskerettane som Bolivia har ratifisert), som eit ledd i arbeidet for å gi urfolket sine rettar tilbake. Kollektiv avstraffing vert ofte forstått som ein gamal urfolkstradisjon i Andes, og er i dag ein kjend tradisjon på El Alto.



(Utsikt frå taxivindauget: Dei hengte dokkene er meint som skremselspropaganda, og er å sjå over heile El Alto, men også somme stader i La Paz der det bur menneskje med urfolksbakgrunn. Dokkene signaliserer kva som ventar tjuvar eller andre som skaper vanskar for området sine innbyggjarar. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Gjennom taxivindauget, på veg ned mot La Paz, kunne eg betrakte dei tettbygde husa og folkekavet som for forbi. Bygningane på El Alto, og ned bakkane mot La Paz, gir ofte eit uferdig uttrykk, og ber ofte preg på raske løysingar. Stort sett er husa i dette området bygd av murstein og/eller adobe (soltørka leire). Klimaet er tørt og vindfullt, med lite vegetasjon, og gatene er fulle av forblåst sand. Det kalde klimaet på Altiplano er til tider ei stor utfordring for innbyggjarane på El Alto, der temperaturen nattetids fell betrakteleg lågt, samstundes som husa dei bur i ikkje er dei best isolerte. Om vinteren har borna ferie fordi det er for kaldt innandørs på skulane til at dei kan ha undervisning. Til og med på våren eller om sumaren har ein opplevd både snøfall og hagl på El Alto, medan La Paz, som berre ligg nokre hundre meter lågare, kan nyte godt av eit mykje varmare klima. Dei mange heimlause får tak over hovudet på vinteren, men det er ikkje ei god løysning med tanke på det harde klimaet som gjennom heile året set sitt preg på Altiplano. Ein sumarsdag er det ikkje uvanleg at innbyggjarane på El Alto kan stå ved kanten av dalsøkket, der La Paz ligg, og sjå korleis sola varmar der nede, medan lufta kjenst kald på El Alto.

Sjølv om eg skulle ha feltarbeid på El Alto valde eg å bu i La Paz i Misjonsalliansens gjestehus, Casa Alianza, saman med andre europeiske volontørar og studentar. Ikkje berre fordi det var det enklaste alternativet, eller fordi det kan vere tryggare, men også med tanke på høgdeforskjellen sidan området eg skulle bu i låg 600 høgdemeter lågare, noko som kan utgjere ein betrakteleg forskjell på den fysiske forma (noko eg veit av tidlegare erfaring). Høgda var noko av det fyrste som slo meg då eg hasta ut av flyet på veg mot samlebandet for å hente bagasjen. Eg hadde nesten gløymt korleis det låge oksygeninnhaldet i lufta på 4000 meter over havet verka på kroppen, og eg var glad for å kunne reise nokre høgdemeter ned for å kvile etter den lange reisa. Misjonsalliansens utsendingar bur også i La Paz. Men eg erkjenner at eg kunne hatt eit enno betre utbytte av opphaldet ved å bu på El Alto, sidan eg på den måten ville kome nærare konteksten for mitt feltarbeid.



(Deler av Zona Sur i La Paz sett frå El Alto, med Illimani (6438 moh) i bakgrunnen. Under mitt feltarbeid budde eg i Misjonsalliansens gjestehus Casa Alianza som ligg i Obrajes i Zona Sur. Dei norske utsendingane bur i Achumani, som også ligg i Zona Sur. Achumani er eit av områda i La Paz der dei aller rikaste brukar å busetje seg, medan i Obrajes er dei fleste bebuarane deler av byens middelklasse. Den viktigaste årsaka til val av bustad for utsendingar (som ofte kjem med heile familien) og volontørane er viktigheita av å bu i eit trygt og fredeleg område, i tillegg til dei helsemessige fordelane ved på bu på ei lågare høgde. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Om nokon hadde spurt meg i kva område av La Paz eg budde i, ville det automatisk knytt meg til ei sosial klasse. Eg budde som nemnt i eit typisk middelklasseområde, der alle husa i gata var omkransa av høge murar, med ei vakt som patroljerte i gata og som stadig bles i fløyta si for å vise at han var til stade, både for å skremme potensielle tjuvar, men også for å vise oss som budde der at vi var trygge. I fattigare strøk er det dei hengte dokkene som gir ei form for tryggleik. Klasseskilje er noko som opplevest som tydeleg i Bolivia, kanskje spesielt for ein som kjem frå eit relativt egalitært samfunn som Noreg, men i følgje mine informantar, og historia som eg tidlegare har nemnd innleiingsvis, er dette noko dei aller fleste får kjenne på kroppen.

Misjonsalliansen

Misjonsalliansen omtalar seg sjølv som ein norsk frittståande og tverrkyrkjeleg organisasjon som har sin basis i Den norske kyrkja. Sidan 1901 har organisasjonen drive med misjons- og utviklingsprosjekt i Sør-Amerika, Asia og Afrika. Misjonsalliansen engasjerer seg dermed ikkje berre i Bolivia, men også i Ecuador, Brasil, Liberia, Kambodsja, Vietnam, Kina, Taiwan og på Filippinene. Misjonsalliansen er ein av dei store misjonsorganisasjonane i Noreg, saman med mellom andre Norsk Luthersk Misjonssamband og Norsk Misjonsselskap. Misjonsalliansen skil seg frå desse sidan fyrstnemnde t.d. har eit hovudfokus på teologisk opplæring og evangelisering,¹⁰ medan sistnemnde seier at dei fokuserer på evangelisering som eit av sine viktigaste mål.¹¹ Misjonsalliansen på si side seier dei tek utgangspunkt i dei kyrkjesamfunna som alt er i lokalsamfunna dei skal arbeide i. Slik omtalar organisasjonen arbeidet i Sør-Amerika, Afrika og Asia på sine nettsider:

«Misjonsalliansen er en tverrkirkelig organisasjon, som samarbeider med ulike kirkesamfunn verden over. Vi bygger ikke egne kirker og etablerer heller ikke menigheter, men inngår samarbeid med de som allerede finnes for å styrke deres evne både til å evangelisere og til å utvikle sosiale prosjekter i sine lokalsamfunn. Misjonsalliansen er opptatt av det vi kristne kan være enige om og engasjerer seg derfor ikke i offentlige debatter om teologiske eller kirkepolitiske spørsmål.»¹²

Organisasjonens hovudkontor ligg i Oslo, der størsteparten av dei tilsette arbeider. Til saman har organisasjonen i dag 40 tilsette, der 23 av desse arbeider ved hovudkontoret i Oslo, medan 17 arbeider som utsendingar fordelt på 8 av dei 9 landa Misjonsalliansen engasjerer seg i. Desse 17 er alle nordmenn, og tilsette frå dei ulike landa er difor ikkje nemnde her.

Misjonsalliansen vert driven med stønad frå den norske stat, gjennom NORAD og gåveinntekter frå ulike støttespelarar i Noreg. Bidrag frå faddrar er organisasjonens viktigaste inntektskjelde, og på organisasjonens nettside kan ein lese at at 82,6 % av inntektene går direkte til formåla sine kostnader, medan 4,6 % går til administrative kostnader, 11,6% går til innsamlingskostnader og 1,2% går til drifta av hovudkontoret i Oslo.¹³

¹⁰ www.nlm.no (1)

¹¹ www.nms.no (1)

¹² www.misjonsalliansen.no (1)

¹³ www.misjonsalliansen.no (2)

Misjonsalliansen i Bolivia: Misión Alianza de Noruega en Bolivia (MAN-B)

Om organisasjonen

Sidan 1979 har Misjonsalliansen vore utstasjonert på El Alto, og heile vegen har organisasjonen starta opp og avslutta diakonale prosjekt i samarbeid med ulike institusjonar. Den bolivianske forgreininga av Misjonsalliansen har namnet MAN-B, som står for Misión Alianza de Noruega en Bolivia. Det er forkortinga MAN-B eg vil bruke i oppgåva. Gjennom slagordet *Vivir bien!*, som er den spanske omsetjinga av eit gammalt aymaraordtak, ynskjer dei også å vise relasjonen til lokalsamfunnet. *Vivir bien* handlar om å leve eit godt liv i harmoni med omverda. Dei tilsette fortel at slagordet også er ei viktig målsetjing. Alle menneskjer har rett til å leve eit godt liv. På nettsidene sine skildrar organisasjonen arbeidet i Bolivia på denne måten:

«Vi samarbeider tett med målgruppen og med lokale myndigheter, organisasjoner og foreninger, slik at disse selv skal kunne skape en bedre fremtid for seg selv og landet de lever i. Det er målgruppen som definerer sine behov, for så å planlegge og gjennomføre prosjektene. Slik sikrer vi deres eierforhold og ansvarsfølelse til arbeidet som utføres, og vi utrunder dem til å drive dette på egenhånd. Misjonsalliansens prosjekter strekker seg fra storbyen El Alto på den bolivianske høysletta, gjennom dalstrøkene i Andesfjellene, til Caranavi i det tropiske lavlandet. Bolivia er et av Sør-Amerikas fattigste land, 15,6 prosent av menneskene som lever her, må klare seg for mindre enn en dollar daglig. Vårt arbeid retter seg hovedsakelig mot den indianske befolkningen som gjennom århundrer har blitt diskriminert av makthaverne i landet. Vi legger til rette for en integrert og bærekraftig utviklingsprosess, hvor befolkningen selv tar ansvar for å forbedre sin egen livssituasjon.»¹⁴

Misjonsalliansen skriv dette om årsaka til at dei valde å arbeide i Bolivia:

Bolivia er et av Sør-Amerikas fattigste land, 15,6 prosent av menneskene som lever her, må klare seg for mindre enn en dollar daglig. Vårt arbeid retter seg hovedsakelig mot den indianske befolkningen som gjennom århundrer har blitt diskriminert av makthaverne i landet.¹⁵

¹⁴ www.misjonsalliansen.no (3)

¹⁵ www.misjonsalliansen.no (4)

Ulike prosjektområder

MAN-B har mange ulike prosjektområder, ikkje berre på El Alto, men også i landsbygder i nærleiken. Her er organisasjonen si eiga oversikt over dei ulike prosjektområda:

Skule

MAN-B samarbeider med lokale skular og myndigheiter for å gi born og ungdomar eit godt og inspirerande læringsmiljø. Dei bygger skular og skulegardar, toalett, bibliotek og idrettshalla, så vel som å finansiere pultar, stolar og anna skulemateriell. MAN-B seier at for å heve kvaliteten på undervisninga vidareutdannar dei lærarar. Organisasjonen har også samtaler med elevane sine foreldre om viktige tema som barneoppdragelse, born sine rettar, familieliv og farar ved rusmisbruk og kriminalitet. MAN-B seier at hensikta med dette er at skuleleiinga, lærarar og foreldre skal stå saman for å gi borna ein best mogeleg oppvekst.

Helse

I arbeidet med helse samarbeider MAN-B med lokale helsestasjonar for å gi menneskje eit betre helsetilbod og førebygge sjukdomar. Dette inneber mellom anna vaksinerings av born og vaksne mot vanlege sjukdomar, oppfølging av kvinner i fruktbar alder og informasjonsspreiing om helse og hygiene. For å gjere vegen til helsesentera litt kortare har det blitt oppretta eigne grupper av frivillige kvinner, «Manzaneras», som går frå hus til hus for å undervise andre om hygiene og ernæring. MAN-B sitt bidrag er å utruste desse kvinnegruppene til dette arbeidet. Ved samarbeidsskulane til MAN-B får lærarar og elevar opplæring i tannhelse og personleg hygiene, og borna får regelmessige helse- og tannhelsekontrollar. Eigne helsekommitear har blitt oppretta for å koordinere denne opplæringa.

Vatn

I områda utafor El Alto arbeider MAN-B mellom anna for å førebygge sjukdomar og betre menneskja si helse. Dette gjer organisasjonen ved å gi folk betre tilgang til reint drikkevatn. MAN-B byggjer brønningar og rørsystem, slik at vatn vert leia frå fjella og ned til landsbyar og husstandar. MAN-B byggjer også toalett. For å hjelpe befolkninga i desse områda til å auke inntektene sine, konstruerer MAN-B vatningsanlegg for åkrar og vatnansamlingsstader for dyr. I følgje MAN-B har dette ført til at bøndene i områda Sorata, Luribay og Caranavi har auka sin produksjon med heile 300 prosent.

Fotball

Gjennom fotballprosjektet, Fotball Krysser Grenser (FKG), gir MAN-B born og ungdom på El Alto eit sunt og morosamt fritidstilbod. MAN-B meiner dette er ein motsats til den organiserte kriminaliteten og rusmisbruket som pregar byen og som det kan vere lett å verte lokka inn i. MAN-B

samarbeider med 13 fotballskular og bidreg med utstyr, opplæring av trenarar og assistentar, i tillegg til å bygge fotballbaner. Mellom anna har MAN-B bygd El Altos offisielle stadion, Cosmos 79, ei stor kunstgrasbane som ligg 4000 meter over havet. Over 2500 born og ungdomar deltek regelmessig i fotballskulane, og MAN-B satsar spesielt på å få med seg jenter. MAN-B seier at dei også nyttar treningane til å undervise om aktuelle tema, som farane ved rusmisbruk og kriminalitet, born og unge sine rettar, i tillegg til seksualitet og familieproblem.

Mikrokreditt/Mikrofinans

MAN-B har eit mikrofinansstilbod til fattige menneskje i Bolivia gjennom stiftelsen Diaconia. Diaconia har sidan oppstarten i 1991 lånt ut over 500 millionar kroner til menneskje som ikkje vert rekna for å vere kredittverdige av tradisjonelle bankar. Lån blir i hovudsak gitt til etablering eller utviding av småbedrifter eller forbetring av bolighus. Både enkeltpersonar og grupper kan søke om lån. Gjennom ordninga med gruppelån er det spesielt kvinner som for fyrste gong får tilgang til finansielle tenester. Kvinnene tek opp eit lån saman, garanterer for kvarandre og er kollektivt ansvarlege for tilbakebetalinga. Diaconia har fleire enn 50 000 lånekundar og opererer i størsteparten av landets provinsar.

Kyrkje

Misjonsalliansen samarbeider med over 60 lokale kyrkjelydar i Bolivia. MAN-B fortel at dei særleg forsøker å styrke kyrkjene sin diakonale profil og utruste dei til å drive sosiale prosjekt i sine lokalmiljø. Pastorar, kyrkjeleiarar og frivillige blir kursa og får opplæring slik at dei kan drive eit utstrakt barne- og ungdomsarbeid med søndagsskular, kor, utflukter og leirar. Over 5000 born og unge deltek fast på slike aktivitetar.

Frivillig arbeid

Det er mogeleg å arbeide som frivillig i Bolivia, mellom anna som hjelpelærer, fotballtrenar, eller som ungdomsleiar i ei av kyrkjene som MAN-B samarbeider med. Ein kan også arbeide med informasjonsarbeid og skrive om, eller lage video frå prosjekta. Dei som arbeider som frivillige hjå MAN-B bur på Casa Alianza,¹⁶der eg også budde under mitt feltarbeid.

¹⁶ www.misjonsalliansen.no (5)



(Synleggjering av organisasjonen i lokalsamfunnet: Unge, is-etande demonstrantar frå lokale barneskular med Misjonsallianse-caps og heimelaga plakatar under ein demonstrasjon for barns rettar i gatene på El Alto. Foto: Johanne Otilie Espe)

Hovudkontoret på El Alto

MAN B sitt hovudkontor på El Alto ligg i bydelen Rio Seco. Her arbeider alle som er direkte involverte i organisasjonens prosjekt på El Alto, der av berre ein av desse er ein norsk utsending. Sjølve bygget, omringa av høge murar, er lett å legge merke til sidan det står i kontrast til omgivnadane kring hovudkontoret: fleire murhus med uferdig preg, gater av jord og forblåst sand, og søppel, mykje søppel. MAN B sitt hovudkontor ser moderne ut i forhold, i tråd med typisk andinsk arkitektur som i nyare tid har blitt svært populært på El Alto, og sjølve bygget former ein «M». Å ha ein tydeleg fasade er viktig for å bli lagt merke til, og MAN B sine tilsette ynskjer at organisasjonen skal vere synleg i lokalsamfunnet, slik at organisasjonens bodskap når ut til så mange som råd. På dette hovudkontoret brukte eg mykje tid under feltarbeidet. Her hadde eg intervju med dei tilsette, var med på møter, eller så var eg der berre for å vere med ein av dei norske utsendingane på arbeid. Nokre gonger var det einaste som hende at vi åt *almuerzo* (lunsj, dagens viktigaste måltid, både ernæringsmessig og sosialt) saman med resten av dei tilsette, og om eg var heldig fekk vi servert *sopa de mani*, ei peanøttsuppe. All tida eg brukte på Rio Seco ser eg som svært verdifull for sjølve feltarbeidet og kjennskapen eg fekk til dei tilsette og organisasjonen.

Dei tilsette

I dag har MAN-B til saman om lag 70 tilsette, i tillegg til frivillige som er med på nokre av prosjekta. Nedanfor viser eg til to sitat som seier noko om kva slags refleksjonar to av organisasjonens tidlegare tilsette har gjort seg om arbeidet i Bolivia:

«Som en kristen organisasjon, med diakonien og nestekjærligheten som drivkraft, ønsker Misjonsalliansen i Bolivia å gi mennesker mer enn ord.»¹⁷

«Som Jesu etterfølgere og tjenere i Guds rike arbeider vi for forandring. Forandring av mennesker og forandring av samfunnsrealiteter. [...] Vi tror fullt og fast at en sann og grunnleggende forandring vil finne sted når personer blir kjent med Guds kjærlighet og kjærlighetens Gud.»¹⁸

Begge sitata er henta frå Misjonsalliansens informasjonshefte *Meir enn ord* som vart laga i 2008 i samband med eit jubileum for organisasjonens arbeid i Bolivia, og viser henholdsvis ein av dei norske og ein av dei bolivianske tilsette sine tankar rundt arbeidet i Bolivia, og dermed også organisasjonens tydelege kristne profil. Noko eg la merke til under feltarbeidet, som også viser seg i

¹⁷ Sørheim i Andersen, Mangrud & Sørheim (red.), 2008: 5

¹⁸ Montenero i Andresen, Mangrud & Sørheim (red.), 2008: 4

desse sitata, var at dei bolivianske tilsette hjå organisasjonen ofte kunne snakke om organisasjonens arbeid som evangelisering, medan dei norske utsendingane uttrykte at det ikkje var evangelisering dei heldt på med, men at dei likevel ville fortelje menneskje om Gud. Å fortelje menneskje om Gud skulle gjerast gjennom *handling*, ikkje ord. «Det handlar ikkje om veldedighet, men om rettferd», fortalde den norske utsendingen som arbeider på El Alto.

Dei norske utsendingane sine roller

I dag har MAN-B om lag 70 tilsette, derav fem av desse er norske utsendingar. Utsendingane som heile vegen har reist til Bolivia, med opphald på 2-5 år, og dei blir framleis sett som ein viktig del av MAN B sjølv om deira rolle har endra seg noko sidan oppstartinga, med tanke på ideen om at nordmennene skal kunne trekke seg meir og meir ut av MAN B. Utsendingane si rolle er at dei er på utlån frå Noreg for å vere rådgivarar for sine bolivianske kollegaer og for å kunne formidle informasjon vidare til Noreg. Under mitt opphald i Bolivia hausten 2014 hadde MAN B fem norske utsendingar. Ein av desse hadde ansvar for å følgje opp volontørar, studentar og grupper som kom på besøk, og arbeidde difor stort sett på Casa Alianza, Misjonsalliansens gjestehus i Bolivia. Ein annan arbeidde på diakonikontoret og hadde ansvar for at organisasjonen klarte å ha eit diakonalt fokus i arbeidet, i tillegg å vere rådgivar for direktøren og satt i leiargruppa til MAN-B. Vedkomande hadde også ha ansvar for BUMAN-studentane (som mellom anna får støtte økonomisk støtte av MAN-B for å kunne studere). Ein tredje var rådgivar på prosjektkontoret. Ein fjerde var rådgivar på prosjektkontoret på El Alto. Den femte hadde ansvar for kommunikasjon og skreiv mellom anna artiklar på bloggen, og Misjonsalliansens magasin *Tjili*, i tillegg til å vere fadderansvarleg.

Kvifor El Alto?

Årsaka til at Misjonsalliansen valde nettopp denne byen, var det store behovet for hjelp. Myndigheitene har ikkje klart å halde tritt med den enorme befolkningsauken, og mellom anna både utdannings- og helsetilbod er framleis mangelfulle. El Alto blir ofte omtalt som ein av Bolivias fattigaste byar.



(Che Guevara står foreviga sentralt i ein liten park på La Ceja. I dag er Che Guevara ein av dei store heltane, og idealet om å fjerne økonomiske ulikskapar og sosial rettferd lev vidare i Bolivia, og gjer at Che Guevara er ein stor inspirasjon for menneskje på El Alto som kjempar for endring i samfunnet. Foto: Johanne Ottilie Espe.)

Metode: Korleis eg går fram i arbeidet med forskingsspørsmålet

«Ein søker etter å forstå sine informantar ut ifrå deira eigne premissar og å bringe deira budskap fram i det forskingsprosjektet som blir sluttresultatet.»¹⁹

I dette kapitlet vil eg gå nærmare inn på korleis eg har gått fram for å samle data under mitt feltarbeid. Å klargjere dette er viktig for at studiet skal vere truverdig og påliteleg. Truverd er knytt til undersøkinga si data, kvaslags data som vert nytta, og korleis dei vert bearbeidde.²⁰I tillegg til å vise kva slags metodar eg har vald å bruke, vil eg også sjå nærmare på korleis ein nyttar metode for å frambringe kunnskap, og korleis den kunnskapen kan gjerast truverdig og påliteleg.

Val av metode

«Forskere i kultur og samfunnsfagene får bare tilgang til dem som utforskes gjennom kommunikasjon, som ved intervju og dokumentanalyse. For å beskrive og analysere dem som utforskes, må dermed kultur- og samfunnsvitere ha tilgang til personenes språk og deres tradisjoner. Her går det et vesentlig vitenskapsteoretisk skille mellom disse fagområdene og naturfagene, hvor man ikke har anledning til å kommunisere med sine undersøkelsesobjekter.»²¹

Under opphaldet i Bolivia var målet å få med meg så mykje som råd i løpet av dei tre månadane eg hadde til disposisjon. Eg ville vere med ut i felten for å observere kva som vart gjort i samband med HIV/Aids-prosjektet, i tillegg til å intervju dei involverte partane. Av den grunn la eg vekt på å nytte observasjon og intervju som mine viktigaste metodar. Både observasjon og intervju er deler av kvalitativ metodetilnærming, og handlar om at ein søker etter å forstå sosiale fenomen ved å samle inn fylldige data om situasjonar og personar. Intervju er spesielt eigna til å gi informasjon om menneskjer sine tankar og opplevingar, medan observasjon er spesielt eigna til å gi informasjon om menneskjer si åtferd og korleis dei samhandlar med kvarandre, og dermed kan observasjon og intervju til saman gi ei betre forståing av sosiale relasjonar.

Når eg har nemnt dette, vil eg også legge til at det ikkje kjenest heilt fullstendig å berre nemne observasjon og intervju som metode, og ikkje legge noko vekt på det faktum at eg også budde i landet medan eg hadde feltarbeid, sidan eg trur det i stor grad vil vere med på å forme oppgåva. Kanskje ein kan påstå at tida (og all ventetida ikkje minst) mellom planlagde observasjonar og intervju kan vere vel så viktig, sidan ein heile vegen vil verte betre kjend med konteksten ein arbeider i, som igjen kan legge til grunn for å få eit litt breiare perspektiv på det ein arbeider med.

¹⁹ Ingstad, 2007: 30

²⁰ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 46

²¹ De nasjonale forskningsetiske komiteer, 2006: 9

Tankar rundt samfunnsforskning og metode: I kva grad kan vi eigentleg seie noko om røynda?

Samfunnsvitskapens utgangspunkt er røynda, nærmare bestemt den røynda menneskje opplev i kvardagen, og den røynda er kompleks.²²Ein kan ikkje registrere alt som skjer, og forskning vil difor ikkje kunne gi meir enn eit *innblikk* i feltet ein har studert. Ut i frå dette kan ein argumentere for at forskarens avgrensing for sjølve feltet han eller ho ynskjer å forske på, er viktig for at det innblikket han eller ho kan gi, vil gjere at sluttresultatet vil kunne vere så nær røynda som mogeleg. Data ein samlar inn er avhengig av kvar fokus vert sett for at sluttresultatet skal kunne gi eit mest mogeleg heilskapleg innblikk i røynda. Forskaren må slik vere bevisst på at han eller ho er ein selektiv utveljande aktør, og at data som nyttast skjeldan er nøytrale.²³ I mitt tilfelle vil også tidsperspektivet ha noko å seie for den røynda eg gir eit innblikk i, sidan tre månadar er ikkje så mykje når ein skal gå i djupna på eit forskingsspørsmål.

«Filosofen David Hume beskrev det å oppfatte at et fenomen opptrer som følge av et annet fenomen, som en grunnleggende menneskelig tilbøyelighet.»²⁴

Med dette meinte Hume at det vi menneske gjer kvar einaste dag har klare likskapstrekk med vitskapen, vi er alle teoretikarar, på den måten at alle går rundt med ei mengde teoriar om korleis røynda ser ut, og at det er denne kunnskapen vi nyttar for å orientere oss og for å handle i kvardagen.²⁵Problemet med slike kvardagsgeneraliseringar er at vi ofte kan trekke raske slutningar. I kvardagen er mykje av det vi «veit», noko vi *trur*.²⁶Kvardagsteoriar kan vere riktige, men problemet er at vi ikkje sikkert kan avgjere sanningsgehalten.²⁷Korleis er det då med vitskapen? Kan vi få ei objektiv forståing av det som skjer, eller er all kunnskap, også vitskapleg kunnskap, gjenstand for fortolkingar, og at det slik finst ulike forståingar og oppfatningar av røynda?²⁸Samfunnsvitskapeleg metode handlar om korleis vi kan gå fram for å undersøke om våre funn er i samsvar med røynda eller ikkje.²⁹Å vere så objektiv som råd er målet når ein er forskar, og objektivitet er eit grunnleggande trekk ved forskning,³⁰men kan forskaren til ei kvar tid vere heilt objektiv? Religionshistorikaren Martin Craig seier at ein forskar alltid bør stille seg kritisk til det han forskar

²² Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 41

²³ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 45

²⁴ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 30

²⁵ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 30

²⁶ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 31

²⁷ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 47

²⁸ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 32

²⁹ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 33

³⁰ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 34

på, til dømes både sin eigen og andre sine kulturar. På den måten kan ein oppdage noko som ein elles ville oversett.³¹

«En forsker må forholde seg kritisk, konfrontere sine egne oppfatninger med data og gi slipp på egne oppfatninger dersom forskningsresultatene viser noe annet.»³²

Forskaren Tranøy snakkar om *sanning* som ei vitskapeleg norm. Det betyr ikkje at forskarar finn sanninga, men at dei søker etter å oppnå det best mogelege resultatet for å kunne trekke sine konklusjonar,³³ ved hjelp av samfunnsvitskapeleg metode. Kunnskap om metode vil gjere det lettare å forstå korleis forskinga vart gjennomført, i tillegg gjer denne kunnskapen det enklare å kunne forholde seg kritisk til forskingsresultat.³⁴ For at lesaren skal kunne forstå korleis forskinga vart gjennomført er det også viktig at forskaren er tydeleg på si eiga rolle, og sin eigen bakgrunn, sidan dette vil vere med på å prege framstillinga av forskinga. Det er viktig at lesaren veit *kven* som snakkar. Dette gjeld også i samband med menneskja som samfunnsforskaren må forholde seg til i arbeidet med forskings spørsmålet: menneskje med ei mengde av meiningar og oppfatningar.³⁵ Det er nettopp det som skil seg frå naturvitskapen, at ein må forholde seg til menneskje med ei mengde av meiningar og oppfatningar, medan ein i naturvitskapen ikkje kan gjere anna enn å trekke konklusjonar ut ifrå observasjonar. Ein samfunnsforskar er også på den måten ein deltakar i røynda han eller ho studerer,³⁶ og ikkje tilskodar slik som ein naturforskar vil vere. Slik som ein forskar må vere tydeleg på si eiga rolle og sin eigen bakgrunn, er det også viktig at forskaren heile vegen får fram *kven* informanten som snakkar er, og *kven informantane snakkar til*, og *kva slags interesser* informantane kan ha som kan ligge til grunn.³⁷

Å sei noko om røynda menneskje opplever er eit komplekst felt. Eg vil igjen legge vekt på at det eg presenterer i mi oppgåve ikkje vil vere meir enn eit *innblikk* i kultur møta som opplevst og vert erfart gjennom HIV/Aids-prosjektet på El Alto.

³¹ Craig, 2012: 11

³² Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 34

³³ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 34

³⁴ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 34

³⁵ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 35

³⁶ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 35

³⁷ Craig, 2012: 10

Gangen i feltarbeidet

Etter nokre dagar med høgdetilvenning var det på tide å gjere seg betre kjend med organisasjonen. Sjølv om eg hadde fått løyve frå den norske delen av Misjonsalliansen, var det viktig at dei bolivianske tilsette også skulle gi løyve i tillegg til å bli betre kjende med meg og prosjektet mitt. Ein av dei norske utsendingane følgde meg difor både til hovudkontoret i La Paz og hovudkontoret på El Alto, der eg fekk helse på og gjere meg betre kjent med dei tilsette.

Undervegs i feltarbeidet var eg med på det eg kunne av hendingar i forbindelse med HIV/Aids-prosjektet, der eg undervegs også avtalte intervju med tilsette og frivillige. I tillegg til desse dagane med avtaler, hadde eg også fleire dagar utan nokon spesiell plan; som regel tok eg følgje med ein av dei norske utsendingane opp til El Alto, og vart då med på det som skulle hende den dagen. Ofte var det ikkje noko som hende i samband med HIV/Aids-prosjektet, og eg var difor ofte med organisasjonen på andre deler av arbeidet, i tillegg til at eg gjorde meg betre kjend med dei tilsette og måten dei arbeidde på. Fleire dagar kunne vere slik. På den måten vart eg kanskje enno betre kjent med korleis dei norske utsendingane arbeider, sidan dei ikkje lenger har så mykje med HIV/Aids-prosjektet å gjere, men dette gjorde også at eg ikkje fekk like mykje innsikt i HIV/Aids-prosjektet som eg i utgangspunktet hadde håpa på.

Mykje av feltarbeidet vart ikkje slik eg hadde planlagt på førehand. I utgangspunktet hadde eg tenkt å vere med på å arbeide som frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet slik at eg kunne gjere meg betre kjend med organisasjonen innanfrå, på ein annan måte enn om eg berre var med for å observere. Eg merka raskt at dette ikkje kom til å gå, sidan det ikkje lenger var så mykje som hende i samband med prosjektet, og dei tilsette meinte i tillegg at det ville vere betre om eg berre vart med for å observere, og eventuelt ha nokre intervju undervegs. Årsaka til det var at prosjektet var i ferd med å avviklast, og at eg ville ha betre utbytte om eg var meir fleksibel. Sidan om eg ikkje var bunden til ein spesiell del av prosjektet, kunne eg vere friare og få med meg meir av alt.

Under opphaldet i Bolivia brukte eg også ein del tid på ISEAT (Instituto Superior Ecuánico Andino de Teología), der eg var med på nokre førelesningar i andinsk filosofi, i tillegg til at eg lånte bøker på biblioteket der for å lære meir om konteksten eg skulle arbeide i. ISEAT er eit katolsk institutt i

sentrum av La Paz der det blir undervist i tema som utvikling, kultur og religion, og det var der eg tok eit delstudium via bachelorgraden som eg nemnde innleiingsvis.

Sidan eg ikkje budde på El Alto, fekk eg ikkje eit like nært forhold til feltet som eg kunne hatt om eg hadde budd der, men nokre gonger kan det vere lurt med eit avbrekk. Ofte kan avstand frå feltarbeidet gi den naudsynte pausen til å igjen å få nærleik til feltet,³⁸ slik at ein i mellomtida får tid til refleksjon. For meg var dette viktig, men ikkje berre fordi det kan vere bra med eit avbrekk frå feltarbeidet for å få tid til refleksjon, også høgda spelte inn her: både høgda og den varmande sola på 4000 meter over havet gjorde sitt til at eg som regel kjende meg heilt utslitt etter ein dag med feltarbeid på El Alto, og det er sjeldan eg har hatt eit så godt sovehjarte som eg hadde under opphaldet i Bolivia.



(Eit slikt ansiktsuttrykk hadde eg ofte etter ein dag med feltarbeid på 4000 moh.: biletet viser ein søvnig, liten unge i ein *awayu*- eit tradisjonelt vevteppe som mellom anna vert nytta når ein skal bere små barn. Foto: Johanne Ottilie Espe)

³⁸ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 121

Observasjon

Under mine observasjonar var HIV/Aids-prosjektets tilsette alltid fullstendig klar over at dei vart observert, dei var også klare over kva som var mi hensikt med desse observasjonar, sidan eg tidlegare hadde forklart mitt formål med studiet. Norma er at ein må tilstrebe mest mogeleg fullstendig informasjon i forkant, slik at dei som vert observerte veit kva som hender. I nokre tilfelle kan slik informasjon påverke korleis menneskje opptrer i den gitte situasjonen.³⁹

Informantar

Størsteparten av mine informantar var tilsette, tidlegare tilsette og frivillige med tilknytning til organisasjonens HIV/Aids-prosjekt. Dette var eit val eg tok fordi eg ville avgrense oppgåva, og dermed såg eg det som fordelaktig å konsentrere meg om eit av organisasjonens prosjekt, slik at informantane i større eller mindre grad hadde noko med kvarandre å gjere, og at eg på den måten kunne få eit meir heilskapleg inntrykk av kulturmøta som vart skapt gjennom prosjektet. Eg valde likevel å intervju tre andre som sto utanfor prosjektet, sidan eg meinte desse kunne lære meg meir om konteksten eg arbeidde i, frå ulike perspektiv. To av dei arbeidde som professorar ved ulike universitet. Den eine var sosialantropolog Alison Spredning som arbeider som professor ved UMSA universitetet i La Paz, og den andre var ein psykolog som arbeider som professor ved Universidad Catolica i La Paz. Sistnemnde hadde ved tidlegare høve vore med på å evaluere MAN B sine prosjekt, og hadde difor litt med organisasjonen å gjere. Den siste eksterne informanten var ein lege i tradisjonell medisin med aymarabakgrunn som eg tilfeldigvis møtte på minibussen. Dei norske utsendingane var viktige dørøpnarar for min informasjon i byrjinga, medan seinare i feltarbeidet var det stort sett tilsette, i hovudsak sjefen hjå HIV/Aids-prosjektet som hadde denne rolla. Mange av informantane eg vart satt i kontakt med var også noko tilfeldig, sidan den eine informanten ofte foreslo den neste, og så vidare. Sidan alle informantane var tilsette og frivillige med tilknytning til HIV/Aids-prosjektet var det også avgrensa kor tilfeldig seleksjonen kunne vere. Alle informantane eg refererer til i oppgåva har fått fiktive namn.

Intervjusituasjon, språk, tolk, bandopptakar, transkribering

Før kvart intervju presenterte eg meg sjølv og formålet med oppgåva. Vi hadde som regel avtalt ein fast møtestad, som t.d. Centro del Salud på El Alto eller eit av MAN B sine hovudkontor. Alle intervju føregjekk på spansk. Eg opplevde at informantane var positive til meg og oppgåva mi, og at dei ofte ga beskjed om at eg gjerne måtte kontakte dei igjen om det skulle vere noko meir. Den største

³⁹ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005. 125

utfordringa var at informantane ikkje alltid møtte opp til avtalt tid, men eg brukte å ta dette i betraktning dersom eg hadde fleire avtaler på ein dag, så sjølv vart eg heldigvis ikkje forseinka til intervju mine. Under kvart intervju hadde eg med ein intervjuguide, men eg lot som regel informantane snakke fritt, og brukte berre intervjuguiden dersom vi ikkje hadde vore innom alt eg var ute etter å lære meir om- tanken bak dette var at om eg hadde kun hadde nytta meg av intervjuguide, og ikkje latt informanten snakke like fritt, var at det slik kanskje kunne opnast for nye tema som kunne vere med på å belyse problemstillinga, som eg på førehand sjølv ikkje hadde tenkt over.

Gjennom språk kjem vi i kontakt med andre, og utan språk vil få mindre tilgang til informantane si opplevde verd. Heile vegen var språket ei utfordring. Sidan eg hadde budd i Bolivia tidlegare kunne eg alt litt spansk, men spesielt i byrjinga var eg avhengig av tolk under intervju. Tolken var ein gamal ven, som arbeider som spansklærer for volontørar og studentar på Misjonsalliansens gjestehus, Casa Alianza. Han kjende ingen av informantane frå før.

Heldigvis kom eg raskt i gang med spanskundervisning, og etter om lag to veker følte eg meg meir sikker på språket, og eg byrja difor å reise ut for å ha intervju på eiga hand. For meg var det betre å reise ut åleine sidan eg då følte eg fekk betre kontakt med informantane, og kanskje også betre utbytte av intervju sidan eg opplevde situasjonen som meir avslappa for begge partar.

Informantane er tilsette og frivillige med tilknytning til HIV/Aids-prosjektet, i tillegg til dei tre eksterne informantane. Møtet med informantane var fyrst og fremst eit møte med enkeltmenneskjer, og ikkje møter med ein bestemt kultur.

Under intervju nytta eg bandopptakar, etter løyve frå informantane. Eg opplevde dette som ei stor hjelp, sidan eg både kunne konsentrere meg meir om informanten undervegs i intervjuet, i tillegg til at eg sat at med mykje meir data etter kvart intervju enn eg ville gjort utan bandopptakar. I tillegg til bandopptakar skreiv eg notatar (tankar og opplevingar) undervegs og etter intervjuet, slik at eg også hadde data på sjølve intervjusituasjonen når eg var ferdig.

Ei boliviansk venninne og ein boliviansk student hjelpte meg med å transkribere intervju mine, mot betaling. På denne måten kunne eg vere sikker på at det som kom ned på papiret verkeleg var det som vart sagt under intervjuet. Sjølv forstod eg jo det meste som vart sagt, men ikkje ordrett, og eg såg det

difor aldri som eit alternativ å transkribere intervjua sjølv. For å vere sikker på at transkriberinga vart gjennomført på ein god måte, lytta eg i ettertid til intervjua medan eg las over transkriberingane til dei enkelte intervju.

Handsaming av data

Denne prosessen byrja for fullt då eg var tilbake i Noreg etter feltarbeidet, men var også noko eg arbeidde med undervegs i feltarbeidet. Målet med dataanalysen er som kjent å gi eit innblikk i kulturmøter som vert skapt gjennom Misjonsalliansens HIV/Aids-prosjekt, og korleis dei involverte partane opplevde desse. Ved hjelp av innsamla data frå observasjonar og intervju har eg tolka og samanfatta desse. Eit viktig ledd i prosessen med handsaminga av data var at eg måtte omsetje ein del tekst frå spansk til norsk, noko som var meir tidkrevjande enn eg hadde førestilt meg. Nokre gonger har eg følt at innsamla data ikkje var tilstrekkeleg for å forklare spesielle fenomen, og eg har difor også nytta litteratur for å belyse enkelte fenomen på ein betre måte. Litteratur har også vore med på å gi meg ei betre forståing av mine egne innsamla data.



(På veg til El Alto med minibuss, det billigaste alternativet for kollektivtrafikk. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Kjelder

I empirisk forskning går teoretisk referanseramme og skapinga av data/empiri hand i hand. Teoriar som ikkje er empirisk underbygd, kan lett bli spekulasjon, medan empiriske undersøkingar utan forankring i ei teoretisk referanseramme lett kan bli isolerte beskrivingar av enkeltfenomen som har avgrensa verdi og ikkje gir ny innsikt for å forstå samfunnsmessige fenomen. I samfunnsvitskapeleg forskning er det difor eit mål om å integrere empiri og teori,⁴⁰ men at forholdet mellom desse vil vere gitt ut ifrå forskinga sitt formål. I mi oppgåve vil eg legge mest vekt på empiri.

Empiri

Min eigen empiri frå feltarbeidet blir det viktigaste grunnlaget for oppgåva. For at ein skal kunne kalle det empiri, er det viktig at det har sitt grunnlag i erfaring, ikkje synsing.⁴¹ Det er viktig at min eigen empiri er truverdig, og at den skal kunne bekreftast. Dette vil eg gjere ved å gjere greie for korleis eg har samla inn data, og undervegs i oppgåva vil eg vere klar på kva som er informantane sine utsegn, og når det er eg sjølv som har tolka datamaterialet. Data er altså ikkje «sanninga sjølv», men det eg som student observerer, og korleis eg vektlegg desse observasjonane vil vere påverka av min eigen forståingshorisont, som vil vere basert på mine egne kunnskapar og erfaringar.⁴² Som forskar vil ein alltid ha med ein bagasje når ein fortolkar og trekk konklusjonar- det blir difor viktig at eg sjølv kan vere kritisk til egne tolkingar. Innleving og fortolking er ein viktig del av forskingsprosessen, men då er det altså viktig å vere klar over at utfallet av tolkinga kan vere forskjellig frå person til person, og det er viktig at ein er klar og tydeleg i sin argumentasjon.⁴³ Når innsamla data er klart, må dei analyserast og tolkast. Under arbeidet med tolking av data er det viktig å vere klar over at det ein studerer kan relaterast til menneskjers røyndom, og at røynda er kompleks.⁴⁴

Då eg var på veg heim, hadde eg ei kjensle av at eg ikkje hadde fått samla nok data, og at eg burde hatt meir tid. Undervegs i feltarbeidet lærte eg heile vegen noko nytt, og oppdaga stadig vekk nye aspekt ved temaet mitt som eg ville sjå nærmare på, men som eg ikkje fekk tid til. Det var difor ikkje ei god kjensle eg sat inne med på flyet vekk frå El Alto. Vel heime på høgskulebiblioteket oppdaga eg likevel at ved å lese over observasjonsnotat og transkriberingar, så kunne eg oppdage ting som eg

⁴⁰ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 52

⁴¹ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 42

⁴² Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 42

⁴³ De nasjonale forskningsetiske komiteer, 2006: 8

⁴⁴ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 41

ikkje hadde tenkt over medan eg var midt opp i sjølve feltarbeidet. Samstundes var det også mange spørsmål som dukka opp etter at eg forlèt Bolivia.

Litteratur og andre kjelder

Utover feltarbeidet har eg også basert meg på informasjon frå litteratur og andre kjelder som grovt kan fordelast i tre ulike kategoriar: Bolivia, norsk misjon og kulturforståing. Eg meiner dette til saman kan vere med på å belyse oppgåva på ein meir heilskapleg måte. Sosialantropologen Andrew Canessa er ein av mine mest sentrale kjelder når det kjem til landkunnskap, og då spesielt aymarafolka, sidan han har aymarafolka og Bolivia som nokre av sine viktigaste forskingsområder. Når det gjeld norsk misjon fann eg ikkje noko litteratur av andre enn misjonærar sjølve, og eg har i den samanheng lese artiklar av Atle Jøssang, Arne Tolo og Live Danbolt Drange, både for å få innsikt i misjonshistorie, i tillegg til tankar rundt misjon og misjonssamarbeid, der eg mellom anna har lese litteratur av den norske sosialantropologen Marianne Gullestad. Eg brukar også Misjonsalliansens egne publikasjonar, i tillegg til blogginnlegg og annan informasjon organisasjonen har publisert på sine nettsider.

Mitt forskningsetiske ansvar

Spørsmål rundt etikk vert aktualisert spesielt i samfunnsforskning, fordi denne direkte rører ved enkeltmenneske og forhold mellom menneske.⁴⁵Fyrst og fremst spurde eg informantane om dei kunne tenke seg å la seg intervjuje, gjennom å forklare kva intervjuet skulle gå ut på i tillegg til å informere om at intervjuet skulle anonymiserast i oppgåva. Av etiske årsaker har eg valt å ikkje intervjuje menneskje med diagnosen hiv/aids, sidan eg ser desse som spesielt sårbare. Eg har også valt å anonymisere alle informantane mine, til tross for at fleire av desse offentleg står fram med sine synspunkt. Eit anna grep eg har gjort er å alltid informere informantar om kva intervjuet skal handle om, og gjere det klart at dei sjølve kan velje å avslutte intervjuet eller velje å ikkje svare på spørsmål dersom noko vert opplevt som ubehageleg. Eg har også gjort mitt beste for at menneskja som var tilstade under mine observasjonar var klare over at dei vart observerte. Observasjonar føregjekk som regel i undervisningstimar eller møter, og mi rolle vart difor presentert, enten av meg sjølv eller den som var ansvarleg for undervisninga/møtet, før det skulle byrje, slik at alle med ein gong visste kvifor eg var der. I samband med mitt forskningsetiske ansvar har eg også lese *De nasjonale forskningsetiske kommiteer* sine forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teologi, og sørga for at desse er følgt i denne oppgåva.

⁴⁵ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 91



(Ein typisk ettermiddag ved utkanten av El Alto, med Huayna Potosi i bakgrunnen. Dei rolege gatene vitnar om at bydelens innbyggjarar framleis er ute i arbeid i El Altos meir sentrale strøk. Foto: Johanne Otilie Espe)

Analyseramme: Definisjon av sentrale omgrep

I forskning er det viktig å finne dei omgrepa som best mogeleg uttrykker det meiningsinnhaldet ein ynskjer å undersøke, i tillegg til å forklare kvifor desse omgrepa kan vere nyttige. Det blir då ofte naudsynt å gjere språklege presiseringar for å gjere greie for korleis ein forstår omgrepa ein har vald å nytte.⁴⁶ Mi forståing av desse omgrepa vil utgjere sjølvje analyseramma for mitt feltarbeid, sidan dette gir meg mitt grunnleggande teoretiske perspektiv og analytiske grep. I dette delkapittelet vil eg gjere greie for korleis eg forstår omgrepa kultur, kulturmøte, religion og misjon. Fyrst vil eg sjå nærmare på forholdet mellom kultur og religion.

⁴⁶ Johannesen, Tufte & Kristoffersen, 2005: 51

Forholdet mellom kultur og religion

Det finst ingen eintydig måte å forstå kultur og religion på. Begge omgrepa er flytande i den forstand at dei vert brukt på mangfaldige måtar, og er heile tida i endring. Altså er forholdet mellom kultur og religion tidvis svært innfløkt, og dei glir ofte over i kvarandre. Likevel er begge i fleire samanhengar nyttige omgrep som kan vere til hjelp når ein søkjer å forstå spesielle fenomen. Å undersøke forhold mellom det ein som forskar vel å sjå som religion og kultur kan vere aktuelt, også i samfunn der menneskja som lever i det knapt skil mellom kva som er religion og kva som er kultur.⁴⁷ Det å avdekke underliggende mønster er vanskeleg. Det er difor naudsynt å ha kunnskap om den aktuelle konteksten for å kunne avdekke strukturar, meiningar og verdiar i dei handlingane ein er vitne til.⁴⁸

Kultur

Ordet *kultur* byggjer på dei latinske substantiva *cultura* og *cultus*, som henholdsvis tyder dyrking av jorda og dyrking av gudane. Kultur har altså med menneskeleg aktivitet å gjere, i motsetning til natur. Kultur kan definerast som den ballasten av normer, verdiar og erfaringar som vi tek med oss gjennom livet. Dermed kan ein seie at ingen deler ein felles kultur, men at ein kan dele felleskulturelle trekk, og at ikkje finst ein enkel måte å forstå kultur på. Folk har meiningar og kunnskapar som ikkje kan gjerast greie for kultur aleine. Samstundes kan ein ikkje vite om noko er kultur før ein møter andre med ein annan kultur.

Antropologen Clifford Geertz seier at menneskjer tilskriv all menneskeleg aktivitet meining, og det er mønsteret av meining, som dannast og vert skapt på ny ved at menneskjer kommuniserer med kvarandre, som vi kallar kultur.⁴⁹ Kultur er altså ikkje noko statisk, men i stadig endring, og difor dynamisk. Det er ikkje berre menneskje frå ulike delar av verda som kan oppleve kulturforskjellar, også ein bestefar og sitt barnebarn vil kunne oppleve stor kulturell ulikskap. Kultur kan slik, generelt sett, sjåast som summen av alt det vi har lært og opplevd i løpet av eit levd liv, og vil slik vere prega av både tid og rom.

At kultur er noko ein lærer, betyr ikkje nødvendigvis at ein som individ vel å følge dei retningslinjene kulturen legg vekt på. Kultur kan både sjåast som det som integrerer eit individ i det kulturelle fellesskapet, og det som motiverer individet til å overskride fellesskapet.⁵⁰ Likevel kan begge partar kjenne seg knytt til den same kulturelle identiteten, men dei kan ha ulike tankar rundt korleis denne kulturen, og eventuelt den religiøse praksisen, bør utvikle seg vidare. Og det er nettopp identitet som

⁴⁷ Bringeland i Brunvoll m.fl., 2009: 9

⁴⁸ Gilhus & Mikaelsson, 2001: 124

⁴⁹ Dahl, 2008: 55-57

⁵⁰ Krogseth i Brunvoll m.fl., 2009: 33

er viktig for mennesket i forhold til kultur, fordi kulturen er noko ein identifiserer seg med og pregar korleis ein opplever seg sjølv og verda rundt seg.

Religion

«The word “religion” is much more like “sea creatures” than “fish” - a lot of different things are grouped together under the word religion- and that prevents us from making any substantial generalizations.»⁵¹

Slik som kulturomgrepet er også religionsomgrepet ofte ein forskarskapt konstruksjon.⁵² Å definere religion er komplisert, mellom anna fordi ein har så ulike standpunkt for å forstå religion.

Religionshistorikaren Martin Craig meiner at vi ikkje kan formulere ein allmenn definisjon som passer til den høgst varierende daglegdagse bruken av ordet. Spørsmålet om kva religion er, handlar eigentleg mest om kva religion er for *kven*.⁵³ Eksempelvis vil ein ateist, ein agnostikar, ein aymara eller ein kristen gjerne forstå religion på svært ulike måtar. Forskaren kan til dømes også ha si eiga forståing av religion som ikkje treng samsvare med informantane sine forståingar. I følgje sosiologen Emile Durkheim er også det sosiale aspektet ved religion er sentralt, og han seier i sitt kjende verk *The Elementary Forms of Religious Life* at religion nettopp er noko sosialt. Religiøse representasjonar er kollektive representasjonar som gir uttrykk for kollektive realitetar.⁵⁴ Teologen Otto Krogseth seier at religion er integrert og innfelt i kultur. Religion lar seg ikkje utvinne i reinkultur som ein essensiell storleik, den finst bere nedfelt i kulturelt prega forteljingar og symbolsystem.⁵⁵ Til tross for at religionsomgrepet i stor grad overlappar kulturomgrepet, kan det ofte vere tenleg å setje religion i ein eigen kategori, sidan denne kan vise til vesentlege og typiske livsovringer som lett kan usynleggjerast innanfor det komplekse kulturomgrepet.⁵⁶

I denne oppgåva er det først og fremst referansar til kristendom og somme aymaratradisjonar eg ser på som religion, altså læresetningar eller praksisar som informantane mine på ulike måtar forbind med anten eigen eller andre sin religion. Ulike emiske perspektiv får slik brytast mot kvarandre. Skilnadane som dermed trer fram, gjennom mi framstilling og sidestilling, utgjer det analytiske grepet.

⁵¹ Craig, 2012: 5

⁵² Krogseth i Brunvoll m.fl., 2009: 37

⁵³ Gilhus i Brunvoll m.fl., 2009: 28

⁵⁴ Craig, 2012: 93

⁵⁵ Krogseth i Brunvoll m.fl., 2009: 37

⁵⁶ Bringeland i Brunvoll m.fl., 2009: 106

Verbal- og nonverbal kommunikasjon

Kultur og religion er noko vi kommuniserer, både verbalt og nonverbalt. Det er gjennom kommunikasjon at kulturmøte vert skapt, og det er nettopp kommunikasjonen som kan vere grunnlaget for utfordringar som kan oppstå.

Å forstå nonverbal kommunikasjon tek tid, og om ein ikkje sjølv har vakse opp i den gitte konteksten, er dette kanskje noko ein aldri ville kunne oppnå. Det handlar ikkje berre om å lære språket, men å forstå normer, verdiar, alt det som ligg til grunn for det vi seier og gjer. Antropologen Edward T. Hall skriv i si bok *The Silent Language* frå 1959 at den velkjende romanfiguren Sherlock Holmes i sir Arthur Conan Doyle sine kjende detektivbøker er så fascinerande nettopp fordi han er så god på å forstå nonverbal kommunikasjon, men at dersom han skulle arbeide i ein annan kulturell kontekst enn den han gjennom heile livet hadde gjort seg kjent i, ville han vore heilt ubrukeleg som detektiv. Som Hall seier, så er kultur noko ein ubevisst tileignar seg i løpet av livet, og at det difor ikkje alltid er noko ein kan lære seg.⁵⁷ Eg må difor innsjå at same kor lenge eg blir på El Alto, vil eg aldri kunne forstå dei lokale kulturane på same måte som ein *alteño* gjer.

Kulturmøte

Eit kulturmøte er møte mellom menneskje, på tvers av ulike kulturelle og religiøse bakgrunnar. Det er noko vedvarande, ei form for forhandlingar som heile vegen må gjerast på nytt, igjen og igjen. Ein kan slik kalle eit kulturmøte eit mønster av meining som heile tida fornyar seg gjennom kommunikasjon og samhandling. Korleis vert desse møta opplevde i det misjonsbaserte bistandsarbeidet på El Alto i dag, og korleis opplever menneskje kulturmøte der den eine parten skal hjelpe den andre?

I si bok *The Conquest of America* skildrar filosofen Tvetan Todorov korleis menneskehistoria sitt mest omfattande kulturmøte hende, og kva vi den dag i dag kan lære av desse møta:

“What took place in America after 1492, and continues to happen today, is the virtual obliteration of one cultural world by another, whose confidence in its own rationality and its possession of an instrument – language – enables it to understand the “other” to a much higher degree than “the other” is able to understand it.”⁵⁸

Marianne Gullestad er også inne på noko av dette i si bok *Misjonsbilder*. Ho meiner nokon av kolonitida og imperialismen sine kategoriar og sosiale grenser framleis haldast ved like, og at der

⁵⁷ Hall, 1959: 37

⁵⁸ Todorov, 1999: xii

framleis er ein dynamikk, ein ond sirkel, mellom givarland og mottakarland, mellom verdas rikaste og fattigaste land.⁵⁹

Som både Todorov og Gullestad meiner, så er kultur møte noko vi kan lære noko av, og eg var spent på kva eg kom til å lære av kultur møta som vert skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet på El Alto.

Problemstillingane som Todorov og Gullestad kjem med om at vi reproduserer gamle mønster av samhandling og opprettheld hierarkiske forhold i bistand, kan eg ikkje seie noko om i denne oppgåva. Det eg kan gjere i denne oppgåva er å gi eit innblikk i misjonsbasert bistand, men eg meiner innblikket eg gir ikkje er tilstrekkeleg for å kunne kome med konklusjonar til dette temaet, men den kan som nemnt gi eit innblikk, og kanskje vekke nysgjerrigheit og gi idear til å gå nærmare inn på temaet.

⁵⁹ Gullestad, 2007: 9

Kva meiner eg med misjon?



(Arva etter den fyrste misjonæren i Latin Amerika, Columbus: Jesusstatue på 4000 moh. Foto: Johanne Ottilie Espe.)

Slik som kultur, ser eg også misjon som eit dynamisk omgrep. Misjonsarbeidet har endra seg, og difor også forståinga av kva misjon *er*. Det er også i dag forskjell på korleis misjonsorganisasjonar driv med misjon, t.d. ser ein dette når ein samanliknar Misjonsalliansen med andre misjonsorganisasjonar i Noreg. Generelt sett kan ein likevel seie at misjon handlar om arbeid med eit kristent verdisyn og levesett som fundament, med formål om å få fleire til å slutte opp om det same kristne verdisynet og levesettet. Misjon handlar om å spreie «bodskapen», altså det misjonærane forstår som dei rette kristne verdiane og det rette kristne levesettet.

Misjon er i utgangspunktet eit kristent omgrep. Den norske kyrkja, som Misjonsalliansen er nært knytt til, forklarar det slik:

«Misjon kommer fra det latinske ordet «missio» som betyr utsendelse og oppdrag, altså handler det om at man er sendt med et oppdrag.

I Det nye testamentet i Bibelen, i Matteusevangeliet (kapittel 28, versene 18-20) står det som kalles misjonsbefalingen: Oppfordringen til å bringe fortellingene videre, slik at nye mennesker kan få vite hva kristen tro og liv handler om.

Kristne mener at budskapet om Jesus Kristus har gyldighet til alle tider og har betydning for alle mennesker i alle kulturer.

Kristne er sendt til verden med Jesus som forbilde. Misjon handler om å dele budskapet om Jesus, som igjen innebærer å bry seg om andre.

Kristendommen mener at mennesket er skapt i Guds bilde med uendelig verdi. Kristnes identitet er knyttet til dette. Denne identiteten og misjonsoppdraget har kristne fra alle verdensdeler og alle kirkesamfunn. Å vise praktisk nestekjærlighet har alltid vært viktig for mennesker som vil være Jesu etterfølgere.

Misjon uttrykker noe dynamisk og grensesprengende. Kirken skal være oppsøkende. På tvers av geografiske, religiøse, kulturelle, sosiale og generasjonsmessige grenser skal kirken dele tro og liv. Budskapet rommer syndstilgivelse og frelse, diakoni og helbredelse, rettferdighet og forsoning.

Kirken skal også være inviterende; den skal åpne sitt fellesskap for mennesker, grupper og kulturer som står utenfor. Det grensesprengende og inviterende er sentrale trekk ved det at kirken er misjonerende.»⁶⁰

Mine informantar på El Alto, både dei norske og dei bolivianske, forklarte misjon på same måte. Dei såg på arbeidet dei gjorde som eit oppdrag frå Gud og at dei med dette hadde eit ønske om at Guds ord skulle nå ut til andre menneskje, men la vekt på at Guds ord skulle kome ut hjå folket gjennom *handling*. Gjennom sine diakonale prosjekt ynskjer MAN B å vise kva kristendommen står for. Det var litt forskjell på korleis dei norske og dei bolivianske misjonærane talte om dette, men det vil eg kome nærmare inn på i hovuddelen.

Slik beskriv organisasjonen seg sjølv på sine nettsider, og seier på den måten noko om misjon i praksis:

«Misjonsalliansen er en frittstående, norsk misjonsorganisasjon som driver diakonale utviklingsprosjekter i Sør-Amerika, Asia og Afrika. Gjennom arbeidet vårt vil vi at fattige og diskriminerte skal få møte Jesu kjærlighet i ord og handling. Sammen kjemper vi for å utløse de ressurser og muligheter Gud har gitt oss alle.»⁶¹

Ein definisjon frå eit analytisk perspektiv, i dette tilfelle mitt eige, utvikla frå lesinga mi av Den norske kyrkja sin definisjon, i tillegg til forklaringane både dei norske og dei bolivianske tilsette hjå

⁶⁰ www.kirken.no (1)

⁶¹ www.misjonsalliansen.no (6)

Misjonsalliansen hadde for at dei ville arbeide for organisasjonen, kan vere at: «misjon er bistand basert på eit kristent verdisyn og levesett, der trua er motivasjonen og siktemålet er å spreie Guds ord gjennom handlingar».

Oppsummering

Gjennom innleiinga har eg forsøkt å gi eit tydeleg bilete på kva oppgåva skal handle om, kontekstualisere feltarbeidet, fortelje om Misjonsalliansen og den bolivianske forgreininga MAN-B, vise til korleis planlegginga av feltarbeidet, og sjølvfeltarbeidet, vart gjennomført, og avslutningsvis gjere greie for korleis eg forstår dei sentrale omgrepa kultur, religion, kulturmøte og misjon.

Feltarbeidet



(Biletet viser Jesus som gir ei hjelpande hand under ein operasjon. Liknande bilete ser ein ofte på helseinstitusjonar på El Alto. Biletet er lånt med løyve frå ein av dei norske utsendingane sin private blogg.)

På veg

Endeleg kunne eg finne meg sjølv i ein minibuss, tett i tett med mine bolivianske medpassasjerar, på veg mot El Prado, hovudgata i hjartet av La Paz' sentrum. På radioen høyrer eg plutselig ein kort kampanje for HIV/Aids, der radioverten kortfatta informerer om korleis ein unngår smitte, og korleis ein kan leve med sjukdomen, før kampanjen må vike til fordel for ein vaskemiddelreklame. Dette overraska meg litt, sidan eg trudde informasjon rundt sjukdomen ikkje kom til å vere så tilgjengeleg. Snart er alle setene fulle, og minibussens pengeinnkrevjar gir beskjed om at vi må betale. Eg leiter fram nokre bolivianos i jakkelomma. Pengeinnkrevjaren, som såg ut til å vere om lag 8-9 år, talde raskt over så snart han hadde fått betaling frå alle passasjerane, og delte deretter rutinert ut nøyaktig sum i vekslepengar til dei som hadde betalt for mykje. Berre omlag tre år hadde gått sidan mitt førre besøk i Bolivia, og eg var spent på kva eg kom til å oppleve og lære denne gongen, og om det var noko som hadde endra seg. Den vesle guten i minibussen var noko av det fyrste eg la merke til, sidan eg ikkje hadde sett så mange barnarbeidarar førre gongen eg var i landet, og det var jo ikkje så merkeleg: våren 2014 legaliserte president Evo Morales barnarbeid, noko som i følge han sjølv kunne vere eit tiltak mot fattigdom. *Voy a bajar!*, ropte eg frå baksetet då vi nærma oss utgangen av El Prado. Sjøføren kunne høyre meg til tross for all støyen, og minibussen svinga raskt inn til sida. Med sekken og notatblokka i eit fast grep skynda eg meg ut i folkekavet. Det er eit par timar forbi daggry, sola skin alt på dei fleirfaldige koloniale bygningane som pregar arkitekturen i kjernen av La Paz' sentrum, og i gatene er det alt eit yrande folkeliv. Ein gamal juiceseljar kjem gåande med ei trillebår full av appelsinar, ein tiggjar strekk ut ei hand, ei gruppe studentar med sebrakostyme hjelper menneskjer trygt over vegen, lyden av politiet som bles i fløytene sine for å navigere trafikken ljomar i øyra, elevar i blå skuleuniformar hastar forbi, lukta av eksos og *salteñas* riv i nasa, ein laushund rotar etter mat i nokre bossposar, ein ung skopussar har dekkja til ansiktet for å ikkje bli attkjend, menneskje skundar seg inn og ut av minibussane, sjåførane brukar bilhornet flittig til inga nytte, og trafikken går sakte vidare. Ei lita stund tenkjer eg at neste gang skal eg vere enda litt tidlegare ute, for dette kan ta tid. Eg går etter utroparane sine monotone stemmer, og høyrer kort tid etter lyden av min neste haldeplass; *La Ceja, La Ceja, La Ceja, La Cejaaaa!* Slik finn eg omsider eit ledig sete i ein minibuss, og er snart på veg vidare mot La Ceja og feltarbeid på El Alto, sakte men sikkert.

Introduksjon

Hovuddelen i oppgåva vil ta føre seg kulturmøta som vert skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet, kva slags roller religion har i dette misjonsbaserte bistandsprosjektet og korleis samarbeidet internt i MAN-B opplevast av nordmenn og bolivianarar.

Mykje av tematikken som dukka opp undervegs i feltarbeidet er svært overlappande, men eg har gjort eit forsøk på å dele feltarbeidet inn i ulike delkapittel, der eg anten fokuserer mest på spesielle hendingar under feltarbeider, eller at eg tek utgangspunkt i ulike intervju som belyser det same temaet.

Eg vil byrje med å gjere kort greie for HIV/Aids-prosjektet, i tillegg til å vise til eit føredrag eg var på i samband med introduksjonsveka til dei norske volontørane der temaet var HIV/Aids på El Alto.

Deretter vil eg gå gjennom ulike tema som oppstod undervegs i feltarbeidet, og desse har eg delt inn slik: fokus på utdanning, religion og HIV/Aids, forholdet mellom protestantar og katolikkar, synet på homofili, forholdet mellom menn og kvinner, classeskilje, eit lite innblikk i aymaraverda, og til slutt vil eg sjå på samarbeidet internt i MAN-B.

I siste del vil eg kome med ei avslutning der eg kjem med eit samandrag på forskingsspørsmålet utifrå data som eg presenterer i hovuddelen.

HIV/Aids-prosjektet



(Solnedgang over dei ytre sonene på El Alto, med Illimani (6438 moh.) i bakgrunnen. Foto: Johanne Otilie Espe)

Señorita, kva gjer du her på El Alto?

«Hiv? Det er noko dei har i La Paz, ikkje her oppe på El Alto.», var den lattermilde responsen eg fikk då eg forklarte ei middelaldrande aymarakvinne på El Alto kva eg gjorde i området. Om dette seier noko om mangel på kunnskap eller fordomar rundt HIV/Aids (eller kor vidt eg har referanserammar eller språkkunnskapar til å forstå ein vits på spansk framført av ein *alteño*), er vanskeleg å vite. Samstundes var akkurat mangel på kunnskap og fordomar nettopp to av dei store utfordringane knytt til arbeidet mot HIV/Aids på El Alto noko som ofte vart vektlagt av dei tilsette hjå prosjektet. Men, som eg snart skulle lære, så var utfordringane, og ikkje minst tankane rundt sjukdomen, mykje meir komplekse enn det. Noko som også var med på å gjere kultur møta som vart skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet meir komplekse enn eg på førehand hadde førestilt meg.

Om prosjektet

Sidan 2002 har MAN-B arbeidd med hiv/aids-problematikken på El Alto. Prosjektet har ulike delprosjekt innanfor områda helse, utdanning og støtte til sjølvhjelpsgrupper, der målet er at alle desse delprosjekta på sikt skal kunne vere sjølvstendige og halde fram, også etter at prosjektet er avvikla frå MAN-B si side. Difor har organisasjonen vektlagt samarbeid med kyrkjer, skular og andre offentlege instansar i kommunen. I tillegg samarbeider MAN-B med det statlege programmet ITS VIH/SIDA, som arbeider med å spreie informasjon om sjukdomen både for å hjelpe dei som er sjuke, men også for å hindre vidare spreiding av hiv-viruset. Dette programmet gjeld for heile distriktet rundt La Paz og El Alto.⁶² Saman med samarbeidspartnarane diskuterer ein aktivitetar og legg planar for kvar sektor.⁶³Slik beskriv Misjonsalliansen arbeidet mot hiv/aids på El Alto på sine nettsider:

«I samarbeid med lokale kirker og offentlige instanser vil vi forebygge hiv/aids og bekjempe stigmatisering av mennesker som lever med sykdommen. Blant annet har vi på El Alto bygget et laboratorium hvor folk kan teste seg for smitte. For dem som allerede er smittet, arrangerer vi samtalegrupper og kurs hvor de kan lære seg et håndverk og skaffe seg inntekter. Vi underviser lærere og elever ved våre samarbeidsskoler i temaer knyttet til hiv/aids, om smittefare og prevensjonsbruk. Dessuten arbeider vi for å nå ut i media med informasjon om sykdommen, smitte, forebygging og testing.»⁶⁴

HIV/Aids-prosjektets fokusområder kan ut i frå dette delast i tre:

- Undervisning og samtaler ved skular på El Alto
- Arbeid retta mot hiv-smitta
- Informasjon om hiv/aids gjennom massemedia

Undervegs i feltarbeidet var eg med på så mykje som råd, men sidan prosjektet var i ferd med å verte avvikla, var det ikkje lenger noko som hende i samband med mellom anna informasjon om hiv/aids gjennom massemedia, og det vart helle ikkje arrangert fleire møter der menneskje med hiv kunne lære seg eit handverk, desse delane av prosjektet vil difor ikkje vere med i skildringa av kultur møta som vert skapt gjennom arbeidet mot hiv/aids. Det eg derimot var mykje med på, var undervisning og samtaler på forskjellige barneskular på El Alto, i tillegg til arbeid retta mot hiv-smitta, der fokuset ofte var på sjølvhjelpsgrupper.

⁶² Mision Alianza, 2009: 24-25

⁶³ Mision Alianza, 2009: 24-25

⁶⁴ www.misjonsalliansen.no (7)

Angel si historie

I byrjinga av feltarbeidet fekk eg vere med på introduksjonsprogrammet som MAN-B sine tilsette arrangerer for dei norske volontørane før dei kjem i gang med arbeidet i dei ulike prosjekta. I samband med dette var eg med på den delen av introduksjonsprogrammet der volontørane, som var tre jenter på 19 til 23 år, skulle lære om HIV/Aids-prosjektet. Sidan volontørane skulle lære meir om situasjonen rundt hiv/aids vart det arrangert eit foredrag der Angel (26), som er frivillig hjå MAN-B, skulle fortelje om sine egne erfaringar rundt det å leve med HIV/Aids på El Alto. Foredraget vart halde i eit av møtelokala på MAN-B sitt hovudkontor på Rio Seco.

«Eg og mor mi ville ikkje tru det då eg fikk diagnosen. Då eg forlèt militæret vart eg veldig sjuk, og fikk vite at eg hadde fått tuberkulose. Etter kvart var det også snakk om jernmangel og magetrøbbel, men ingen sa noko om HIV. I ein lang periode gikk eg frå sjukehus til sjukehus, men ingen tok den rette prøva. Med tida vart eg også så tynn at eg fekk beskjed om at eg hadde fått anoreksia, sidan eg hadde gått frå å vege 65 kg til å vege 32 kg. Til slutt var eg så dårleg at eg svimte av under eit familieselskap, og då vart eg sendt til eit sjukehus der dei testa meg for HIV. Då eg fekk vite at eg hadde diagnosen HIV kjende eg meg svært einsam, det var som om eg var aleine om å leve med denne diagnosen. Heldigvis var mor mi ei god støtte for meg. Eg fann også ei mening med livet gjennom at eg var den eldste i søskenflokket, og at eg difor hadde eit ansvar og ei slags «farsrolle» overfor søskena mine sidan vi ikkje har nokon far. No er det ikkje lenger eit problem for meg å leve med denne diagnosen, og eg finn mening i å fortelje andre om sjukdomen. Det er viktig at fleire får kunnskap til HIV/Aids, slik at dei både beskyttar seg mot den, i tillegg til at dei veit om at dei har krav på gratis hiv-test dersom det er fare for at ein er smitta. I tillegg til å bli med MAN-B til skulane for å undervise, reiser eg difor også til sjukehusa saman med menneskje som ynskjer å teste seg. Dette er nemleg ikkje alltid heilt uproblematisk, sidan mange legar er korruperte og kan få deg til å ta andre testar du må betale for, *før* du i det heile blir testa for hiv. Grunnen til at eg gjer alt dette, er ikkje berre for å spre informasjon, og gjere menneskje vare på rettane sine, men også for å vere med på å endre haldningar. Eg hugsar då eg byrja å vere open rundt diagnosen, korleis menneskje kunne vike unna meg då dei såg meg, men korleis det også betra seg etter kvart. For nokre er det ein lang prosess å endre haldningar. I tillegg trur eg det er mange som ser på HIV som ein form for pest, det er i alle fall ofte det svaret eg får når eg saman med MAN-B besøker barneskular for å lære elevane om sjukdomen.»⁶⁵

Det Angel fortalde gjorde inntrykk på dei frammøtte, og det han fortel viser til nokre av områda som gjer utfordringane rundt HIV/Aids på El Alto så komplekse. . Angel fortel vidare at hans eiga historie ikkje er unik, men at han samstundes er ein av dei heldige, med ein støttande familie og menneskje i nærmiljøet som etter kvart viste at dei aksepterte han for den han var, til tross for diagnosen. Slik har han fått den støtta han treng for å vere open om sjukdomen sin, og han seier han finn mening i tilveret gjennom jobben i MAN-B, der han reiser rundt til ulike skular på El Alto for å fortelje elevar om sjukdomen.

⁶⁵ Alle sitat frå informantar eller litteratur som er nytta i oppgåva har eg sjølv oversett til norsk.

I etterkant av feltarbeidet, ved hjelp av data frå intervju og observasjonar, laga eg ei oversikt over ulike moment som var ein del av sjukdomsforståinga rundt HIV/Aids på El Alto. Kva menneskja som arbeider hjå HIV/Aids-prosjektet forbind med sjukdomen, og korleis dei forklarar den, kan i følgje mine innsamla data relaterast til desse stikkorda: religion, tabu, skam, diskriminering, migrasjon, mangel på kunnskap, synet på seksualitet, synet på homofili, frykt, kvinnesyn, prostitusjon, utroskap, korrupsjon, stigmatisering, alkoholisme, fattigdom og alternativ medisin. Korleis desse ulike aspekta spelar inn og påverkar arbeidet mot HIV/Aids på El Alto, og korleis desse aspekta er ein del av den rådande sjukdomsforståinga, vil eg forsøke å belyse gjennom dei neste delkapitla. Fyrst vil eg sjå korleis arbeidet mot hiv/aids fungerer i skulen.

Fokus på utdanning



(Teikneseriestripe frå ei av MAN-B sine brosjyrar med informasjon om hiv/aids som er retta mot skuleelevar. Handlinga går ut på at nokre elevar snakkar om dagens undervisning der hiv/aids var eit tema, der prevensjon hadde vore ein viktig del av timen. Den eine av gutane seier at han ikkje treng å beskytte seg fordi han har kjærast, og at han og ho berre er saman med kvarandre. I følgje mine informantar er dette ei vanleg oppfatning rundt bruk av prevensjon på El Alto.)

Gjennom HIV/Aids-prosjektet har organisasjonen eit viktig fokus på utdanning og samarbeid med lokale barneskular. Saman med to av dei bolivianske tilsette ved prosjektet, og nokre gonger ein av dei norske utsendingane, reiste eg ut for å vere med på besøk til barne- og ungdomsskular på El Alto der det skulle haldast førellesningar for å informere elevane om hiv/aids. Dette var den delen av HIV/Aids-prosjektet eg var mest med på undervegs i feltarbeidet.

I denne delen vil eg skildre nokre av desse skulebesøka.

Skulebesøk på El Alto

Då vi kom til skulegarden var elevane enno utandørs. Alle borna hadde uniformer på, nokre spelte fotball og andre hadde samla seg i små klynger der praten gjekk lystig for seg. Sjølve skulebygget var som dei fleste bygga på El Alto, ein stor murbygning med eit uferdig preg. Ved inngangsporten var det ei bod der ein kunne kjøpe mat (der utvalet stort sett bestod av diverse søtsaker). Nokre av elevane kom bort og spurte kvar eg kom ifrå. Eg fortalde at eg kom frå Noreg, dei svarte at dei ikkje var heilt sikre på kvar det låg. Dei nysgjerrige blikka følgde meg vidare då skuleklokka ringde, og vi skulle inn i eit av klasseromma saman med den norske utsendingen og to av HIV/Aids-prosjektets tilsette. Dei nysgjerrige blikka minte meg om eit tidlegare skulebesøk då ein liten gut rakk opp handa og spurde om vi hadde stjerner på himmelen i Noreg. Det fekk meg til å tenkje på kor lite vi eigentleg veit om kvarandre.

Inne i det kvitmålte klasserommet var det kjølig, og jakka måtte haldast på. Eg sat meg ned saman med nokre jenter på fremste rad. Dei hadde små trepultar der tre elevar delte to pultar. Det vart likevel litt ekstra plass til meg. Mange av elevane hadde alt teke fram notatblokkene sine. Då alle elevane var på plass i klasserommet heldt den norske utsendingen, som var med som representant for MAN B, ein kort introduksjon til dagens undervisning. «Mi rolle under slike besøk er å synleggjere organisasjonen, sidan eg er med som ein representant», forklarte ho. Undervisninga føregjekk vidare utan at religion nokon gong var eit tema. Homofili og hiv/aids vart teke opp, men på ein nøytral måte. Legen som arbeidde for MAN-B forklarte at smitte kunne skje gjennom samleie, både mellom kvinner og menn, kvinner og kvinner, eller menn og menn.

Etter timen spurte eg elevane om dei no hadde lært kva HIV/Aids var for noko. «Ja!», svarte dei. Men då eg ba dei forklare meg det viktigaste, rista dei på hovudet og forklarte lågmælt at det visste dei ikkje. Om det var sant kan eg ikkje vite, og kanskje såg dei meg som ein autoritetsperson, og vart usikre på kva dei trudde eg ville høyre.

Eg spurte om ein av elevane ville snakke med meg på eiga hand, og ei av jentene i klassen stilte dermed til eit lite intervju der ho fortalde noko av det ho kunne om sjukdomen:

«I dag var fyrste dagen at vi hadde undervisning om temaet HIV/Aids, kva det er og korleis ein blir smitta. Eg trur eg har lært det viktigaste, at det er ein sjukdom som ein kan få ved å ha ein seksuell relasjon og at ein må bruke ein...kordon? Beklagar, ein *kondom* for å unngå smitte. Eg trur mange blir redde når dei får sjukdomen, fordi dei ikkje veit heilt kva det er. Eg trur det er viktig at vi lærer meir om dette, fordi det er så mange som får sjukdomen,

og det er fint at læraren også veit dette, fordi det er ein person ein kan gå til når ein treng hjelp. Eg trur også det er viktig med tanke på alle dei unge jentene som blir gravide og ikkje veit kva dei skal gjere. Eg trur årsaka til diskriminering er fordi familien blir redde og ikkje vil dei skal bu heime lengre. Då kan dei bli så lei seg at dei tek livet av seg, og det er viktig at ein unngår. Eg synst det er bra at Misjonsalliansen kjem og fortel om dette.» (Vivian, elev, 10-15 år, El Alto)

Eg ba også den norske utsendingen om å fortelje rundt sine tankar om arbeidet på El Alto:

«Mi rolle er å vere ein norsk representant på El Alto. Sidan eg alt arbeider som lærar på vidaregåande, skulle eg vere rådgjevar i utdanningsprosjekta. Det har det enno ikkje blitt så mykje av. Mi rolle ser ut til å vere meir nærverande, å danne meg eit overblikk og vere tilstade ved innvigsler og andre arrangement for å halde taler, men også for å skrive til Misjonsalliansens magasin Tjili eller Misjonsalliansens blogg. Som utsending er ein ikkje med på å bestemme korleis ting skal foregå, før var det nok annleis, då utsendingane hadde ei rolle som rådgjevarar. No er den meir diffus. No er det meir opp til våre respektive sjefar med tanke på korleis dei vil anvende oss. Då vi fekk jobben, så trudde eg at eg skulle få meir bruk for mi erfaring som lærar, og at eg kunne hjelpe meir til med min erfaringsbakgrunn. Eg håpar at eg vil kunne få lov til å vere meir delaktig og bidra i prosjekta i dei komande åra eg skal bu her. Det er viktig for meg at mitt arbeid er eit bidrag. Årsaka til at vår rolle har blitt slik, er jo fordi ein på sikt ynskjer at MAN B skal bli ein sjølvstending organisasjon. Eg ynskjer å lære meir om korleis folk opplever prosjekta.» (Mari, norsk utsending, protestant, 30-40 år)

Neste undervisningstime eg fekk vere med på var utan den norske utsendingen. Eg slo følgje med ein av legane som arbeider for HIV/Aids-prosjektet og Angel, som eg fyrste gongen møtte under introduksjonsveka til dei norske volontørane. Legen, Dr. Louis, forklarte meg at han hadde ansvar for ein av sektorane på El Alto, der det til saman var 15 skular. Skulen vi skulle besøke denne dagen hadde aldri fått besøk av MAN-B før, og kanskje har dei heller aldri hatt undervisning om HIV/Aids før, fortalde legen. Til å byrje med var elevane i klasserommet litt urolege. Eg la merke til at nokon tok opp mobiltelefonane for å ta bilete av meg, medan andre var opptekne med å kviskre til kvarandre eller høyre på musikk. Læraren heldt fyrst ein introduksjon til temaet med dei aller viktigaste opplysningane om korleis ein kan unngå smitte. Legen delte ut MAN-B sine brosjyrar, med informasjon rundt sjukdomen i tillegg til nokre bibelske vers. Eit av versa som sto i ei av MAN-B sine brosjyrar forklarte viktigheita av å fokusere på å nå born med Guds budskap:

«Vis barnet den rette vegen, og han vil ikke vike frå den sjølv når alderdomen nærmar seg.»

Etter at legen hadde gitt ei medisinsk forklaring, tok Angel over forelesninga. Han byrja med å blåse opp ein kondom, og forklarte kvifor det er så viktig med prevensjon, same om ein har kjærast eller ikkje. Han brukte mykje humor, og elevane lo. Angel hadde på førehand forklart meg korleis han meinte det var bra at MAN-B hadde frivillige på hans alder, sidan det ville vere lettare for elevane å

identifisere seg med ein som berre var nokre år eldre, i tillegg til at han også var oppvaksten på El Alto.

Etter ei stund tok han plutsleg fram ei nål, og sprakk kondomet. Det kom eit høgt smell, og elevane vart stille. Så fortalde Angel at han sjølv lev med diagnosen HIV, og at han, som alle andre kan leve eit heilt vanleg liv takka vere medisinar, og at han ikkje er farleg for andre. Han fortalde vidare at mange menneskje trur smittefaren er større enn den eigentleg er, og at konsekvensane av denne feiloppfatninga kan forverre situasjonen for menneskje som lever med diagnosen, eller som lever med nokon med diagnosen. Ein av prosjektets tilsette fortalde:

«Eg hørte ein gong om to barn som vart foreldreause etter at både mora og faren døde av aids. Det vart forsøkt å finne plass til dei på ein barneheim, men då dei tilsette på barneheimen fikk vite kvifor barna var foreldreause, ville dei ikkje la barna bu der.» (Paola, frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet, 40-50 år, katolikk, El Alto)

Det ein av prosjektets tilsette fortalde var ikkje unikt, og hender ifølgje informantane ofte på El Alto. Angel fortel vidare til elevane at han sjølv har kjærast utan hiv, og at så lenge dei brukar prevensjon så er det ingen fare.

Undervegs i feltarbeidet var det mykje snakk om korleis forholdet mange av innbyggjarane på El Alto hadde til prevensjon kunne vere problematisk. Nokre gonger forklarte informantar at det å snakke om prevensjon i seg sjølv kunne vere vanskeleg:

«Å snakke om prevensjon og kondom kan ofte vere tabu. Kanskje er det slik på grunn av katolske kyrkjer, som tidlegare har uttalt at det er galt å bruke prevensjon, og at ein ikkje treng kondom fordi eit forhold skal vere mellom mann og kone.» (Mia, student og frivillig, 15-20 år, protestant, La Paz)

Denne informanten var ikkje den einaste som nemnde katolikkane som ein mogleg årsak for at prevensjon kunne vere problematisk å forholde seg til:

«Eg veit ikkje kva katolske kyrkjer gjer for å hjelpe menneskje med HIV/Aids, men problemet der er haldningane, t.d. ei haldning om at ein ikkje treng prevensjon, fordi ein kun skal vere med sin ektefelle.» (Jose, pastor og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, La Paz)

Under skulemøta eg var med på, la eg merke til kor lite tydeleg organisasjonens kristne profil var her i forhold til i dei andre delane av HIV/Aids-prosjektet. Kvifor var det slik? (om det i det heile var ein spesiell årsak til dette). Under mine skulebesøk hende det aldri at legen eller den frivillige som var med fortalde noko som kunne relaterast til den kristne trua eller det kristne levesettet. Derimot var

religion og eit kristent verdisyn svært framtrudande under ein konkurranse MAN B hadde arrangert for ulike barneskular på El Alto, som eg vil fortelje litt om no.

Teaterframsyning

Som ein del av organisasjonens fokus på utdanning, arrangerte MAN B denne hausten ein konkurranse for ungdomsskuleelevar på El Alto. Konkurransen gjekk ut på at elevane skulle lage rollespel med hiv/aids som tema, og deretter framføre for lokalbefolkninga og kvarandre. Den klassen som hadde det mest informative og underhaldande rollespelet ville bli vinnaren. Her var den norske utsendingen som arbeider på hovudkontoret på El Alto ein viktig representant frå organisasjonens side, i tillegg var også sjefen for prosjektet til stade. Saman med mellom anna den norske utsendingen og sjefen for prosjektet fekk eg vere med på å dømme dei ulike rollespela, og slik vere med på å avgjere kven som skulle gå av med sigeren. Alle rollespela hadde to viktige budskapar: informasjon rundt hiv/aids og korleis trua på Gud kan vise vegen til eit godt liv. Eit av spørsmåla som var stilt under rollespela var: «Kvifor vart eg sjuk? Kva har eg gjort, Gud?», og viste til ei problemstilling som eg seinare i oppgåva vil kome tilbake til, sidan eg seinare i feltarbeidet opplevde denne tankegangen i enda større grad, gjennom korleis menneskje forklarte at dei opplevde sjukdomen som ei straff frå Gud. Undervegs i framsyningane var det vanskeleg å få med seg alt på grunn av all støyen. Dei frammøtte i salen hadde med seg trommer, bjøller og ballongar som dei sprakk for å heie fram dei ulike skodespelarane, og ikkje minst for å vise begeistring undervegs i framsyninga. Det var også eit lite skulekorps bakarst i salen. Det vart nesten umogeleg å få med seg alt som vart sagt på grunn av dette, men eg valde å stemme på laget med dei beste kostymane og den tydlegaste budskapen (som var tydeleg nok til å nå gjennom all støyen). Premien var skulesekkar med MAN-B sin logo, og både den norske utsendingen og sjefen for HIV/Aids-prosjektet heldt ei takketales til elevane for innsatsen under konkurransen. Eg måtte også kome opp på scena under premieutdelinga, og hadde snart gitt opp å seie at eg ikkje var tilstades som ein representant for MAN-B. Eg vart som regel sett som ein kollega av dei norske utsendingane same kva eg fortalde.

Dei tilsette sine refleksjonar rundt arbeidet på skulane

I etterkant av skulebesøka hadde eg intervju med dei to legane som reiste ut for å undervise. Dei uttrykte usikkerheit rundt kva som ville skje med prosjektet når MAN-B trakk seg ut. MAN-B hadde enno ikkje vore innom alle skulane på El Alto, og den økonomiske utfordringa med å kunne halde fram med arbeidet etter avviklinga av prosjektet var årsaker til at dei ikkje var sikre på om tida var inne for å seie seg nøgde med arbeidet mot HIV/Aids på El Alto.

«Eg skulle ønske vi kunne bruke meir tid på kvar skule. Å bruke eit år på kvar skule er lite. Det er jo avgrensa kor mange gonger i løpet av eit år at vi kan besøke den same skulen. I tillegg burde vi ha prøver, for å forsikre oss om at kunnskapen sit godt hjå elevane. Eg er redd for at arbeidet med skulebesøka ikkje kjem til å halde fram når organisasjonen avviklar prosjektet. Dei frivillige som reiser ut til skulane for å fortelje om sjukdomen er avhengige av økonomisk støtte til transport, og kven skal dei få dette ifrå, om ikkje frå MAN-B?» (Reymar, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, El Alto)

«Eg håpar lærarane ved dei ulike skulane held fram med å undervise elevane etter at prosjektet er avvikla, men eg trur dessverre ikkje dei frivillige kan halde fram med å besøke skulane, sjølv om dei vil- det er eit spørsmål om økonomi, og eg veit ikkje kven som kan støtte dei om ikkje MAN-B gjer det. Det er viktig at elevane får denne informasjonen kontinuerleg, slik at dei lærer, i tillegg til at dei veit kvar dei kan gå for å få hjelp. Det er også mange unge som tør ikkje snakke med sine egne foreldre om dette.» (Fernando, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

«Eg studerte medisin i Argentina, og arbeidde ei tid som lege før eg fikk jobb hjå Misjonsalliansen. Eg trur der er svært viktig at vi reiser rundt på skulane for å gi informasjon om hiv/aids, sidan det er fleire unge i dag som blir smitta av viruset. Før var det vanlegare at prostituerte eller dop-avhengige var dei som oftast vart smitta. Årsaka til at det er fleire unge no, trur eg er på grunn av dei mange tilflyttarane frå landsbygda. Dei kjem hit til byen med sin eigen kultur, og sin eigen kunnskap, og har kanskje aldri høyrte om hiv eller aids før, difor er det ekstra viktig at dei unge lærer om dette så tidleg som mogeleg. Eg synst Misjonsalliansen arbeider på ein bra måte, men eg synst det er dumt at ein arbeider på ein skule i berre eit år, eg synst ein burde vere der mykje lenger for å følgje opp arbeidet, slik at vi kan vere sikre på at dei held fram med undervisninga, også etter at vi har reist. Eg trur også at elevane burde hatt ei prøve om temaet, slik at vi visste at informasjonen hadde nådd fram.» (Fernando, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Ein av utsendingane meinte at i nokre tilfelle kunne det vere vanskeleg å halde fram, sidan det ikkje alltid var ein «arvtakar» til leiarposisjonane som hadde ein naturleg autoritet, sett frå lokalbefolkninga si side:

«Eg opplev at fleire som har forsøkt å halde fram med ulike aktivitetar innanfor HIV/Aids-prosjektet har møtt på mange utfordringar, spesielt med dårlig oppmøte. Oppmøtet brukar ikkje vere ei utfordring når det er Misjonsalliansen som arrangerer. Her i Bolivia kan ein ofte merka at det er kultur for at alle skal vere leiarar kvar sin gong, at dette skal gå i arv, for om der er ein tydeleg leiar kan det bli misnøye. Det er vel ei form for ei jantelov, og det gjer det vanskeleg for enkeltpersonar å halde fram med aktivitetar når vi har trekt oss ut.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Samstundes fortalde dei også at dei trudde skulebesøka på El Alto hadde vore med på å hindre vidare spreing av hiv-viruset, og at sjølv om dei ikkje kunne hjelpe alle, så kunne dei hjelpe nokon.

Ein trist dag

Siste skulebesøket eg skulle på under feltarbeidet vart ikkje gjennomført. Årsaka var sjølv-mord. Ein av skulens elevar vart berre 16 år gamal, han hadde teke sitt eige liv. På El Alto, og i Bolivia generelt, er det eit kjent problem at foreldre ofte blir tvungne til å forlate barna sine til fordel for jobb andre stader i landet (ein stor del av foreldra som må forlate barna sine ,arbeider i gruver), og at barna då

ofte må klare seg sjølv i periodane mellom kvar gong foreldra er heime på besøk. Av den grunn er det fleire unge som mellom anna tidleg byrjar å nyte alkohol, ein av mine informantar som arbeider for HIV/Aids-prosjektet fortalde at det ikkje er uvanleg på El Alto at born ned i 12 års alderen byrjar å nyte alkohol, noko som vart sagt å vere ein av årsakene til den tragiske hendinga som hadde funne stad kvelden før vårt planlagde skulebesøk. Nokre fortalde også at det kunne ha vore kjærleikssorg som var årsaka. Hendinga gav oss eit innblikk i dei enorme lidingane fattigdom kan påføre uskuldige menneske.

Religion og HIV/Aids

«Ta vare på kroppen din, for den er Guds bustad».⁶⁶

Sidan MAN-B er ein kristen misjonsorganisasjon, var eg tidleg nysgjerrig på kva slags innverknad dette kunne ha på arbeidet mot hiv/aids, med tanke på korleis religionens roller ville kome til uttrykk. Gjennom utdanningsdelen av prosjektet var religion heilt klart ein del av budskapet, men ikkje like framtrekande som ein kanskje førestiller seg når ein tenkjer på misjon. Størsteparten av menneskja som arbeider i MAN-B er protestantar, men fleire av desse er også katolikkar, og nokre av desse har også tilknytning til aymaratradisjonar. Legg religion føring for korleis prosjektet er forma? Legg religion føring for sjukdomsforståing? Korleis er forholdet mellom religion og kulturtilpassing? Korleis møtest dei ulike religiøse syna gjennom HIV/Aids-prosjektet? Og korleis snakkar dei tilsette om religionens roller?

Behovet for religion

Behovet for religion var noko dei tilsette var samde om. For alle spelte religionen ei viktig og avgjerande rolle for å oppnå gode resultat. Religionens rolle var viktig som motivasjonsgrunnlag for å hjelpe menneskje. Dei tilsette meinte religionen kunne vise menneskje korleis dei kunne leve eit betre liv, og difor var religionens rolle mellom anna svært tydeleg hjå arbeidet som var retta mot dei hiv-smitta. Ein av HIV/Aids-prosjektet forklarte at menneskje som lev med hiv/aids treng Gud, og at han såg det som si oppgåve å gi dei Guds kjærleik:

«Eg har alltid sagt at menneskje søker etter det som er større enn seg sjølv. Om det så er Jesus, jomfru Maria eller ein helgen. Og når eit menneskje er i trøbbel, når eit menneskje har ein alvorleg sjukdom, då Johanne, då er dette menneskje på leit etter Gud. Spesielt her i Bolivia leiter alltid menneskje med slike utfordringar etter Gud.» (Jose, pastor og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Ein av dei tilsette forklarar også korleis det kristne grunnlaget er viktig for samarbeidet, på tvers av retningane i kristendomen dei tilsette hjå MAN-B identifiserer seg med, og at dette grunnlaget er viktig for å få hjelpa ut til menneskja som treng det:

«Vi har bibelen og våre heilagdomar, og eg trur alt dette er med på å gi oss det grunnlaget vi treng, både for å skape eit samhald, men også for å hjelpe fattige menneskje i lokalsamfunna ved å la Guds ord nå ut til dei. I organisasjonen arbeider både kristne og katolikkar, men saman har vi bibelen, og den skal ligge til grunn for våre handlingar.» (Alinda, sjef på hovudkontoret på Rio Seco, 40-50 år, protestant, El Alto)

⁶⁶ Ein budskap henta frå ei av MAN B sine brosjyrar om HIV/Aids.

Ein av dei norske utsendingane meiner også at religion er eit viktig middel for å hjelpe menneskje. Vedkomande legg også vekt på at rolla som rådgjevar også vil bere preg av dette, og at ho gjennom si tru kan vise god arbeidsmoral og gode arbeidsverdiar gjennom handling:

«Eg meiner religion er eit viktig virkemiddel for å oppnå utvikling. Det er jo nettopp det som er ein av mine motivasjonar for å arbeide for Misjonsalliansen. Eg ynskjer å vere med på å, gjennom handlingar, gjere mine kollegaer betre i jobben dei gjer.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Alle mine informantar hjå MAN-B og HIV/Aids-prosjektet var samde om viktigheita av organisasjonens religiøse fundament og behovet for religion i misjonsbasert bistandssamanheng. Eg vil no sjå nærmare på korleis religionens roller kjem til uttrykk i praksis gjennom HIV/Aids-prosjektet.

Turen til Lago Titicaca (Titicacasjøen)

Kl.07:00 sto eg klar ved Cruz Papal på El Alto. Eg skulle bli med på eit møte ved Titicacasjøen i regi av HIV/Aids-prosjektet, der dagens tema var hiv/aids og psykisk helse. Den protestantiske pastoren, som skulle leie møtet, hadde gitt meg beskjed om oppmøtetida, men den var det berre eg og nokre hundar med blodskutte auge som hadde tenkt å oppretthalde. Eit par timar seinare var alle på plass i bussen, og fire timar seinare var turfølget på veg til Titicaca. Alle dei frammøtte var ei blanding av menneskje med diagnosen hiv, menneskje som arbeidde som frivillige i ulike helseinstitusjonar, og pårørande. På bussen sat eg saman med ei jente, studenten Mia, som fortalde meg at ho arbeidde som frivillig på eit av sjukehusa i La Paz, og at ho var med på møtet for å lære meir om sjukdomen, og korleis den kunne opplevast av dei som har diagnosen. Under eit intervju i ettertid fortalde ho:

«Mor mi vart bekymra då eg sa eg ville hjelpe menneskje med diagnosen HIV og Aids. Dei eldre veit ikkje så mykje, og dei har mange fordomar. Det er forskjell på korleis dei ulike generasjonane ser på sjukdomen», smilte ho forsiktig.

Ho fortel vidare at jobben ho gjer går ut på å besøke menneskje som er innlagde på sjukehus. Saman med andre frivillige kjøper ho varer dei sjuke treng, som dopapir, såpe og diverse andre hygieneartiklar. «Mange er heilt aleine, og om ikkje vi kan hjelpe, då kan ingen», fortel ho. Behandlinga av hiv/aids er i utgangspunktet gratis i Bolivia, men mange helsestasjonar tek betalt for til dømes administrative utgifter, sengeplass og liknande. Under eit sjukehusbesøk seinare i feltarbeidet fekk eg høyre at det ikkje var uvanleg at foreldre kunne levere born på sjukehuset, og

deretter forlate borna der fordi dei ikkje hadde råd til å betale rekninga, og at dei på den måten kunne «tvinge» helsepersonellet til å ta ansvar.

Målet med dagens møte var ikkje berre at dei frammøtte skulle få informasjon, men også at dei med diagnosen ikkje skulle kjenne seg aleine om sjukdomen. Møtet skulle slik vere ein arena der desse menneskje kunne treffe kvarandre, dele erfaringar og bli kjende. På bussen var vi kanskje til saman 15 menneskje. Under bussturen sat alle ved vindauga og såg utover det vidstrakte landskapet på Altiplano. Eit avbrekk frå det travle bylivet, og for nokon var det kanskje eit kjærkome avbrekk frå ein tung kvardag.

Vel framme kom sjølve møtet raskt i gong. Pastoren, ein svært karismatisk mann, ynskte velkomen, og introduserte meg som ein representant frå MAN-B (til tross for at eg hadde gitt beskjed om at eg ikkje var med for å representere organisasjonen, men for å lære om organisasjonens arbeid, og at eg skulle bruke denne lærdomen i ei høgskuleoppgåve). Etter introduksjonen fekk alle tildelt kvar sin bibel, inkludert meg sjølv. Pastoren ba ei bøn, etterfylgt av at vi i fellesskap las utvalde bibelvers. Noko eg la merke til undervegs i møtet, var at mange av dei frammøtte uttrykte frykt for at sjukdomen kunne vere ei straff frå øvre hald. «Kva har eg gjort for å fortene dette?», var eit av dei fortvilte spørsmåla som kom, men alle var også snare med å seie *Gracias Dios* etter at dei hadde fortalt om sin vanskelege livssituasjon. I følgje ein av dei norske utsendingane er dette typiske trekk ein ofte kan observere hjå kristne på El Alto:

«Dei ser ofte Gud som ein streng far i himmelen, som vil straffe dei om dei gjer noko galent. Det er nesten som om det er meir frykt knytt til trua her.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Ei av dei frammøtte meinte det var menneskjer frå landsbygda som hadde dette synet:

«Menneskje som kjem frå landsbygda trur ofte sjukdomen er ei straff frå Gud.» (Mia, student og frivillig, 15-20 år, protestant, La Paz)

Det var generelt mange av dei tilsette som omtalte menneskja frå landsbygda som mest utsatt for smitte når det kom til HIV/Aids:

«Det kjem mange menneskjer frå landsbygda som manglar kunnskap. Desse kan ofte vere meir utsatt når det gjeld smittefare.» (Fernando, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Kvifor er det så mange menneskje frå landsbygda som ser sjukdomen som ei straff? Ved å referere til Guds straff som ei årsak til at ein har fått sjukdomen, legg ein då meir tyngde i sjukdomen i seg sjølv, slik at den opplevst som ei enda tyngre bær enn den allereie er? Under eit intervju i etterkant av turen til Titicaca fortalde ein av dei norske utsendingane dette:

«Sjølv om alle dei tilsette er kristne, og at dei fleste av oss kallar oss sjølve protestantar, så merkar eg likevel stor skilnad i korleis vi stiller oss til vår religion, og spesielt Jesus. Hjå mine kollegaer opplever eg det ofte som om dei har ein streng far i himmelen som stadig sit der med peikefingeren, og at dei difor alltid må trø varsamt for at han skal bli nøgd. Dei er difor ofte svært forsiktige i sine handlingar og korleis dei kommuniserer sine haldningar.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Den norske utsendingen meiner dette har noko med det generelle synet protestantar i Bolivia har på Gud, men at også katolikkar kan sjå sjukdomen på denne måten. Pastoren på si side forsøkte undervegs i møtet å dempe denne frykta. «Bibelen er nøkkelen til det gode liv!», forklarte pastoren. «Jesus elsker dykk alle, uansett.» Han forklarte korleis dei frammøtte kunne nytte Bibelen som ein rettleiar for å leve eit godt liv, «den er som ein manual!», forkynte han slik vidare. Bibelen vart dermed framstilt som sjølve nøkkelen i arbeidet med psykisk helse og HIV/Aids. Ved å formidle sine egne verdiar gjennom Bibelen og Jesus gir det pastorens ord ei meir autoritær betydning, enn det kunne gjort dersom dette var eit sekulært møte. «Den løyser alle problem!», sa pastoren.

I følge fleire av mine informantar som arbeider for HIV/Aids-prosjektet er mykje av den skamkjensla mange sit inne med grunna i mangel på kunnskap, men at denne skamkjensla også kan relaterast til ulike tabu som framleis lever i beste velgåande i fleire kyrkjesamfunn på El Alto, sidan HIV/Aids ofte blir relatert til homofili, utroskap og prostitusjon, som i følge nokre av informantane mine alle er vanlege, tabubelagde tema i kyrkjene på El Alto. Vidare var det fleire av dei tilsette som fortalde at det difor er viktig å bekjempe desse fordomane med å spreie kunnskap, og då kanskje spesielt innanfor lokale kyrkjesamfunn, for slik å vise kva slags verdiar kyrkjene står inne for, og då spesielt dei protestantiske verdiane. Ein av dei norske utsendingane formulerte seg slik:

«Vi er svært tydelege på at vi er ein kristen organisasjon, og vi har alltid andakt i lokalmiljøet der vi arbeider. Det er viktig for oss å ha eit samarbeid med dei lokale kyrkjene, om dei er evangeliske eller ei. Årsaka til dette er at kyrkja har ein del makt i det religiøse samfunnet her i Bolivia, og vi vil difor sørge for at leiarane i kyrkja er med på å ta ansvar for menneskja i lokalsamfunnet, og på denne måten også styrke desse leiarane sin posisjon. Sjølv har eg ikkje opplevd å møte prestar eller andre leiarar i kyrkja med eit menneskjesyn som ikkje tilsvara mitt, men ein møter til tider dei som ikkje tek så mykje ansvar for menneskja i lokalsamfunnet, noko vi då altså ynskjer at dei skal gjere.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Kyrkjесamarbeid er som nemnt noko MAN-B prioriterer. MAN-B bygger som nemnt innleiingsvis ikkje eigne kyrkjer eller kyrkjelydar, men dei brukar desse som lokale samarbeidspartnarar, og forsøker å styrke kyrkja si stilling i lokalsamfunnet på den måten at den tek meir ansvar og slik i større grad vil bli ein stad der menneskja i lokalsamfunna kan kome når dei treng hjelp. Det står vidare at organisasjonens mål med dette er at kyrkjelydane på denne måten skal vise eit større sosialt engasjement i lokalsamfunnet gjennom konkrete diakonale prosjekt.⁶⁷

«Kirkene vi samarbeider med ønsker å være arenaer hvor mennesker med hiv kan bli møtt med respekt og aksept og på den måten være en motsats til den holdningen hivsmittede møter i resten av samfunnet.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

I forbindelse med kyrkjесamarbeidet var eg til dømes med på eit møte som vart halde av ein pastor på El Alto der dei frammøtte var leiarar ved ulike institusjonar som skulle lære meir om hiv/aids, slik at dei kunne spreie kunnskapen vidare ved hjelp av sine stillingar i lokalsamfunnet. Pastoren kalte dette møtet for ei *taller*, som betyr gudsteneste på norsk. Møtet vart både opna og avslutta med ei bøn, og pastoren kom stadig med bibelske referansar undervegs i møtet. Slik var det også under turen til Titicaca, pastoren forklarte at møtet i hovudsak også her gikk ut på at han skulle halde ei gudsteneste.

I pausen under møtet ved Titicaca under møtet sat alle ute i sola. Stemninga var alt ei heilt anna enn den nedtrykte stemninga som hadde prega dei frammøtte tidlegare på dag, og praten gikk om daglegdagse ting, noko som var eit kjærkoment avbrekk frå alvorspraten i møtelokalet. Mot slutten av møtet ba vi ei felles bøn, og pastoren gjorde det igjen klart at Bibelen var vegen til eit betre liv. Til slutt vart eg igjen bedt om å kome fram, nok ein gong som representant for MAN-B, og eg takka dei frammøtte for at eg fekk bli med på tur. Eigentleg skulle vi få litt tid saman ved innsjøen, men sidan

⁶⁷ www.misjonsalliansen.no (8)

det hadde tatt så lang tid å kome i veg frå El Alto, måtte vi skunde oss tilbake like etter at møtet var slutt, til tross for at pastoren faktisk hadde lova dei frammøtte litt tid ved strandkanten.

På veg heim frå møtet tenkte eg vidare på kor tydeleg organisasjonens kristne profil er, også i arbeidet mot hiv/aids. Kan det ha ei betyding for nokon at organisasjonens religiøse fundament er kristendom, og i dette tilfellet protestantisk kristendom?

Forholdet mellom protestantar og katolikkar

Eit av kultur møta eg på førehand ikkje sjølv hadde sett føre meg ville vere så tydeleg, var møta som oppstod mellom bolivianske katolikkar og bolivianske protestantar. Det interessante var korleis dei talte om kvarandre, og korleis nordmennene utalte seg om same tema. Medan nordmennene uttrykte fascinasjon over forskjellane, var bolivianarane stort sett meir opptekne av å vise at dei tok avstand frå «dei andre», som i dette tilfellet var dei bolivianske katolikkane (dei fleste av organisasjonens tilsette er protestantar, og eg fekk difor ikkje intervjuja så mange katolikkar). Katolikkane eg møtte hadde på si side ikkje så mykje imot dei protestantiske kyrkjene, kanskje det ikkje er så rart sidan den protestantiske kyrkja er ein religiøs minoritet på El Alto, og gjer dermed ikkje så mykje ut av seg i det offentlege rom, på same måte som dei katolske kyrkja gjer? Samstundes kan mange av katolikkane ha unngått å fortelje meg om sine synspunkt sidan dei fleste såg meg som ein protestant. Men det var ein av dei tilsette som sjølv var protestant som forklarte at mange av katolikkane såg protestantane som *extremistas*, eller «ekstremistar», sidan dei hadde så mange strenge reglar, t.d. fråvær av alkohol. Eg opplevde også at ein av mine bekjente i organisasjonen fortalde meg at han sjølv var protestant, medan andre fortalde meg at han eigentleg var katolikk, og at dei fleste i MAN-B var klar over dette. Dei fleste eg møtte trudde som nemnd at eg var protestant, og det kan difor ha påverka svara eg fikk frå katolikkar.

Etter å ha høyrte alt dette ville eg lære meir om kva dei ulike partane tenker om kvarandre. Ein av dei tilsette var spesielt krass i sin omtale då eg spurte kva som var forskjellen på katolikkar og protestantar:

«Den evangeliske kyrkja er meir "ordentleg". Den katolske kyrkja er friare, fordi katolikkane dansar, drikk alkohol, er utro, prostituerer seg, og på søndagar går dei i kyrkja og får tilgivelse, og på måndagen går dei tilbake til dei same dårlege vanene. Katolikkane trur også at Gud vil gjere dei rike, dei går ikkje til kyrkja for kjærleiken skuld. Men det er nettopp kjærleiken til Gud den protestantiske kyrkja fokuserer på. I den katolske kyrkja kan du skrifte når du har eit problem, men i den protestantiske kyrkja er det presten som direkte vil hjelpe deg. I den katolske kyrkja er det også mange dårlege prestar, som til dømes drikk alkohol, er alkoholikarar eller brukar dop. Desse kan den protestantiske kyrkja hjelpe, og gi desse menneskje eit nytt liv. Gud vil endre liva deira.» (Jose, pastor og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Ein av MAN-B sine frivillige, som sjølv var protestant og budde i La Paz, forklarte forskjellane mellom katolikkar og protestantar på denne måten:

«Katolikkane tenker at protestantane er ekstremistar eller radikale. For kvifor har dei berre *ein* Gud? Kvifor drikk dei ikkje øl, og kvifor fer dei ikkje på fest. Dette er vanlege tankar hjå ein katolikk, eg har sjølv mange katolske vener som tenkjer slik. Men eg synst ikkje protestantane er ekstremistar, vi vil jo bere følgje Guds ord og lese det som står i Bibelen. Til dømes er dei ti bud svært viktige for oss. Ein katolikk er ein som trur på Gud, men vedkomande trur ikkje at det finst berre *ein* Gud. For ein katolikk finst det fleire gudar, for eksempel Pachamama, Virgen de Copacabana, Virgen del Socabon og så vidare. Katolisismen på El Alto er ei blanding, der arva frå kolonitida pregar religionen. Så, for å oppsummere så er den viktigaste forskjellen på katolikkar og protestantar er at katolikkar trur på Gud, men at dei har fleire andre dei trur på også. For protestantane finst det berre ein Gud.» (Noemi, frivillig, 20-30 år, protestant, La Paz)

Dei fleste protestantane hjå prosjektets tilsette var på langt nær like krasse, men dei forklarte at katolisismen på El Alto var ein form for synkretisme, ei blanding mellom katolisisme og aymaratradisjonar. Dei meinte difor protestantismen difor var ein meir «rein» form for kristendom. Er dette ein måte å beskytte autoriteten til si eiga kyrkje på, ved å ugyldiggjere andre kyrkjer? I tillegg omtalte dei fleste protestantane seg sjølve som kristne, medan katolikkane aldri vart omtalt som kristne.

Årsaka til dette var i følgje ei av organisasjonens frivillige at katolikkane ikkje nødvendigvis *trur*. «Om du spør ein person om han eller ho er katolikk, så kan svaret vere «ja», men om du spør om dei trur, så kan svaret vere «nei», men at vedkomande likevel identifiserer seg som katolikk», forklarte ein av organisasjonens frivillige. I tillegg var det nokre av informantane som la vekt på at katolikkane ikkje berre ber til ein Gud, men også til fleire ulike helgenar, som i Bolivia til dømes kan vere *Virgen de Cochabamba* eller *Virgen de Guadalupe*. Å be til andre enn til Gud blir sett som «hedensk», og difor meiner mange av dei tilsette at ein katolikk ikkje kan kalle seg kristen.

Som eg alt har vist til, så var det nokre få av mine informantar som talte negativt om katolikkar. Ein av dei tilsette meinte den katolske kyrkja ikkje eigna seg til å arbeide med HIV/Aids på grunn av negative haldningar til mellom anna prevensjon:

«Eg veit ikkje kva katolske kyrkjer gjer for å hjelpe menneskje med HIV/Aids- problemet der er haldningane, t.d. ei haldning om at ein ikkje treng prevensjon, fordi ein kun skal vere med sin ektefelle.» (Jose, pastor og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

I tillegg meite ein av informantane at katolikkane sin levemåte var årsaka til at dei fleste som i dag lever med HIV er katolikkar:

«Størsteparten av dei som lever med HIV er katolikkar. Elles er det mange homofile, dei utgjer ikkje majoriteten av dei som lever med HIV, men det er likevel mange av dei.» (Jose, pastor og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Eg må igjen presisere at det ikkje var så mange som hadde slike meiningar. Dei norske utsendingane uttrykte på den andre sida snarare ein fascinasjon over dei kulturelle og religiøse forskjellane dei møtte gjennom arbeidet på El Alto:

«Bolivia er ein spesiell stad å vere, i forhold til det med religion og tru. Det som fascinerer meg er forholdet bolivianarane har til Pachamama, moder jord, samstundes som fleire også har ein relasjon til Gud og Jesus. Det er ei god blanding i alt. I dei evangeliske samanhengane merker eg at det blir tatt ein del avstand til dette, serlig hjå prestar og andre viktige personar i den evangeliske kyrkja. Når det gjeld Misjonsalliansen, så opplever eg at organisasjonen har ei stor forståing for den lokale kulturen og religionen» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Dei norske utsendingane fortalde at dei tok omsyn til sine protestantiske kollegaer som ynskte å ta avstand frå katolisismen gjennom arbeidet hjå MAN-B. Årsaka til at spesielt protestantane vel å ta avstand, kan ha mykje å gjere med at dei kanskje opphavelg var katolikkar, og at dei difor treng å distansere seg frå dette fordi det var nettopp denne form for kristendom dei i utgangspunktet konverterte frå. Samstundes er begge partar opptekne av å ha ein tydeleg diakonal profil, med protestantisk kristendom som grunnlag.

«Grunnen til at vi ikkje samarbeider med katolske kyrkjer er på grunn av dei store forskjellane, og våre bolivianske kollegaer ynskjer å vise at dei tek avstand frå den katolske kyrkja. Men når det gjeld menneskja i dei ulike lokalsamfunna vi samarbeider med, så er dei jo ofte katolikkar. Vi ynskjer jo å kunne hjelpe alle, uavhengig religion.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Korleis kan ein ta avstand til nokon ein samstundes ynskjer å hjelpe? Ute på landsbygda er det ikkje så mange alternativ, sidan det ikkje finst så mange protestantar der, men på El Alto finst det nokre protestantiske kyrkjer organisasjonen samarbeider med. Er motivasjonen bak dette samarbeidet med protestantiske kyrkjer også eit teikn på ynsket om at andre skal få auga opp for organisasjonen? På landsbygdene er det vanlegare at MAN-B samarbeider med dei kyrkjene som er i området, og då er det ikkje alltid nokon protestantiske kyrkjer i nærleiken. Samtidig meinte ein av dei frivillige at på grunn av lova i Bolivia som seier at ingen skal oppleve diskriminering på grunn av religion, so meinte ho at dette kanskje kunne opne for at det på sikt kunne opne for fleire katolske tilsette, i tillegg til at det også kunne opne for samarbeid med fleire katolske. I tillegg var det også fleire av dei

protestantiske tilsette positive til å samarbeide med katolikkar, som sjefen på El Alto også uttrykker her:

«Eg trur ting vil endre seg, på grunn av lova som seier at ein ikkje skal diskriminere nokon på grunn av sin religion. I organisasjonen vår er det jo heller ikkje berre protestantar som arbeider. Eg meiner at vi alle er kristne, både protestantar og katolikkar, og at saman har vi Bibelen som eit viktig grunnlag for våre handlingar. » (Alinda, sjef på Rio Seco, 40-50 år, protestant, El Alto)

Det Alinda seier er at ho trur MAN-B på sikt vil bli ein meir liberal organisasjon, som åpnar for tilsette med ulike bakgrunnar.



(Utsikt frå bilvindaugget på veg til Misjonsalliansens hovudkontor på Rio Seco, El Alto. I bakgrunnen kan ein skimte ei kyrkje. Jesus er ofte på ein eller annan måte med i bybildet, same kvar ein vender seg (t.d. på bygningar, bilar, butikkskilt eller skular). Foto: Johanne Otilie Espe)

Synet på homofili

«Gud avviser ingen. Gjennom arbeidet mot HIV/Aids vil vi vise Guds kjærleik til menneskja, det er den viktigaste strategien for å nå ut, for Gud avviser ingen. Ein kristen bør kunne snakke med homofile, mormonarar, Jehovahs vitner, katolikkar. Men fyrst må den kristne forstå, som eg har nemnd, at Gud ikkje avviser nokon menneskje. For Gud er ingenting umogeleg» (Jose, pastor og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Det er tidleg på dag, og eg er på veg til Centro del Salud, ein helsestasjon som fokuserer på seksuelt relaterte sjukdomar. MAN-B var med på å bygge denne helsestasjonen, og den er også ein av MAN-B sine viktigaste samarbeidsinstitusjonar. I tillegg til hovudkontoret på Rio Seco, eller ute på skulebesøka, var dette også ein av dei stadane eg brukte mest tid på under mitt feltarbeid. På Centro del Salud kan ein bli testa for seksuelt overførbare sjukdomar, mellom anna hiv-viruset. Ein av dei norske utsendingane fortel at også prostituerte ofte kjem hit for å teste seg. Senteret fungerer i tillegg som eit støttesenter for menneskje som er råka av hiv/aids i form av at dei tilbyr hjelp frå psykolog i tillegg til å legge til rette for støttegrupper. Her får menneskje med hiv/aids også tilbod om gratis medisin. I følgje den norske utsendingen er denne helsestasjonen eineståande i sitt slag i Bolivia. Centro del Salud sto ferdig i 2010 og ligg midt på La Ceja (som kan omsetjast til «augebrynet» på norsk), El Altos knutepunkt for kollektivtrafikk, og dermed byens mest pulserande område.

Det tek tid å kome gjennom folkekavet på vegen bort til helsestasjonen. Ei politikvinne står lengre borte i gata og navigerer trafikken som er på sitt verste no i morgonrushet, tida då vegane verkar ekstra tronge og bilane ekstra mange. I bakgrunnen kan ein skimte gatekunst med politiske og kulturelle motiv, mellom anna ein gamal aymara med øyreklafflue som spelar panfløyte. Eg skundar meg forbi, ser ei gamal kvinne som sit ved gatekanten og sel kokablad på teppet sitt, og enda nokre gamle kvinner. Men dei har ikkje noko å selje, dei er her for å tigge. Eg gir dei nokre småpengar eg finn i lomma. Då eg omsider når Centro del Salud, nokre minutt seinare enn planlagt, ser eg at ingen ventar på meg. Litt letta pustar eg ut, her på El Alto er jo ikkje vi nordmenn kjent for å vere seint ute, i alle fall ikkje internt i MAN-B, og eg vil helst ikkje øydelegge det inntrykket. Det hende nokre gonger at eg og mine bolivianske vener spøkefullt spurte «*hora boliviana o hora noruega?*» då vi skulle avtale å møtast, og undervegs i feltarbeidet fekk eg merke at det kunne ligge noko i dette uttrykket.

Informanten eg skulle møte denne dagen var ein av HIV/Aids-prosjektets tilsette, som også arbeider som lege, for å snakke om religionens rolle i organisasjonens arbeid. Eg vart jo litt nysgjerrig på dette i etterkant av turen til Titicaca. Protestantane utgjer jo ein minoritet på El Alto, og vil dermed ikkje

utgjere størstparten av menneskja som treng hjelp, og når organisasjonen er så tydelege på sin kristne profil, kan det då vere negativt i forhold til kor mange menneskje hjelpa kan nå? Kan det vere nokre grupper menneskjer organisasjonens kristne profil kan verke ekskluderande på?

«Her i landet vårt, dei siste 25 åra, har hiv/aids lenge vore sett som ein sjukdom utan stor betydning, og at dette berre var noko som påverka den delen av befolkninga som kallast HSH (Hombres que tienen Sexo con Hombres), eller menn som har seksuelt samleie med menn på norsk. Denne gruppa har også opplevd mykje stigmatisering og diskriminering i samfunnet.»

Teksten er henta frå ein av MAN-B sine brosjyrar om hiv/aids, og den fortel at ein tidlegare ikkje brydde seg så mykje med hiv/aids, fordi ein antok at dette berre var noko som råka homofile, ei gruppe som vart stigmatisert og diskriminert i samfunnet. Homofile var ei av dei sosiale gruppene eg tenkte på då eg byrja å lure på kva betydning det kunne ha for menneskje som treng hjelp at organisasjonen er protestantisk kristen.

Informanten kom berre eit kvarter for seint. Han smiler breidt og tek meg i handa. Eg forklarar kort kvifor eg lurar på akkurat dette med religionens rolle i prosjektet, og han fortel at han har tenkt på det same sjølv.

«Eg trur det er vanskelegare for til dømes dop-avhengige eller homofile å søke hjelp hjå MAN-B, sidan det er ein kristen organisasjon. Anten er det slik fordi dei ikkje vil søke hjelp hjå organisasjonen nettopp fordi den er kristen (dersom dei ikkje er kristne sjølve, eller er det fordi den kristne kyrkje ofte tek tydeleg avstand frå homofili og rus?), eller så er dei redde for å oppleve diskriminering. Antakeleg vis kan sistnemnde vere den vanlege årsaken. Samtidig er det dessverre mange som er i den situasjonen at dei ikkje søker hjelp hjå nokon i det heile, spesielt homofile, fordi dei ikkje våger å kome ut av skapet.» (Lege, Centro del Salud, 40-50 år, katolikk, El Alto)

Kan det då også vere tilhøyrsløse i sosiale grupper, som er knytt til eit stigma her på El Alto, som kan oppleve utfordringar i forhold til det å kontakte organisasjonen om hjelp, men at det største problemet ikkje er organisasjonen og det kristne verdisynet som ligg til grunn for dette, men at desse menneska generelt sett unngår å søke om hjelp på grunn av frykt for diskriminering? Informanten meinte det kan vere slik:

«Det er mange som er i denne situasjonen som ikkje søker hjelp hjå nokon, fordi dei ikkje våger å kome ut av skapet. Nokre vågar ikkje ein gong snakke med sine egne foreldre, fordi dei er redde for reaksjonen. Eg trur ikkje MAN-B ynskjer å ytre seg om homofili, fordi dei fleste meiner detter er galt. Vi må heller fokusere på at vi ynskjer å hjelpe, at vi ynskjer å hjelpe alle. Sjølv arbeider eg saman med homofile, innerst inne trur eg det er galt å vere homofil, men eg respekterer dei fordi eg ser dei er gode menneskje. Og her på helsestasjonen skal ingen oppleve diskriminering.» (Fernando, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz).

Ved eit seinare intervju forklarte ein av dei norske utsendingane organisasjonens syn på homofili på denne måten:

«Vi ynskjer jo å vidareføre at alle menneskjer er like mykje verdt. Ei utfordring vi opplev her i Bolivia er at folk ikkje er så opne rundt privatlivet sitt, og spesielt homofile har det svært tøft. Å vere homofil blir sett som unaturleg her i Bolivia, og mykje meir skambelagt enn heime i Noreg. Det blir difor ei stor utfordring med å vise folk at vi må ta alle menneskjer på alvor. Det er viktig at dei tilsette i HIV/Aids-prosjektet er tydelege på dette- vi skal hjelpe alle, ingen skal oppleve diskriminering.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

«Misjonsalliansen stiller seg nøytrale til spørsmålet rundt homofili.», meiner ein av dei norske utsendingane. Heime i Noreg har dette vore eit omdiskutert tema, særleg no i tida rundt kyrkjevalet, medan på El Alto er ikkje homofile sine rettar ei like offentleg sak. Både internt i protestantiske og katolske kyrkjer på El Alto blir homofili ofte sett som negativt. Også aymaratradisjonar vert brukt av somme til å legitimere slike haldningar, fekk eg høyre under ei førelesning om andinsk filosofi på det katolske instituttet ISEAT I La Paz, der dei mellom anna fortalte at tanken om at ei kvinne må ha ein mann for å vere «heil», og det same omvendt. Når ein ikkje er eit «heilt» menneske, vil ein ikkje fungere like godt. Mange meiner det er ein lang veg å gå før homofili kan bli offentleg akseptert på El Alto. Likevel har MAN B nokre frivillige som har stått fram internt i organisasjonen med si homofile legning. Men kan ein eigentleg seie at MAN B stiller seg *nøytrale* i forhold til homofili?

«Vi ynskjer å vise at vi aksepterer alle menneskje, og at alle er like for Gud. Personleg meiner eg det er galt å vere homofil, men eg respekterer dei, og har ingenting i mot å arbeide med eit menneskje med homofil legning.» (Fernando, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Dette fortalde den bolivianske informanten eg møtte på Centro del Salud. Svaret frå den tilsette er på ingen måte nøytralt. Når det kjem til spørsmålet rundt homofili, fikk eg eit interessant svar frå ein annan av prosjektets bolivianske tilsette: «Før eg fekk jobben, fikk eg beskjed om at eg kom til å få nokre kollegaer med homofil legning. For meg var dette eit dilemma, og eg måtte gå fleire rundar med meg sjølv før eg takka ja. Svaret fann eg i Bibelen. Jesus elsker alle, og eg innsåg at det også måtte gjelde for homofile». Her viste MAN B korleis dei forsøker å stille seg nøytrale til homofili gjennom ei handling: dei fortalde at vedkomande kom til å arbeide saman med menneskje med homofil legning, men forsøkte på ingen måte verbalt å «påtvinge» haldningar rundt dette.

«Eg meiner det er viktig å ta dette gradvis, ein kan ikkje endre haldningar over natta.»(Raul, frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet, 20-30 år, protestant, El Alto).

Måten informasjonen ein av dei tilsette fekk om at vedkomande kom til å få samarbeidspartnarar med homofil legning, vart gjort utan noko form for belæring om haldningar, eller andre former for «press». Vedkomande fekk tid til å tenkje over saka sjølv før det vart snakk om han tok jobben eller ikkje. Dette var ein måte å indirekte gi beskjed om korleis organisasjonen stiller seg til homofili og samarbeid med menneskjer med homofil legning, utan at det vart lagt så stor vekt på (anna enn at det i det heile faktisk vart nemnt). I Bolivia er synet på homofili i større grad forbunde med synd, og noko unaturleg, og det blir då ei ekstra stor utfordring å kome med meir liberale haldningar i forhold til dette når det kjem til samarbeid. Samstundes var det nokre av mine yngre informantar som meinte dette ville endre seg med tida:

«Eg trur det er forskjell på korleis unge og gamle tenkjer om homofili.» (Mia, student og frivillig, 15-20 år, protestant, La Paz)

Ein av dei tilsette, ein mann i 30-åra fortalde at han hadde endra synet på homofile etter at han fekk jobbtilbod frå MAN B gjennom ein draum der han forklarte at Gud fekk han til å innsjå at han måtte hjelpe dei homofile:

«Då eg vart fortald at eg skulle arbeide saman med homofile ville eg ikkje akseptere det. Men så fikk eg ein draum. I draumen var det Gud som talte til meg. Fyrst viste han meg korleis eg forelska meg i kona mi. Eg møtte henne då eg studerte, og vi har heldt saman sidan den gongen. Gud spurte meg kvifor, og eg svarte fordi eg elsker henne. Gud spurte meg kvifor eg elsker henne, og eg svarte at eg elsker henne fordi ho behandlar meg godt, fordi ho er glad i meg, og fordi ho viser at ho er glad i meg. Gud svarte at slik eg elsker mi kone, så må eg også elske mine medmenneskje. Han fortalde meg at ingen som kom til han skulle bli avvist, men dei skulle lære å elske Gud, slik som eg elsker kona mi. Ein homofil, ein katolikk, ein som trur på Pachamama, ein moromonar, ein alkoholikar eller ein løgnar kjem ikkje inn i himmelriket, men du kan vise dei den rette vegen, og det må du gjere.» (Jose, pastor og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Når det kom til endring av synet på homofile var det ein annan av mine yngre informantar som refererte til korleis dei unge også kan vere det beste utgangspunktet for endring, også generelt på alle områder, ikkje berre når det kjem til synet på homofili:

«Eg opplev eit generasjonsskifte her på El Alto. Medan dei eldre ikkje er opne for å ta til seg ny kunnskap, og berre held seg til alkohol og andre dårlege vaner, er dei unge klare for å få meir kunnskap slik at dei kan ta meir ansvar.» (Hernan, frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet, 20-30 år, protestant, El Alto)

Som nemnd er homofile ei av dei mest utsette gruppene når det kjem til stigmatisering og diskriminering grunna HIV/Aids. Men under feltarbeidet vart det også framheva at også kvinner kan betraktast som ei spesielt utsatt gruppe, noko eg snart vil kome nærmare inn på.



(Politikvinne på El Alto. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Forholdet mellom mann og kvinne

Mange av prosjektets tilsette trakk fram forholdet mellom mann og kvinne som ei av dei utfordringane ein ser knytt til HIV/Aids på El Alto, dette var noko eg ikkje fekk gått så nær innpå, mest fordi det ikkje var så ofte at det dukka opp som tema i samband med prosjektet. På Centro del Salud fekk eg vere med på eit møte som handla om vald i heimen, då spesielt retta mot kvinner. Dei frammøtte var både menn og kvinner, og under møtet skulle dei frammøtte fortelje om sine opplevingar og saman skulle dei frammøtte og leiarane for møtet diskutere kva ein kunne gjere for å betre situasjonen. Det som kom fram var at dei frammøtte var samde om at mange kvinner på El Alto opplever vald i heimen, og mange meinte dette hadde noko med «machisme» å gjere, eit kvinne syn som går ut på at mannen føler seg overlegen. Det vart også snakka om at machoismen sto sterkare no enn før. Også ein av dei norske utsendingane fortalde at dette var eit stort problem. I eit intervju med sosialantropolog Alison Spedding på universitetet UMSA (Universidad Mayor de San Andrés) i La Paz fortalde ho at dette var noko som var vanskeleg å seie sikkert, sidan ein av årsakene til at ein har høgare statistikkar på dette området i dag er at det er større rom for å melde slike saker. Både fordi det er oppretta fleire senter der ein kan be om hjelp, som Centro del Salud på La Ceja, men også fordi det er mindre fordommar rundt dette i dag. «Om ein for nokre år sidan til dømes hadde rapportert at ein hadde blitt utsett for valdtekt, ville ein automatisk blitt stempla som ein prostituert», meinte Spedding. Utfordringane på dette området er vanskelege å få tak på, sidan mykje har med haldingar å gjere, og at det meste skjer innanfor husets fire veggar, i tillegg er det jo også mange som har gode forhold seg i mellom, og det blir ofte vanskeleg å oppdage dei som treng hjelp.

«Dersom ein mann får hiv, er det vanleg at han skylder på kona, sjølv om det er han som har vore utro og sjølv blitt smitta før han smitta kona si. Det er forskjell på korleis menn og kvinner opplev denne situasjonen, og det er ofte kona som blir sittande igjen med ansvar for ungene om noko slikt skjer, og dei økonomiske utfordringane blir fort store. I tillegg har det også noko med skam å gjere, ei kvinne som får hiv blir sett meir ned på, meir enn om ein mann får hiv. Likevel er det sjølv sagt vanskeleg for begge partar, men kvinner er ofte meir sårbare om du forstår kva eg meiner. Ein mann som har fleire damer blir sett som «macho», medan ei kvinne som har fleire menn blir sett som ein prostituert.»(Fernando, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz)

Ein annan av informantane mine fortalde også at det er meir fokus på skam når ei kvinne får diagnosen hiv, mykje på grunn av fordomane som ligg til grunn:

«Ofte har folk fordomar mot menneskjer med hiv eller aids. Dei tenkjer at desse personane har hatt samleie med fleire menneskjer, noko som blir sett som ei stor skam, spesielt når det gjeld kvinner.» (Mia, frivillig og student, 15-20 år, protestant, La Paz)



(Eg kunne hugse denne plakaten frå mitt førre opphald i Bolivia. Plakaten kan ein finne i nærleiken av La Ceja på El Alto, og ein ser ein mann som stryk ei kvinne på kinnet, noko som skal signalisere at ein mann må vere god mot kona si. Dette er ein del av ein kampanje for vald mot kvinner i heimen på El Alto og i La Paz. Biletet er lånt med løyve frå ein av dei norske utsendingane sin private blogg.)

Korleis blir forholdet mellom menn og kvinner slik? Kva er årsaka til at kvinnene får skylda? Kvifor er det ofte kvinna som blir verande med alt ansvaret for ungane?

«Årsaka til at menn oftare er utro enn kvinner handlar også om at kvinner ofte er heimeverande husmødrer, medan menn reiser meir sidan dei er ute i arbeid, og ofte må dei reise langt for å arbeide. Difor var det nok flest menn som vart smitta av hiv-viruset i byrjinga, medan fleire kvinner vart smitta etter kvart, noko som gjer at det i dag er om lag like mange kvinner som menn som lev med viruset i kroppen.» (Lege, Centro del Salud, 40-50 år, katolikk, El Alto)

MAN B sine tilsette fortel at dei på grunn av desse utfordringane legg vekt på å styrke kvinners posisjon i samfunnet, men viktigast av alt i familien. Dette er noko som gjerast ved å til dømes arrangere kurs i ulike handverk, noko som har vore eit av delprosjekta internt i organisasjonens HIV/Aids-prosjekt. Ved å gi kvinner mogelegheit til å lære eit handverk, kan dette vere med på å opne for at kvinner på sikt kan verte ei av familiens viktigaste inntektskjelder, og slik kan dette styrke posisjonen til kvinner internt i familien, men også i samfunnet.

Både homofile og kvinner kan oppleve å vere ein del av utsette sosiale grupper, men på El Alto og i La Paz handlar stigmatisering og diskriminering også ofte om klasseskilnadar, som eg vil kome nærmare inn på no.

Klasseskilje

«Kvifor tek du minibuss, du som har råd til taxi?», eit spørsmål ein av dei norske utsendingane ofte opplevde å få. I det urbane, klassesdelte Bolivia er det ikkje uvanleg at dei rike vel dei dyraste alternativa, medan menneskjer frå dei lågare samfunnslaga fyller seta i kollektivtrafikken. Men det er ikkje berre i kollektivtrafikken spørsmålet om klassetilhøyrse dukkar opp, dette er noko som ein kan oppleve overalt i samfunnet på El Alto og i La Paz, i alle situasjonar der møter mellom menneskje oppstår. Når ein kjem frå eit relativt egalitært samfunn som Noreg, er det fort gjort å legge ekstra godt merke til, og kanskje fascinere seg over, korleis klasse kan ha noko å seie. Ein ser det på måten menneskjer oppfører seg mot kvarandre på, men i følgje mine informantar er dette også noko ein i følgje informantane mine mellom anna kan bedømme ut i frå klesstil, hårfarge eller hudfarge. Det er jo ikkje slik at dette er totalt fråverande i Noreg, men som ein «vanleg» student med deltidsjobb blir det uvant å plutselig oppleve å rykke eit par hakk opp den sosiale rangstigen, særleg når eg antakeleg ville gått tom for pengar om eg skulle tatt taxi overalt. Med vestleg utsjånad blir ein raskt rekna for å vere ein del av det høgste klasselaget. Eg vart nysgjerrig på kva Misjonsalliansens norske og bolivianske tilsette har opplevd i forhold til dette. Kan ein oppleve klasseforskjellar internt i organisasjonen? Og kan klasse ha noko å seie i samband med prosjektet?

«Som nordmann har eg opplevd å bli behandla annleis enn mine bolivianske kollegaer. Eg blir ofte behandla betre. Om eg for eksempel kjem på hovudkontoret og seier eg treng ein bil til i morgon, så får eg det, medan eg veit at fleire av mine bolivianske kollegaer ikkje ville fått den bilen på så kort varsel. Det same gjeld når eg gjer feil, då går det gjennom utan at det får konsekvensar. Dette blir jo vanskeleg å forholde seg til, eg vil jo ikkje utnytte dette og eg har sagt i frå fleire gonger. Dette er sjølv sagt også personavhengig, det er ikkje alle mine bolivianske kollegaer som er slik. Eg og min nærmaste kollega har fått litt internhumor rundt dette, og han seier ofte at eg må bruke mitt «kvite ansikt» når det er noko vi ynskjer å få gjennom.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Klasseskilje er noko som nemnd kan sjåast svært tydeleg i Bolivia. Måten menneskje i ulike stillingar ser på kvarandre, snakkar til kvarandre og oppfører seg rundt kvarandre er noko ein kan legge merke til. Det var noko eg ofte sjølv kunne oppleve ved å observere korleis menneskje til dømes kunne behandle ei hushjelp, der menneskje ofte ikkje viste respekt og viste at dei betrakta vedkomande som ein «tenar». Fullt så ille er det ikkje internt i MAN-B, men som ein av dei norske utsendingane seier, så er det forskjellar på korleis ein behandlar kvarandre også der.

«Det er heilt normalt å oppleve at menneskjer ikkje vil hjelpe deg på grunn av din sosiale status, og at dersom dei likevel gjer det, kan det vere ein baktanke ved det. Alle er sjølv sagt ikkje slik, men det er ikkje uvanleg heller, dessverre. Dette kan vere vanskeleg når ein møter menneskje med gode baktankar, fordi ein mistenker dei for å

ikkje ha det. Dette er noko eg sjølv har opplevd i møte med nordmenn, eg har tenkt at «kvifor er det så hyggelege mot meg? No er eg jo kjend med dykk, men du forstår kanskje kva eg meiner?» (Noemi, frivillig, 20-30 år, protestant, La Paz)

«Klasse har ei betydning her i Bolivia, og eg føler det ofte er litt skremmande kor viktig det er. Eg merkar t.d. forskjell på korleis andre ser på meg og snakkar til meg i forhold til hushjelpa mi. Det er frustrerande. Mange synst t.d. også det er rart at eg tek minibuss, og ikkje taxi når eg har råd til det. Det er tydelegvis viktig å vise sin eigen status.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Dei norske utsendingane uttrykte at det kunne vere vanskeleg å forholde seg til dette, spesielt på arbeidsplassen der ideen er at alle dei tilsette skal vere likestilte, og ein av dei norske utsendingane fortalde at ho hadde gitt beskjed om dette på arbeidsplassen, men at det i det store og det heile ikkje hadde endra seg stort. Men det var verre for dei bolivianske tilsette, særleg dei som arbeidde som frivillige, sidan dei ofte uttrykte at dei ikkje alltid var sikre på at dei ville bli høyrte dersom dei hadde nokre innvendingar på korleis til dømes prosjektet burde vere. Nokre av dei frivillige i HIV/Aids-prosjektet hadde dette synspunktet. Men om dette var på grunn av klasse eller ikkje er vanskeleg å seie. Samstundes meinte mange av dei tilsette at klasseskilje var noko som ikkje var tilstade internt i MAN-B.

Eit lite innblikk i Aymaraverda



(Ein typisk reklameplakat på El Alto med ei aymarakvinne som viser fram vaskemiddel. Det interessante er at ein slik reklameplakat ville ein ikkje kunne sett før Evo Morales og MAS tok styringa i Bolivia i 2006. Biletet er lånt med løyve frå ein av dei norske utsendingane sin private blogg.)

I denne delen vil eg gi eit lite innblikk i den komplekse «aymaraverda», som eg har vald å kalle den. I innblikket eg vil gi vil eg ta utgangspunkt i intervju og observasjonar frå feltarbeidet. Som eg nemner innleiingsvis er det ikkje snakk om ei befolkningsgruppe med *ein* kultur, men ei samling av fleire grupper med stor kulturell variasjon seg i mellom, men med eit felles språk og nokre felleskulturelle trekk. Kulturmøta som vart skapt gjennom MAN-B sitt HIV/Aids-prosjekt er i stor grad møte mellom menneskje som identifiserer seg som aymara og menneskje som ikkje identifiserer seg som aymara. Eg meiner aymarafolka fortener litt ekstra plass i oppgåva mi, sidan dei var ein stor del av mi oppleving av El Alto, då både mange av MAN-B og Hiv/Aids-prosjektets tilsette ser seg sjølve som aymara. Men kven er det som identifiserer seg sjølv som aymara? Undervegs i feltarbeidet var dette eit spørsmål som kunne få svært ulike svar, og eg meiner dette er med på å vise kor komplekst eit kulturmøte kan vere, når det er så mange ulike eller motstridande meningsinnhald som kan knytast til det.

Eit spørsmål om etnisitet

«Ein aymara er ein person som driv jordbruk på Altiplano, og har Pachamama eller «moder jord» som sin Gud. Eit karakteristisk trekk er at ein aymara snakkar aymara, og nokre gonger snakkar dei ikkje spansk. Det finst ikkje så mange menneskje med aymarabakgrunn i La Paz, men på El Alto er der fleire.» (Noemi, frivillig hjå MAN-B, 20-30 år, protestant, La Paz)

Dette var svaret eg fikk då eg spurte ei av dei frivillige hjå MAN-B om ho kunne fortelje meg kven som identifiserte seg som aymara. Men dette var berre ein av mange måtar folk kunne forklare omgrepet på, nokre gonger fekk eg også høyre at El Alto var aymarafolka sin hovudstad, medan andre fortalde at det ikkje var så mange med aymarabakgrunn som budde på El Alto. Omgrepet «aymara» kan vere vanskeleg å forstå. For kven er aymara, og kven er ikkje det? Grensene framstår som uklare, noko eg sjølv la merke til under feltarbeidet. Ei av MAN B sine frivillige fortalde at bestemor hennar ikkje brukte å kle seg tradisjonelt som ein *cholita*, sjølv om ho er aymara. «Identifiserer du deg som aymara?», spurte eg. «Nei, eg gjer eigentleg ikkje det», svarte ho. Kvifor gjorde ho ikkje det når både foreldra og besteforeldra identifiserte seg som aymara?

«The South American highlands are replete with people of «full blooded» indigenous descent who are not considered either by themselves or others as Indians.»⁶⁸

Etnisk tilhøyrse betyr ikkje det same overalt, noko ein også kan seie om ein god del andre vestleg konstruerte omgrep. Dette er noko ein må tenke over i forskingsprosessen for å ikkje legge eit anna meiningsinnhald i noko ein forskar på, enn det som faktisk er realiteten. I Bolivia meiner forskarane etnisitet seier noko om sosial tilhøyrse, og at det handlar om korleis ein framstår for *kven*.

«In a country like Bolivia it is of immense social importance,- and those denominated “Indians” suffer intense discrimination, are frequently despised as dirty and brutish, and when they move to urban areas, they are relegated to the most backbreaking and dangerous of jobs.»⁶⁹

Sitatet kjem frå sosialantropologen Andrew Canessa, og vart skriva i 1998. Mykje har endra seg sidan den gong, men haldningar som kjem fram her kan ein framleis finne i dagens El Alto. Etter at eg forlèt Bolivia i desember 2014, vart det opna ei taubane som gikk heile vegen frå El Alto til bydelen Achumani i La Paz, eit av dei dyraste områda i La Paz. Ein av utsendingane skriv på

⁶⁸ Canessa, 1998: 227

⁶⁹ Canessa, 1998: 228

Misjonsalliansens blogg⁷⁰ at utsegn som «No kjem rottene frå El Alto» kunne høyrast av misnøgde, rike bolivianarar, då innbyggjarane frå El Alto byrja å vitje området for fyrste gong. Som eg nemner innleiingsvis er klasse eit framtrudande tema i Bolivia, og det er ikkje dei ulike urfolksgruppene som står øvst på den.

«El Alto har store økonomiske utfordringar, og opplevinga av å få diagnosen hiv opplevast ofte verst i fattige miljø, og mange av menneskja i fattige miljø har aymarabakgrunn.» (Lege, Centro del Salud, 40-50 år, katolikk, El Alto)

Korleis omtalar aymarafolka seg sjølve? Fleire forskarar har komt fram til at aymarafolka har ei anna forståing av etnisk tilhøyrslse, der dei skil mellom *jaqi* (aymara) og *q'ara*. *Jaqi* betyr folk, medan *q'ara* betyr «skrelt», direkte oversatt. Sistnemnde er ei beteingning for folk som er «skrella» for essensiell kultur.⁷¹ Ein person som tidlegare var *jaqi*, men som t.d. flytta til El Alto, vil ofte bli omtalt som ein *q'ara*, vedkomande høyrer dermed ikkje like mykje til lokalsamfunnet som før, sidan vedkomande har «mista» ein del av den essensielle kulturen han eller ho ein gong var ein større del av. Dette kan ein sjå i samanheng med at det er mange frå dei kringliggande landsbygdene som opplev overgangen frå bygd til by som tøff. Å rekne seg sjølv som aymara betyr ikkje nødvendigvis at ein ser seg sjølv som *indigena*. Informantane mine meinte at *indigenas* var menneskje som budde på landsbygda, og som levde meir tradisjonelt enn menneskja i byane, kan dette sjåast i samanheng med korleis aymarafolka omtalar seg sjølve, med tanke på at ein «mistar» litt av sin essensielle identitet om ein forlét landsbygda til fordel for byen?

⁷⁰ www.misjonsalliansen.no (9)

⁷¹ Canessa, 1998: 228

Kultur og Religion



(Ei katolsk kyrkje på El Alto, med eit andinsk kors på kyrkjespiret. Foto: Johanne Otilie Espe)

Antropologen Xavier Albò snakkar om aymarafolka og religion på denne måten:

In reality, perhaps, it is impossible to speak of “the” Aymara religious experience but only of an infinite number of Aymara experiences. I refer not only to the uniqueness of each personal religious life, but also to the great multitude of variants, symbolic languages and microcosmic, local syntheses found across the length and breadth of the high plains and valleys that comprise the world of the Aymara.⁷²

Aymaratradisjonar vart ofte eit tema under feltarbeidet, og informantane mine snakka spesielt mykje om korleis aymarafolka sine tradisjonar har fått ein kristen dimensjon etter arva frå Columbus, og ein av dei norske utsendingane forklarte at ho såg dette som ei form for synkretisme. Religion vil alltid vere prega av kultur, og vil alltid vere forma av konteksten der den vert praktisert. Protestantisme og katolisisme er eksempelvis ikkje det same i Noreg som i Bolivia. Å snakke om synkretisme blir slik som å påstå at det finst ein rein form for religion, og gjer det eigentleg det?

⁷² Albò, 1996: 119



(Under den årlege alasitasfeiringa er det vanleg å kjøpe figurar som symboliserer noko ein ynskjer skal oppfyllest for nokon ein er glad i. Eit viktig steg i denne tradisjonen er å få figuren velsigna. Ein kan få tak i det meste når det er alasitas, men nokre av figurane som er mest ettertrakta kan til dømes vere ein hane, sidan den representerer maskulinitet. Det betyr at om ei kvinne ynskjer seg ein mannleg kjærast, er det ein hane ho treng. Ein kan velje om ein vil velsigne figuren hjå ein aymaraprest, hjå ein katolsk prest, eller hjå begge to (mange vel begge). Foto: Johanne Otilie Espe)

Då spaniarane kom til Bolivia var målet å kristne befolkninga, noko som skal ha vore Columbus' største draum. Ein strategi var her å gi aymaratradisjonar ein kristen dimensjon, slik at dei på den måten kunne integrere kristendomen inn i aymarafolka sine tradisjonar, sidan dei innsåg at det var umogeleg å eliminere dei tradisjonane som allereie var ein del av dei lokale kulturane. Dette er noko ein den dag i dag framleis kan sjå og oppleve i Bolivia. Til dømes kan ein sjå dette gjennom feiringa av *Todos Santos* (Allehelgensafta), der ein feirar at dei døde kjem tilbake til jorda for ein dag. Opphavleg hadde aymarafolka ingen ide om himmel og helvete, men dei hadde ein ide om tre verder; *Alax Pacha* (oververda), *Aka Pacha* (jorda) og *Manfua Pacha* (undergrunnen). Ingen av dei tre verdene var betre enn den andre, men spaniarane fekk her innlemma ideen om himmel og helvete. Slik vart det at ideen om at dei døde kjem til jorda for ein dag, no handlar om at dei kjem *ned* frå *himmelen*. Ein kan også sjå spaniarane sin påverknad gjennom at kristne symbol ofte er plassert på høgder i fjella, og at dette ligg til grunn for at fjella og høgder har vore heilage for aymarafolka.



(Ein gamal, katolsk kyrkjegard for gruvearbeidarar framfor mektige Huayna Potosi (6088 moh). Spanjolane visste at fjella hadde ei viktig betyding for folket i Andes, og byrja straks å plassere sine egne heilagdomar nærme slike områder. Av den grunn er det så vanleg med kristne symbol i Andesfjella. Foto: Johanne Otilie Espe)

Pachamama eller «moder jord» på norsk er sentral i aymaratradisjonar, og det er som regel henne ein ofrar til når ein utfører religiøse ritual av ulike slag. Offer til Pachamama kan foregå på svært ulike måtar, t.d. er det vanleg at dersom ein tek eit glas øl, så ofrar ein til Pachamama ved å helle litt på golvet. Alkohol er eit viktig element i aymarakulturar, og er ein av elementa ved aymaratradisjonar som MAN B sine tilsette, både bolivianarar og nordmenn, fortalde at dei ynskte å distansere seg frå dersom det skulle vere ei feiring av noko slag i regi av organisasjonen, som eg vil kome tilbake til seinare. Sosialantropologen Canessa fortel at årsaka til at mellom anna alkohol er så viktig, er at når ein drikk det, så kjem ein nærmare den den åndelege verda.⁷³ Det er mange andre element som har denne funksjonen, men det er alkoholen som ofte opplevast som den mest utfordrande for andre i møte med aymarakulturar, slik det i følgje mine informantar var for dei.

⁷³ Canessa, 1998: 234



(Ein Yatiri (aymaraprest) er i ferd med å avslutte eit ritual for beskyttelse. Det var ein middelaldrande sjåfør som trong beskyttelse- snart skulle han køyre vidare med si tunge last ned langs den berykta «El Camino de la Muerte», også kjent som «Dødsvegen» på norsk. Ritualet besto av å brenne kokablad og eit tørka lamafoster på bålet, samstundes som Yatirien ringde i ei bjølle og ba for sjåføren. Til slutt, som ein ser på bilete, helte yatirien alkohol på bålet. På same høgda som ritualet vart utført, sto det også ein stor statue av Jesus, med utstrakte armar. Under slike ritual som på biletet, blir det ofte henvist til både den aymarske Pachamama (moder jord) og Gud eller Jesus- det er dermed ikkje sagt at det alltid er slik; mange tek også avstand frå kristen tru, og held seg utelukkande til aymarske tradisjonar. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Politikk

«Bolivia er eit land med mykje diskriminering, til tross for at lova seier alle er like, så er det ikkje slik i røynda. Vi har ein president med urfolksbakgrunn, og det er han ikkje redd for å vise. Han har kjempa for at Bolivia skal vere eit land som har kontroll over sine eigne ressursar, og for at alle skal vere likeverdige. Men fattigdomen er eit stort problem her i Bolivia, og mange av dei fattige har urfolksbakgrunn». (Lege, Centro del Salud, 40-50 år, katolikk, El Alto)

Evo Morales er i dag Bolivias president, og er som nemnd den fyrste presidenten landet har hatt med urfolksbakgrunn. Mykje av endringane ein har sett på El Alto og elles i Bolivia, er framhevinga av urfolkskulturar. Noko eg la merke til under feltarbeidet var mellom anna fleire reklameplakatar med namnet «Tupac Katari» på. Tupac Katari var aymara og leiar for urfolksaktivistar som ville lausrive

seg frå det spanske imperiet tidleg på 1780-talet.⁷⁴I dag er Tupac Katari også ein del av det kommersielle bildet i Bolivia, og har mellom anna fått Bolivias nye telekommunikasjons satellitt oppkalla etter seg.

Urfolket i Andes har sitt eige flagg, *Wiphala*, som for fyrste gong vart offentleg godkjent i 2009. Dette er også, saman med mellom anna Tupac Katari, eit anna moment frå aymarakulturar som har fått større plass i det offentlege rom etter at Evo Morales tok over makta. At dette ikkje hende før er ein indikasjon på urfolkets lange kamp mot konstant diskriminering og undertrykking. Mange meiner flagget er negativt sidan det kan vere med på å skape ytterlegare splittelse mellom urfolket og mestisar/kvite i Bolivia, der forholdet mellom dei ulike partane har vore (og er) basert på klasseforskjellar, som eg har nemnd tidlegare i oppgåva. Under ulike hendingar i regi av MAN-B, der lokalbefolkninga også var med, var urfolkets flagg ofte representert.



(Politisk reklame: Hausten 2014 vann Evo Morales nok ein gong valet i Bolivia, og gikk inn i sin tredje periode som president. Han er spesielt populær for å ha arbeidd for urfolkets rettar, og som det står skrive på muren på bildet, så er Evo sett som «Pachamamas' beskyttar» på El Alto. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Å gjere seg kjende med lokalbefolkninga sitt levesett og verdsbilete var for mange av dei tilsette, spesielt dei norske utsendingane, noko som var ein del av arbeidet på El Alto som gjorde jobben hjå MAN-B så spanande. I neste del vil eg gå nærmare inn på forholdet dei tilsette har til lokalbefolkninga.

⁷⁴ Klein, 2001: 242-259

Forholdet til aymarafolka

Då MAN-B sine tilsette fortalde meg om samarbeidet med lokalbefolkninga, var det som regel aymarafolka det var snakk om, sidan dei som nemnd utgjer majoriteten av befolkninga på El Alto. Det var stort sett dei norske utsendingane som uttalte seg rundt dette, for dei bolivianske tilsette var det å snakke om lokalbefolkninga som å snakke om «sine egne», sidan dei fleste sjølv bur på El Alto. MAN-B sine tilsette la heile vegen vekt på at kulturtilpassing, tillit til lokalsamfunnet, fokus på eit godt samarbeid, språk og kulturkjennskap har vore viktige strategiar i møte med lokalbefolkninga.



(Fotballkamp mellom norske utsendingar og deler av lokalbefolkninga i eit av prosjektområda utanfor El Alto. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Ein av dei norske utsendingane fortel dette om forholdet til lokalbefolkninga:

«Eg opplev på ingen måte at det er «den kvite mann» som kjem inn og skal fortelje korleis ting skal gjerast, men at det er eit samarbeid med lokalsamfunnet som gjer at vi klarer å utnytte ressursane på ein heilt spesiell måte. Til tross for dette er det jo klart at vi også kan mislykkast til ein viss grad, men som det er elles i livet, så er jo også dette noko ein lærer av. Prøving og feiling trur eg førekjem i alt utviklingsarbeid. Men det er jo heller ikkje slik at vi aldri lykkast, for det gjer vi svært ofte slik eg ser det.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Kulturtilpassinga til lokalsamfunnet skjer i samarbeid med tilsette som kjenner den lokale kulturen og språket, som ofte er aymara. Dei fleste av dei tilsette på El Alto snakkar aymara i tillegg til spansk, til dømes i arbeidet mot hiv/aids er dette svært viktig.

«For at hjelpa skal nå ut til alle, er det viktig å ha lokale samarbeidspartnarar. På El Alto og i landsbygdene rundt lev det menneskjer som snakkar betre aymara enn spansk, og det betyr difor mykje for organisasjonen at vi har medarbeidarar som snakkar aymara. På den måten får ein kanskje lettare respekt i lokalsamfunna der vi arbeider.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

«Eg meiner det er til stor hjelp at fleire av våre medarbeidarar snakkar aymara, på den måten blir relasjonen til lokalbefolkninga meir direkte, enn om vi kun hadde hatt spansktalande tilsette (det er ikkje eingong alle bolivianarar som snakkar spansk). I tillegg føler eg det er ein gjensidig respekt, at det går begge vegar, t.d. når vi er med på ei opning av noko, så er det som regel stor openheit for korleis dette skal gjennomførast. Ofte er det dei lokale som styrer det som skal skje, t.d. i form av ritual og utsmykking. Samstundes får også Misjonsalliansen respekt ved at vi får tale og grunnngi våre syn, i tillegg til at dei lokale t.d. kan vise respekt ved å unnlate å ta med alkohol til feiringa, noko dei ofte brukar å ha med når dei skal ha ei feiring av noko slag» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Tilliten til lokalsamfunnet grunnar i at MAN-B, som den norske utsendingen seier, ikkje ynskjer å vere ein organisasjon som kjem og fortel korleis ting skal gjerast. Dei ynskjer at lokalbefolkninga skal kunne ta ansvar sjølve, som til dømes at lærarane på skulane på El Alto held fram med å undervise om hiv/aids, også når MAN-B har trekt seg ut av området. Mange av dei tilsette forklarar denne tilliten ut i frå den kristne trua, slik som den norske utsendingen gjer her:

«Medlemmane av Misjonsalliansen føler at Gud har gjeve dei eit eksempel i det at han stoler på dei som sine tenarar, og at han slik lærer misjonæra å ha tillit til lokalsamfunnet.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Samarbeidet med lokalbefolkninga hadde dei tilsette mange gode erfaringar med, men som den norske utsendingen seier, kan lokalbefolkninga reagere negativt om dei opplever å bli korrigert utanfrå.

«Eg har tidlegare sagt at ein av grunnane til at eg trur det går så bra med prosjekta, er stoltheita ein ser hjå bolivianarane, og ein stor vilje til å få ting gjort. Men denne stoltheita kan også vere ei utfordring. Vi norske som arbeider her i Bolivia er jo her mellom anna for å sjå at pengane kjem fram, og at dei kjem til nytte. Er det noko ein då ynskjer å korrigere, er det ikkje alltid så enkelt. Dei likar nok ikkje at nokon kjem utanfrå og korrigerer dei.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz)

Sjølv om organisasjonens tilsette seier at arbeidet i prosjekta skal skje på lokalbefolkninga sine premisser, hender det altså likevel at organisasjonens tilsette opplever at det dukkar opp noko dei

ynskjer å korrigere med arbeidet. Dei tilsette hjå HIV/Aids-prosjektet forklarte at det kunne dukke opp meiningar som kunne verke motstridande, til dømes kan ein oppleve at menneskje heller vil nytte tradisjonell medisin når dei er sjuke. Mange meinte også at dette ikkje er så vanleg lenger, og at det i hovudsak gikk ut på å kombinere tradisjonell medisin med «vestleg medisin».

«Mange som merkar dei er sjuke byrjar ofte med tradisjonell medisin.» (Hernan, frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet, 20-30 år, protestant, El Alto)

«Mange som blir sjuke går fyrst til ein tradisjonell lege, årsaka er jo delvis at det er det billigaste alternativet, samstundes som mange har sterk tiltru til tradisjonell medisin.» (Raul, frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet, 20-30 år, protestant, El Alto)

Informantane mine meinte stort sett at dette ikkje lenger er så utbredt på El Alto, og at det er vanlegare å gå til tradisjonell lege når ein bur på landsbygda. Dei meinte at utfordringa rundt bruk av riktig medisin i storbyen ofte er at mange berre går til apoteket når dei er sjuke, og då vil ein jo ikkje finne ut om ein er smitta av hiv-viruset eller ikkje. Informantane meinte det handla mykje om mangel på informasjon, samstundes som mange tenkte det ville vere billegare å ikkje gå til lege. Apotek og butikkar der dei sel tradisjonell medisin er svært tilgjengelege. Områder med butikkar der dei sel tradisjonell medisin vert ofte kalla «heksemarknad», men det er nok eit namn desse butikkane har fått utanfrå, og ligg mest til grunn fordi desse også sel til dømes lamafoster og andre ting ein nyttar under tradisjonelle ritual. Eg fikk høyre av ein lege i tradisjonell medisin at mange meinte det beste var å «bruke litt av alt», for å vere på den sikre sida.

Alt i alt meinte dei tilsette, spesielt dei norske, at det var spennande å lære om korleis menneskje såg sjukdom, og korleis dei tenkte rundt dette.

Undervegs i feltarbeidet gjennom HIV/Aids-prosjektet var eg med på mange deler av prosjektet der dei tilsette var i direkte møte med lokalbefolkninga. Eg vil likevel trekke fram eit møte som ikkje hadde noko med HIV/Aids-prosjektet å gjere, men som eg meiner viser korleis organisasjonen møter dei lokale.

Opning av ny volleyballbane: eit samarbeid mellom MAN-B, kommunestyret på El Alto og lokalbefolkninga

Misjonsalliansen spelar ofte ei rolle under feiringar av diverse slag i sine prosjekt. Under mitt feltarbeid fekk eg vere med på ei av desse. Dette var ein av dei dagane der det ikkje hende noko i samband med HIV/Aids-prosjektet, og fleire av dei tilsette i prosjektet var med på å markere denne hendinga. Denne gongen var det ei opning av eit nytt idrettsanlegg på El Alto som skulle finne stad. Dette var eit samarbeid mellom Misjonsalliansen og kommunen på El Alto. Saman med El Altos ordførar⁷⁵ og fleire lokale politikarar, skulle Misjonsalliansens tilsette (med ein norsk representant) vere med på opninga av den nye volleyballbana. Misjonsalliansens tilsette takka Gud i sine taler, medan aymaratradisjonar også var representert i form av utsmykkinga av inngangspartiet til opninga, der mellom anna urfolkets flagg *Wiphala* var ein viktig del av dekorasjonane, i tillegg til dei ulike rituala som vart gjennomført i forbindelse med opninga. Under mitt feltarbeid var dette det arrangementet der samarbeidet mellom MAN-B og lokalbefolkninga kom tydlegast fram.

Under seremonien vart det også servert poteter med tilbehør på eit stort teppe- dette er ein tradisjonell måte å halde eit festmåltid på, og poteta, som blir sett som heilag i Andes,⁷⁶ er ein av dei viktigaste ingrediensane til eit vellukka festmåltid. Alle som var med var velkomne til å forsyne seg. Sjølv måltidet symboliserer meir enn berre eit måltid- men eit fellesskap, og var difor med på å bygge opp under samarbeidet mellom MAN-B, lokalbefolkninga og dei lokale myndighetene. Det at aymarafolka sine tradisjonar her sto i fokus, var også med på å vise korleis MAN-B lar lokalbefolkninga få vere med på å bestemme korleis ting skal gjennomførast.

Ein av dei norske utsendingane fortel at dette er ein viktig måte for Misjonsalliansen å arbeide på- at ein viser respekt for lokale tradisjonar og ikkje styrer korleis alt skal vere utført, samstundes som det er viktig for Misjonsalliansen å vise kva dei står for og kvifor dei ynskjer å arbeide med slike prosjekt. Ein av dei norske utsendingane meiner dette er eit teikn på gjensidig respekt- at ein har med innslag frå kvar kant i markeringa. Utsendingen meiner at ein på denne måten legg til rette for eit godt samarbeid og gode relasjonar mellom partane, der samarbeidet skal handle om å både gi og få.

⁷⁵ I juni i år tok aymarakvinna Soledad Chapeton (34) over ordførarvervet på El Alto, som Misjonsalliansen skriv på sin blogg.


⁷⁶ I Andes er det eit kjent uttrykk som heiter «la papa llor», som betyr «poteta gret». Uttrykket handlar om at ein skal sette pris på det ein har; til dømes kan uttrykket brukast dersom ein kastar mat. Dersom ein kastar poteta i søppel, då gret den.

Eksempelvis nemner utsendingen også at på same måte som Misjonsalliansen viser respekt for lokalbefolkninga ved å vere med på tradisjonelle ritual, viser også lokalbefolkninga respekt ved å unnlate å inkludere alkohol i arrangementa (noko som den norske utsendingen meiner kanskje kan bli teke fram etter at arrangementet er over og Misjonsalliansens representantar er reist). Alkohol var ein stor del av samtlege feiringar eg var med på under mitt opphald i Bolivia, og som tidlegare nemnd er dette ofte ein viktig del av ulike ritual hjå aymarafolka.



(Lufta gikk ut av ein oppblåsbar Evo Morales (i midten) under opninga av volleyballbana på El Alto. På si høgre side har Evo ordføreren, medan på venstresida står visepresident Alvaro. Foto: Johanne Otilie Espe)

Samarbeidet internt i MAN B: møte mellom nordmenn og bolivianarar



(Ei av MAN B sine mange brosjyrer med informasjon om HIV/Aids og organisasjonens arbeid på El Alto. *Amigos de esperanza* betyr «håpets vener».)

«Felles kultur er det som gjer kommunikasjon mogeleg»⁷⁷, hørte eg fyrstemanuensis i Sosialantropologi ved NTNU, Trond Berge, fortelje i eit radioprogram. Dersom felles kultur kan vere det som gjer kommunikasjon mogeleg, har MAN-B ein felles kultur, eller nokre felleskulturelle trekk, som delast av både nordmenn og bolivianarar? Eller er dette noko som manglar, og dermed kompliserer kommunikasjonen mellom partane?

⁷⁷ www.radiorevolt.no (1)

Dei fleste av dei tilsette, både bolivianarar og nordmenn fortalde at det kristne verdisynet MAN B har som sitt fundament, var viktig då dei søkte på arbeid hjå organisasjonen. Dei norske utsendingane gav i tillegg uttrykk for at det var spanande å oppleve noko nytt, slik som ein av dei norske utsendingane gir uttrykk for her:

«Min motivasjon var rett og slett at det var i Sør-Amerika, det var spennande! I tillegg var det motiverande å vite at eg skulle arbeide for ein organisasjon som hadde dei same verdiane som meg. Eg likte også tanken på at Misjonsalliansen er ein tverrkyrkjeleg organisasjon, og at du dermed kan finne mellom anna både pinsevenner, baptistar, metodistar, og ja, litt av alt eigentleg, hjå dei tilsette. Akkurat her i Bolivia er vi alle statskyrkjefolk.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant La Paz)

Organisasjonens kristne fundament var for mange av informantane ein viktig felleskulturell plattform, der dei kunne be i lag og slik danne grunnlag for eit godt samarbeid. Mange av dei tilsette meinte dette var med på å styrke samhaldet internt i organisasjonen.

«Det er fint at vi har ei felles tru. Det at vi t.d. kan lese i Bibelen i fellesskap, både nordmenn og bolivianarar, er bra for samhaldet innad i organisasjonen. Vi har også andakter saman. Alt dette er med på å styrke vår åndelege side, og vil vere til hjelp når vi skal spreie herrens ord til lokalsamfunna vi arbeider i. Eg ser oss som brødre og søstre, og at vi saman arbeider for det vi trur på. Vi har heile vegen hatt eit godt samarbeid med nordmennene.» (Alinda, sjef på Rio Seco, protestant, El Alto)

Nokre av dei bolivianske tilsette la spesielt mykje vekt på ulike tradisjonar, spesielt rundt mat og drikke, då eg spurte korleis dei opplevde samarbeidet med dei norske utsendingane. Dei ga uttrykk for at dette var noko dei likte å lære meir om, og at det slik var spennande å kunne dele erfaringar på dette området. Eg var i utgangspunktet ute etter meir utfyllande svar som handla om arbeidstradisjonar og samarbeid, men svara eg fekk var nokså vage på dette emnet, og det kan hende at mi rolle spelte inn på korleis dei bolivianske tilsette valde å svare meg. I tillegg må det nemnast at sidan det ikkje er så mange nordmenn i organisasjonen i dag, så er det heller ikkje så mange av dei bolivianske tilsette som har fått gjort seg opp så mange tankar rundt dette. I ettertid har eg tenkt det var fint at dei la så mykje vekt på dette då dei fortalde om desse «små tinga» som ein kan oppleve under kultur møte, for dei kan jo også vere med på å betre samhald og kjennskap til kvarandre. Det som kom tydeleg fram hjå dei bolivianske tilsette var at dei likte å vise fram sine eigne tradisjonar for dei norske utsendingane, og at dei fann glede i at dei norske utsendingane likte å lære meir om dette.

«Dei norske utsendingane lærer også om våre tradisjonar, til dømes blir dei kjende med våre mattradisjonar når vi et lunsj saman i arbeidstida. Og kanskje prøver vi norsk mat. Nordmennene drikk til dømes mykje kaffi, og difor har vi også byrja med det. Slik deler vi erfaringar og lærer av kvarandre. Eg trur det er viktig.» (Alinda, sjef på Rio Seco, protestant, El Alto)

«Ein gong var ein av dei norske utsendingane med på ein dansefestival, der det var barn frå 4 til 6 år som deltok. Der viste dei fram ulike tradisjonelle dansar, og eg trur det gjorde inntrykk på utsendingen. Ho fortalde at det hadde vore veldig fint å få vere med på. Kanskje nordmennene tek med seg litt av den bolivianske kulturen heim? Dei norske utsendingane er jo også her på arbeid, og kanskje dei fører med seg noko av arbeidstradisjonen herifrå heim, og så lærer vi litt av den norske arbeidstradisjonen.» (Alinda, sjef på Rio Seco, protestant, El Alto)

Når det kom til spørsmål rundt utfordringar med samarbeidet i organisasjonen, var alle dei bolivianske tilsette positive til dette, medan dei norske utsendingane hadde utfordringar dei kunne fortelje om. Mi rolle kan ha spelt inn her, sidan eg sjølv er norsk, og det kan hende dei bolivianske tilsette ikkje ville fornærme meg?

«Vår norske brør og søstrer har lenge vore med på arbeidet her i Bolivia, og eg opplev relasjonen mellom oss som veldig god. Vi har ulike syn på ting, og då kan jo vi gi råd til kvarandre, dei til oss og vi til dei. Slik kan ein lære av kvarande.» (Miguel, sjef for HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, El Alto)

Dei norske utsendingane var også svært positive til samarbeidet, emn hadde likevel, som nemnd, fortalt om nokre utfordringar internt i organisasjonen, både små og store. På Misjonsalliansens blogg skriv dei norske utsendingane innlegg der dei fortel om arbeidet i Bolivia, og korleis dei opplev dette. I Januar dette året var det tid for å planlegge det nye året, og ein av dei norske utsendingane skriv dette i eit innlegg:

«Det kan være en tålmodighetsprøve å delta i planleggingsprosesser her i Bolivia. Byråkratiet i organisasjonen kan virke tunggrodd, og ting skjer ofte mer langsomt enn man kunne ønske. Arbeidet kan være tidkrevende og frustrerende. Likevel spiller alle krav og retningslinjer, og alle timene bak PC og dokumenter, en viktig rolle. De bidrar til kontroll, åpne og demokratiske prosesser og solide avtaler med myndighetene og andre samarbeidspartnere. Gode prosesser er helt nødvendig for bærekraftige prosjekter med en reell innvirkning på lokalsamfunn.»⁷⁸

Ein av dei norske utsendingane fortalte at frustrasjon var noko ho ofte hadde opplevd i samband med arbeidet i MAN-B: «Du bør helst ikkje slå i bordet når du blir sint her, du mistar du litt av di troverdigheit, sidan det er sett som vært upassande. Eg gjorde det ein gong, og får framleis høyre det». Begge desse utfordringane som er nemnd her, var ikkje sett som dei største utfordringane. Ein av dei store utfordringane som kom fram, var eit problem som ofte hadde oppstått øvst i leiinga. Sidan oppstartinga av MAN-B har organisasjonen sett seg nøydd til å skifte direktør opp til fleire gonger, også medan eg hadde mitt feltarbeid. Ein av dei norske utsendingane uttrykte oppgitt at om det heldt fram slik, ville ikkje organisasjonen kunne stå på egne bein med det fyrste. Eg møtte seinare ei dansk kvinne som arbeidde for ein annan bistandsorganisasjon i La Paz, og ho kunne

⁷⁸ www.misjonsalliasen.no (10)

fortelje meg at hennar organisasjon hadde akkurat dei same problema i leiinga. Eg vart nysgjerrig på om dette verkeleg var eit vanleg fenomen, og i så fall kvifor. Ein av dei norske utsendingane gav meg kontaktinformasjon til ein psykolog som ikkje hadde noko tilknytning til MAN B, anna enn at vedkomande tidlegare hadde vore med på å evaluere organisasjonens prosjekt. Han meinte dette fenomenet kunne vere ein del av ein vanleg tankegong i Bolivia generelt:

«Ein kan kalle dette fenomenet *fattigdomens psykologi*, med det meiner eg at Bolivia har vore eit veldig fattig land, og er framleis fattig, men ikkje slik som før- og no er landet på veg framover, ting blir betre- likevel tek det tid å endre eit menneskje sin måte å tenke på. Eit fattig menneskje vil tenke «eg er fattig, då må eg ta det som er mitt, før det er for seint!», og med den tanken vil det vere vanskeleg å skilje mellom kva som er «mitt» og kva som er «organisasjonen sitt», forstår du kva eg meiner?» (Louis, psykolog og professor ved Universidad Catolica, 40-50 år, katolikk, La Paz)

Den norske utsendingen som fortalde meg om denne utfordringane forklarte dette slik:

«Utfordringar i administrasjonen er eit utbredt problem i Bolivia, og det er ikkje berre Misjonsalliansen som har opplevd dette. Opp gjennom åra har det vore fleire utskiftingar i «toppen». Det som gjer at det blir slik er haldningane som ser ut til å prege menneskje når dei får makt; ein vil ikkje innrømme sine feil, ein blir rett og slett maktsjuk. Vi nordmenn ynskjer jo at MAN-B skal kunne bli ein sjølvstendig organisasjon, men det er vanskeleg å få til når vi møter slike utfordringar. Fleire av dei tilsette i Misjonsalliansen, hjå dei bolivianske tilsette, meiner det var betre før då MAN-B hadde ein norsk sjef. Det må leggjast til at dette ikkje er eit problem på hovudkontoret på El Alto, men berre på hovudkontoret i La Paz.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant La Paz)

Vedkomande fortalde også at ei endring i det teologiske grunnlaget var noko som skapte frustrasjon:

«Eit av problema som nyleg hadde blitt oppdaga, var at det hadde blitt gjort endringar i det teologiske grunnlaget, som mellom anna la til rette for at ein ikkje skulle arbeide saman med katolikkar internt i MAN-B.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant La Paz)

Endringa av det teologiske grunnlaget gikk i følgje den norske utsendingen ut på at dei ikkje lenger skulle ha katolske tilsette. Dette kan forståast ut frå at ei endring av det teologiske grunnlaget kunne gått utover sjølve misjonsarbeidet, og kven arbeidet vil nå, spesielt med tanke på at størsteparten av dei hjelpa skal nå ut til er katolikkar. I tillegg ville dette i følgje ein av dei bolivianske frivillige vere motstridande i forhold til lova om religionsfridom.

Ei anna utfordring har vore at organisasjonens tilsette er usikre på kor lenge det vil ta før MAN-B kan bli ein sjølvstendig organisasjon:

«Det er viktig for oss at arbeidet skal halde fram etter at vi har trekt oss ut av dei ulike prosjekta, og at bolivianarar og den bolivianske stat blir ansvarleggjort for å få ting til å skje.» (Mari, norsk utsending, 30-40 år, protestant La Paz)

«No har organisasjonen vore her i 35 år, og vi arbeider framleis for at MAN-B skal bli ein sjølvstendig organisasjon slik at vi på sikt kan trekke oss heilt ut. Vi ynskjer at organisasjonen skal vere forankra i boliviansk kultur, og at våre bolivianske kollegaer skal ta ansvar for dette. Her i Bolivia har det på den fronten ikkje gått fullt så bra som vi skulle ynskje. Den bolivianske organisasjonen har ikkje klart å vise at dei kan bli meir sjølvstendige- dei er framleis 100% avhengige av nordmenn og bistandspengane, dei enno ikkje kome dit at dei klarar å skaffe pengar på andre måtar.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant La Paz)

Samstundes er den norske utsendingen klar på korleis forholdet mellom nordmennene og bolivianarane burde vere internt i MAN-B, at bolivianarane er dei som skal ta avgjerslene, men samstundes at nordmennene må gi beskjed om dei opplev noko dei meiner er galt, og når dei opplev at det er noko som bør endrast på:

«Eg er ikkje blitt sendt hit fordi eg er ein ekspert- eg er ikkje kome hit for å ta jobben frå ein bolivianar. Det er mine bolivianske kollegaer som er ekspertane, dei har kunnskapen som trengst innan sitt fagfelt, i tillegg har dei kulturen og språket inne på ein måte som eg, etter fleire år i Bolivia, aldri vil kunne oppleve på same måten. Eg er her for å lære og bringe informasjon vidare til Noreg, men eg seier sjølvstøtt ifrå om det er noko eg er usamd i.» (Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant La Paz)

Til tross for utfordringane dei tilsette hjå MAN-B kunne oppleve, meinte begge partar at dei fyrst og fremst opplevde eit godt samarbeid, og informantane mine fortalde at dei likte å arbeide hjå MAN-B, og at dei saman følte eit fellesskap med den kristne trua som grunnlag.



(Dei tilsette tek del i kvarandre sine tradisjonar: Misjonsalliansens bolivianske tilsette er også med på norske feiringar. Kaka er ei gåve til dei norske utsendingane frå sine bolivianske kollegaer. Bilete frå mitt førre opphald i La Paz, 17.mai 2011. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Siste dag på feltarbeid

Første desember er verdens aidsdag, noko som vart markert både i La Paz og på El Alto under mitt opphald i Bolivia. På El Alto var nokre av prosjektets frivillige på plass for å spreie informasjon rundt sjukdomen. Saman med fleire andre organisasjonar hadde dei utstasjonert seg i området rundt helsestasjonen Centro del Salud på La Ceja. MAN-B hadde her ei eiga lita bod der ein kunne kome for å stille spørsmål rundt sjukdomen, organisasjonens arbeid på El Alto i tillegg til at ein kunne teste seg for hiv. Organisasjonens protestantiske budskap stod også i fokus ved hjelp av bibelske tekstar på dei ulike brosjyrane dei delte ut, i tråd med MAN-B sitt ønske om å ha ein tydeleg kristen profil. Dei tilsette som var utstasjonert i informasjonsboda på La Ceja denne dagen peika dei på at det er viktig for organisasjonen å vere med på slike tilstellingar, slik at budskapet kan nå ut til så mange som mogeleg. «Kanskje er det nokon som i dag vil få auga opp for organisasjonen?», sa ei av dei tilsette. Samstundes uttrykte dei også at dei var bekymra for korleis det ville gå med prosjektet sidan det etter planen snart skulle avviklast. Dei fortalde at dei hadde eit håp om at arbeidet mot HIV/Aids på ein eller annan måte kunne halde fram, også etter den planlagde avviklinga i desember, noko som skulle vise seg å gå i oppfylgning sidan Misjonsalliansen på sine nettsider kunne fortelje at arbeidet mot HIV/Aids på El Alto skulle verte innlemma i eit større helseprosjekt i kommunen i 2015.

Dessverre vart det ein brå slutt på markeringa, sidan snøen byrja å lave ned berre eit par timar etter opninga. Alle som skulle langt måtte skunde seg vidare for å sleppe unna den verste trafikkorken som snart ville slå til for fullt på grunn av det plutselige snøfallet, som kom midt på sumaren. Sjølv var eg ein av dei som skunda seg vidare, sidan eg skulle ta minibuss med sumardekk den svingete vegen ned mot La Paz. Eg tenkte det difor ville vere lurt å vere tidleg ute, noko som viste seg å vere ein god idé. Det vart ei kjølig avslutning på feltarbeidet, men likevel også ei optimistisk avslutning. Eg var overraska over at markeringa på El Alto var så stor som den var, med kanskje om lag ti bodar med fleire ulike organisasjonar som var med på å arrangere markeringa, i tillegg til dei mange menneskja som kom innom for å lære meir om sjukdomen. Dette er kanskje ikkje så stort for ein by på storleik med El Alto, men i forhold til kva mine informantar hadde fortalt meg, så verka det som om informasjonen hadde blitt meir og meir tilgjengeleg med åra, og den store oppslutninga rundt markeringa viste at det ikkje var eit like mykje tabu knytt til dette temaet som informantane fortalde det hadde vore for berre nokre få år sidan.



(Ein smilande kondom vart dagens blikkfang under markeringa av verdas aidsdag på El Alto. Biletet er teke like før uvêret byrja. Foto: Johanne Ottilie Espe)

På gjensyn, Bolivia!

Desember kom brått, og det vart på tide å ta farvel med mitt kjære Bolivia, men Bolivia skulle også ta farvel med meg. Undervegs i feltarbeidet var det mange som fekk med seg at eg ikkje var personleg kristen, og mange byrja snart spøkefult å foreslå at det no var bolivianarane som måtte reise til Noreg for å misjonere, spesielt etter at eg fortalde korleis mange rundt meg hadde eit meir tradisjonelt forhold til kristendomen, men at det ikkje nødvendigvis betydde at dei trudde på budskapet. Dette var noko eg undervegs i opphaldet, men spesielt mot slutten fekk ein forsmak på. «God tur heim, min venn. Hugs at Jesus finst!», var meldinga eg fikk av ein god ven. Eg fikk også ei avskjedsgåve, eit armband med teksten «Jesus te ama», som betyr Jesus elsker deg.

Så sat eg omsider på flyet heim, med «Jesus te ama» rundt armleddet, og såg El Alto forsvinne under skylaget. Eg tenkte at eg håpte det ikkje vart så lenge til neste gong. Det var rart å forlate Bolivia, eg følte eg nettopp hadde reist frå Noreg, og eg var ikkje klar for å vende tilbake til Noreg så tidleg. Etter kvart som vekene gikk under opphaldet i Bolivia oppdaga eg stadig nye aspekt ved feltarbeidet som eg kunne tenke meg å sjå nærmare på, i tillegg var det mange ting som eg kom på i ettertid som eg også gjerne ville hatt med i oppgåva. Til slutt innsåg eg at eg måtte seie meg fornøgd med det eg hadde, og heller fokusere på at det eg skulle vise med oppgåva var eit *innblikk* i det eg opplevde under feltarbeidet i løpet av dei tre månadane eg hadde til disposisjon.

Oppsummering

I denne delen har eg framstilt innsamla data eg fikk gjennom observasjonar og intervju undervegs i feltarbeidet på El Alto, hausten 2014. Ved hjelp av dette har eg forsøkt å gi lesaren eit innblikk i korleis dei tilsette opplevde nokre av kulturmøta som vart skapt gjennom Misjonsalliansens HIV/Aids-prosjekt, og gjennom eigne observasjonar har eg forsøkt å kontekstualisere dette. Kulturmøta har gitt innblikk i strategiar for bistandsarbeid, religionens roller i misjonsbasert bistand, kulturtilpassingsstrategiar i møte med lokalbefolkninga og samarbeidet mellom dei tilsette hjå organisasjonen (der eg spesielt har fokusert på forholdet mellom dei norske og dei bolivianske tilsette).

Avslutning



(Kveld på El Alto. Foto: Johanne Ottilie Espe)

Hensikta med denne oppgåva har vore å sjå nærmare på kva slags kultur møte som vert skapt gjennom Misjonsalliansens HIV/Aids-prosjekt på El Alto, og kva desse møta kan fortelje om religionen sine roller i norsk misjonsrelatert bistandsarbeid i dag. Gjennom dei føregående skildringane av mitt feltarbeid hausten 2014 har eg forsøkt å gi eit innblikk i dette.

Edward T. Hall seier at ein ikkje kan vere like god som Sherlock Holmes på å oppdage underliggende kulturelle mønster i kultur møte, i dette tilfelle dei som vert skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet på El Alto. Det er eg samd i, og eg ser at eg på grunn av min bakgrunn ikkje er i nærleiken eingong. Måten eg har skildra og reflektert rundt innsamla data vil vere farga av min eigen forståingshorisont, og dette vil kome til syne gjennom mi vidareformidling av det eg observerte, og det informantane mine fortalde meg. I tillegg vil det kome til syne i refleksjonane eg har gjort meg undervegs og avslutningsvis. Eg har forsøkt å framstille innsamla data så objektivt som råd, men samfunnsforskarar har alltid med seg ein bagasje når dei fortolkar og trekk konklusjonar, og eg vil difor igjen understreke at det er *eg* som framstiller innsamla data.

Kva slags kultur møte vert skapt gjennom Misjonsalliansens HIV/Aids-prosjekt på El Alto?

Ein ser at arbeidet mot hiv/aids på El Alto stadig skapar nye kultur møte, på tvers av kulturelle og religiøse grenser, og at møta mellom bolivianarar kan vere om lag like komplekse som møta mellom nordmenn og bolivianarar. Det er vanskeleg å halde ei oversikt over ein så dynamisk og flytande storleik, som slik antropologen Geertz seier er som eit mønster av meining som kontinuerleg skapast på ny gjennom kommunikasjon og samhandling mellom menneske.

Det har vore utfordrande å forstå nokre av dei ulike kultur møta, fordi det nokre gonger kunne vere uklart *kven* som møtte *kven*. For *kven* er eigentleg protestantar, katolikkar, aymarafolka, urfolk, mestisar, bolivianarar eller *alteños*? Ein informant kunne omtale ein annan som aymara, medan personen som vart omtalt som aymara ville ikkje nødvendigvis identifisere seg som aymara. Alt kjem an på auga som ser, og på augneblinken, noko eg til dømes eg nemner i hovuddelen. Der refererer eg til antropologen Canessa som skriv om at ein *jaqi* som forlèt bygda ikkje lenger ville vere ein *jaqi* i sambygdingane sine auge, altså er vedkomande ikkje lenger sett som ein del av bygdefolket fordi han eller ho har "fjerna" seg frå den lokale kulturen, medan i byen ville vedkommande antakeleg blitt sett som ein *jaqi*. Denne personen høyrer slik i somme sine auge ikkje lenger heime nokon stad. På grunn av dette har eg gjort mitt beste for å vere tydeleg på *kven* som seier *kva* undervegs i oppgåva. Undervegs i feltarbeidet var dette eit spørsmål som kunne få svært ulike svar, og eg meiner dette er med på å vise kor komplekst eit kultur møte kan vere, når det er så mange ulike eller motstridande meningsinnhald som kan knytast til det.

Kultur møta som kom til uttrykk gjennom HIV/Aids-prosjektet på El Alto

Kultur møta som vart skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet var svært komplekse, og dei er nok ikkje fullt så enkle som eg framstiller dei her. I denne oppsummeringa har eg vald å ta for meg dei som var mest tydelege undervegs i feltarbeidet.

Nordmenn og bolivianarar

Antropologen og statsvitaren Benedict Anderson snakkar om at alle fellesskap er førestilte, og at desse må oppretthaldast av fellesskapets medlemmar for at det skal kunne eksistere. Korleis opprettheld MAN-B fellesskapet i organisasjonen? Det som bind organisasjonen saman, slik eg ser det, er fyrst og fremst den felleskulturelle plattformen dei tilsette har skapt og skaper gjennom det å

dele den kristne trua, og praktisere denne saman i fellesskap. Både dei norske utsendingane og dei bolivianske tilsette såg dette som ein god måte å danne eit godt grunnlag for samarbeid på.

Dei norske utsendingane kunne oppleve at det var forskjell på korleis dei ulike partane kunne stille seg til religionen på, og som ein av dei norske utsendingane forklarte, så kunne ein oppleve at bolivianarane såg Gud meir som ein «streng far i himmelen», og at ein difor måtte trø varsamt for å unngå å gjere noko feil.

Samstundes var begge partane også mykje til felles gjennom sine religiøse synspunkt, og var samde i at religion var ein viktig føresetnad for «utvikling» i lokalsamfunna. Alle informantane gav uttrykk for at dei ville spreie Guds ord ved hjelp av handlingar, og at dei håpte fleire ville få auga opp for den kristne trua.

Det kristne grunnlaget i MAN-B var viktig for alle partar, men det var mange som også uttrykte at den daglege kontakta mellom nordmenn og bolivianarar var god, og at dei likte å lære av kvarandre. Nordmennene var nok dei som uttrykte mest begeistring på dette området, og viste at dei var interesserte i å lære meir om dei lokale kulturane. Dei bolivianske tilsette hjå MAN-B fortalde meir om dei små tinga, som det å ete lunsj saman i arbeidstida, og generelt lære om kvarandre sine tradisjonar og levemåtar.

Eit anna forhold som var med på å prege møte mellom nordmenn og bolivianarar var det kulturelle fenomenet klasse. Dette fekk også eg kjenne på kroppen undervegs i feltarbeidet, sidan eg kunne oppleve å bli behandla betre enn andre (eg følte ikkje at eg opplevde dette hjå MAN-B, men elles i samfunnet). I Bolivia er klasseskilje noko som er tydeleg, og nokre få av dei tilsette forklarte at dette kunne ved visse tilfelle merkast internt i organisasjonen. Ein av dei norske utsendingane forklarte korleis nordmennene lettare kunne få løyve til å gjere noko, enn sine bolivianske kollegaer, og det hadde slik resultert i den interne vitsen om at den norske utsendingen måtte bruke sitt «kvite ansikt» for å få igjennom det ho ynskte. Samstundes er det ikkje sikkert at dette berre handlar om klasse, men også at nordmennene sit på «pengesekken», og at ein slik sett kan setje dette i eit maktperspektiv. For kven har eigentleg mest makt i MAN-B? Nordmennene er sendt til Bolivia som rådgivarar, men det er i utgangspunktet bolivianarane som tek dei endelege avgjerslene og bestemmer korleis ting skal gjennomførast. Likevel har nordmennene moglegheit til å seie frå, dei er jo i Bolivia for å gi råd der

det trengst, og som dei sa sjølve så hende det at ein måtte setje ned foten. Samarbeidet var i følgje dei norske utsendingane ikkje alltid like enkelt, og dei fortalde at nokre gongar tok det tid før ein klarte å knekke dei kulturelle kodane for å kunne forstå kva som låg til grunn for utfordringane.

Forholdet mellom bolivianske katolikkar og bolivianske protestantar

Forholdet mellom protestantar og katolikkar som kom til syne gjennom HIV/Aids-prosjektet bar preg på religionsentriske perspektiv der den eine parten ikkje såg den andre i lyset av den andre partens eigne premisser. Dette var i hovudsak eit møte som kom til uttrykk mellom bolivianarar, og det er difor dei bolivianske tilsette sine tankar rundt dette som kjem til uttrykk her. Det var forskjell på informantane, men for å oppsummere vil eg trekke fram dei mest ekstreme motpolane som kom fram i omtalen om «den andre». Protestantane meinte at katolikkane ikkje var ordentlege kristne, sidan dei ikkje berre hadde ein Gud, men at dei også ba til Pachamama og katolske helgenar. Dei såg katolisismen som ei form for synkretisme, med innslag frå både katolisisme og aymaratradisjonar. I tillegg meinte protestantane at det var for mykje fokus på alkohol hjå katolikkane. Katolikkane på den andre sida kunne sjå protestantane som radikale «ekstremistar», dei meinte at protestantane hadde for mange reglar, og levde for strengt. Ei av dei frivillige hjå organisasjonen fortalde mellom anna at katolikkar kunne meine det var rart at protestantar ikkje brukte å feste eller drikke alkohol. Samstundes var det ikkje alle som meinte motsetningane var så store, og det var mange som fortalde at forholdet mellom protestantar og katolikkar var godt, og at dei var positive til at fleire katolikkar kom til å arbeide for MAN-B i framtida.

Homofile

Homofile er ei av gruppene på El Alto som ofte fell utanfor «idealsamfunnet». I følgje mine informantar var dette den gruppa som var mest utsatt for stigmatisering og diskriminering i samband med HIV/Aids. Dei fleste av dei tilsette forklarte at dei meinte homofili var galt, men at dei likevel respekterte homofile, og at dei ikkje hadde noko i mot å samarbeide med menneskje som hadde homofil legning. Det var ingen som sa at dei ikkje ville ha noko med homofile å gjere, med unntak av pastoren som fortalde at han i forkant av jobben hjå MAN-B hadde tvilt på dette, men at han til slutt innsåg at Guds kjærleik når ut til alle, og at Jesus elsker alle uansett. MAN-B hadde også nokre frivillige som hadde stått fram med si homofile legning, men ein av dei norske utsendingane meinte det ville ta tid før eit menneskje med homofil legning ville kunne få fast arbeid hjå MAN-B. Nokre av dei tilsette hjå organisasjonen meinte at dei slik stilte seg nøytrale til homofili.

Kvinnesyn

I tillegg til homofile var også kvinner ei av gruppene som informantane meinte kunne vere ekstra utsatt for stigmatisering og diskriminering. Mange talte om fenomenet «machoisme» som i hovudsak går ut på ein idé om at mannen er overlegen i forhold til kvinna. Det vart ofte også snakka om utroskap, der kvinna kunne få skulda sjølv om det var mannen som hadde smitta henne. Det som låg til grunn for denne skeivfordelinga av skuld var i følgje informantane mine tankegangen rundt den overlegne mannen, sidan det er vanleg for menn å ha mange kvinner, medan kvinner som har mange menn blir sett på som prostituerte. Mange meinte også at machoismen ikkje var eit problem, men at det var generelle haldningar til seksualitet som låg til grunn for dette. MAN-B sine tilsette forklarte at strategien var å styrke kvinners posisjon i samfunnet, men spesielt internt i familien, sidan det er der dei store problema ofte ligg, og mange kunne fortelje at det dessverre var mange mørketal på dette området.

Forholdet til lokalbefolkninga

Forholdet til lokalbefolkninga var det spesielt nordmennene som uttalte seg om. I dette kultur møte var det fokus på kulturtilpassing og tillit til lokalbefolkninga. Dei norske utsendingane uttrykte begeistring og fascinasjon på dette området, og la vekt på at det nettopp var forskjellane mellom menneskje som gjorde denne jobben så spennande. Gjennom HIV/Aids-prosjektet fekk eg inntrykk av at lokalbefolkninga, som ofte identifiserte seg som aymara, fekk vere med på å bestemme korleis ting skulle gjerast. Samstundes oppfatta eg at MAN-B la ei viss føring, med tanke på den diakonale profilen som står så sterkt, spesielt når det var noko med lokale tradisjonar (som ofte var aymaratradsisjonar), som ikkje kom overeins med MAN-B sine retningslinjer. Hjå lokalbefolkninga hadde MNA-B verdifulle samarbeidspartnarar, der dei stort sett fokuserte på prestar i lokale kyrkjer, slik at dei gjennom desse kunne få fram budskapen.

Oppsummering

Som nemnt innleiingsvis, så er dei ulike kultur møta som vart skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet på El Alto svært komplekse. Mange av kultur møta er framstilt slik dei er på grunn av mi rolle. Nokre gonger opplevde eg at informantane kanskje var redde for å svare sidan eg til dømes sjølv var norsk, og sidan dei trudde eg sjølv var protestant. Difor blir denne framstillinga ei framstilling av dei kultur møta som var tilgjengelege for meg i løpet av det tidsrommet eg hadde til disposisjon.

Kva slags roller har religion i HIV/Aids-prosjektet på El Alto og kva kan dette fortelje om norsk misjonsrelatert bistandsarbeid?

Her vil eg kome med ei oppsummering av dei ulike aspekta ved religionen sine roller som kom til uttrykk gjennom arbeidet hjå HIV/Aids-prosjektet. Mange glir riktig nok over i kvarandre, men eg har likevel forsøkt å gjere ei inndeling ut ifrå korleis informantane ordla seg rundt dette.

Motivasjon

Religionen sine roller var fyrst og fremst ein motivasjon for dei tilsette. At organisasjonen hadde ein diakonal profil og eit protestantisk fundament var viktig for dei tilsette då dei søkte på jobben. Dei tilsette forklarte også at dei såg arbeidet hjå MAN-B som ei oppgåve frå Gud. Ein del av motivasjonen for å arbeide hjå organisasjonen var også at dei gjennom arbeidet kunne bringe Guds ord ut til lokalbefolkninga gjennom sine handlingar i prosjekta. Mange forklarte også at dette var noko som det var behov for. Til dømes legitimerte ein av HIV/Aids-prosjektet vektlegginga av det kristne verdisynet og levesettet hjå organisasjonen ved å sei at «menneskje som har det vanskeleg treng Gud, difor søker dei Gud».

Religion som vegvisar for kva som er rett og gale

I prosjektet var protestantisk kristendom førande for korleis den diakonale profilen skulle vere. Sjølv om mange av dei tilsette var katolske, var det altså protestantisk kristendom som var den «rette» religionen, og dermed ei «ledande» rolle for korleis ting skulle gjerast. Religion var med på å avgrense samarbeidspartnarar, sidan organisasjonen fyrst og fremst heldt seg til protestantiske kyrkjer. Samstundes var religion på denne måten også med på skape «naturlege» samarbeidspartnarar i lokalsamfunnet. Religion var med på å avgjere kven dei tilsette i organisasjonen var, og ikkje var, sidan organisasjonen har eit protestantisk verdisyn, og at dei difor ynskjer at størsteparten av dei tilsette skal vere protestantar for at dei skal kunne oppretthalde organisasjonens protestantiske profil. Religionen kunne slik bli ein selektivt utveljande aktør som kunne verke ekskluderande på nokre grupper, til dømes katolikkar. Religion kunne verke både ekskluderande og inkluderande på dei som trong hjelp meinte nokre av informantane. Nokre fortalde at kanskje homofile var den gruppa som kunne ha problem med å søke hjelp hjå MAN-B sidan organisasjonen er kristen, og sidan det ikkje er vanleg at homofile opplev aksept i kristne samfunn på El Alto (men også i andre deler av samfunnet). Homofile passar rett og slett ikkje inn i «idealsamfunnet», og er difor ei av gruppene som fell utanfor. Hjå MAN-B kan religionens rolle verke ekskluderande på den måten at dei tilsette gir uttrykk for at dei meiner det er galt å vere homofil. Samstundes er religionen med på å legitimere homofile sin

plass i samfunnet, sidan det blir lagt vekt på at «Jesus elsker alle uansett», også homofile. Det same gjeld for andre grupper menneskje som kan kjenne seg utanfor. Ei av gruppene som opphavleg ikkje er direkte utanfor samfunnet, men som likevel opplev stigmatisering og diskriminering i samband med hiv/aids er kvinner, som også er ei utsett sosial gruppe på El Alto på grunn av kvinnesyn. Religionens rolle blir her å vise til gode verdiar om likestilling, og den blir også her brukt for å legitimere likestilling mellom kjønna.

Felleskulturell plattform

Religionen skapte samhald mellom organisasjonens tilsette, og på denne måten ein felleskulturell plattform. Som sosiologen Emile Durkheim seier, så er religion noko sosialt, og gjennom sosiale samanhengar får religionen ein styrka posisjon. Slik er MAN-B sine tilsette med på å styrke den felleskulturelle plattformen og den diakonale profilen.

Religion og makt

Religionens rolle var på mange måtar med på å gi budskapet meir autoritet, sidan den ikkje berre vart framstilt som MAN-B sine ord, men *Guds ord*. Gjennom til dømes å legge sine egne verdiar i Jesu' munn kunne dei tilsette fremje sine egne verdiar på ein meir kraftfull måte, enn om dei hadde fremja verdiane sine utan å relatere dei til Jesus. Religionen står også sterkt i samfunnet på El Alto, noko ein ser ut ifrå kyrkjene sine roller. Gjennom å samarbeide med kyrkjer skapar MAN-B ein lokal samarbeidspartnar som allereie har tillit hjå lokalbefolkninga, og som allereie har påvirkningskraft. På denne måten kunne MAN-B nytte religion som eit «maktmiddel» gjennom å ansvarleggjere lokale prestar, og hjelpe dei til å bli lokale talerør for å kjempe mot tabu og negative haldningar rundt hiv/aids, til dømes rundt homofili, kvinner eller synet på hiv/aids generelt, i tillegg til å fremje sine kristne verdiar og kristne levesett.

Kulturtilpassing

Religionen var noko lokalbefolkninga måtte ta omsyn til (t.d. ikkje alkohol på feiringar eller markeringar dersom tilsette frå MAN B var til stade), men også noko dei tilsette hjå organisasjonen måtte ta omsyn til. Mange av dei tilsette meinte det var ei likevekt her, der begge partar fekk vere med på å bestemme. Samstundes var det i hovudsak lokalbefolkninga som la føringar for korleis markeringar av ulike slag skulle foregå, men då kunne MAN-B gi beskjed dersom det var noko som ikkje var i tråd med organisasjonens retningslinjer. Mange meinte dette ville vere med på å bygge opp under tillit og gjensidig respekt.

Sjukdomsforståing

I ei av MAN-B sine brosjyrar sto det at ein måtte ta vare på kroppen sin, fordi den er Guds bustad. Dette oppfatta eg som eit grunnlag for sjukdomsforståinga rundt HIV/Aids, som ein motpol til ideane rundt skam som også var knytt til sjukdomen på El Alto. Det var interessant å sjå nærmare på korleis religion kunne ligge til grunn for sjukdomsforståing, sjølv når alle også forsto kva sjukdomen gikk ut på, medisinsk sett. Både skam og tabu var to av utfordringane rundt dette, og dette var også noko MAN-B sine tilsette forsøkte å endre haldningar rundt. Igjen vart religionen, gjennom Jesus, brukt som ei autoritær stemme for å få dei frammøtte på dei ulike møta som vart arrangert for å hjelpe hiv-smitta til å ta til seg MAN-B sine verdiar om korleis Jesus elsker alle uansett, og at sjukdomen difor ikkje var ei straff frå Gud. Å legge Jesu' ord i sin eigen munn såg ut til å vere ein av dei viktigaste strategiane som låg til grunn for haldningsendring.

Oppsummering

Religionens rolle var ein mykje større del av HIV/Aids-prosjektet enn eg i byrjinga hadde førestilt meg, og rolla den har ser ut til å vere svært sentral. Både som motivasjon for dei tilsette, men og for dei ulike strategiane som ligg til grunn for arbeidet i prosjektet, og i fleire tilfelle var religionen si rolle også sentral hjå val av samarbeidspartnarar. Organisasjonen vekt på kulturtilpassing og tillit til lokalbefolkninga viser at dei ynskjer å ikkje vere ein organisasjon som kjem utanfrå og fortel korleis ting skal gjerast, samstundes har dei eit ynskje om at Guds ord skal nå ut til folk gjennom sine handlingar.

Vegen vidare

Gjennom denne oppgåva har eg forsøkt å gi eit innblikk i dei ulike kultur møta som vert skapt gjennom HIV/Aids-prosjektet på El Alto, og dei rollene religionen har i misjonsbasert bistandsarbeid i dette prosjektet. Oppgåva mi har med utgangspunkt i eit feltarbeid på tre månader berre rørt ved overflata, og eg meiner dette er eit felt det vil vere interessant å sjå nærmare på. Innleiingsvis nemner eg Todorov og Gullestad sine teoriar som kort fortalt går ut på at vi enno ikkje har lært *nok* av slike kultur møte, og at det er viktig å lære om desse for å kunne skape eit godt grunnlag for samhandling på tvers av kulturelle grenser. Oppgåva mi kan ikkje svare heilskapleg på kva vi har å lære av kultur møte, men den kan gi eit innblikk i denne problemstillinga.

I etterkant av arbeidet med oppgåva sit eg att med mange spørsmål rundt dette. Korleis vil religionen sine roller vere framover, og kvalsags påverknad vil den ha på prosjekta og samspelet med lokalbefolkninga? Når Guds ord ut til lokalbefolkninga, slik misjonæranne ynskjer? Og kva vil det bety for lokalbefolkninga? Og vil organisasjonen bli meir liberal, og dermed opne for at til dømes fleire katolikkar kan arbeide hjå organisasjonen? Kva vil det bety for religionen sine roller? Og kva er det egentleg som skil Misjonsalliansen frå andre norske misjonsorganisasjonar? Spørsmåla er mange og eg meiner som nemnt at norsk misjonsbasert bistand er eit felt som det kan vere interessant å sjå nærmare på, og eg trur vegen vidare er forskning.

Kjelder

Litteratur

Albò, Xavier (1999). *The Aymara religious experience*. Orbis Books: New York.

Andersen, S., Mangrud, E.R. & Sørheim, B.J. (red.) (2008). *Mer enn ord. Misjonsalliansens arbeid i Bolivia*. Artes Graficas Sagitario: La Paz.

Brunvoll, A., Bringeland, H., Gilje, N. & Skirbekk, G. (red.) (2009). *Religion og Kultur: Ein fleirfagleg samtale*. Universitetsforlaget: Oslo.

Canessa, Andrew (1998). *Procreation, Personhood and Ethnic Difference in Highland Bolivia, Ethnos*. Routledge: New York

Crabtree, J. & Chaplin, A. (2013). *Bolivia: Processes of Change*. Zed Books: London & New York.

Craig, Martin (2012). *A critical introduction to the study of religion*. Routledge: New York

Dahl, Øyvind (2008). *Møter mellom mennesker: Interkulturell kommunikasjon*. Gyldendal Norsk Forlag: Oslo.

De nasjonale forskningsetiske komiteer (2006). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Zoom Grafisk AS: Oslo.

Gilhus, I.S. & Mikaelsson, L. (2001). *Nytt blick på religion. Studiet av religion i dag*. Pax Forlag: Oslo.

Gullestad, Marianne (2007). *Misjonsbilder. Bidrag til norsk selvforståelse*. Universitetsforlaget: Oslo.

Hall, Edward T. (1959). *The Silent Language*. Anchor Books: New York.

Ingstad, Benedicte (2007). *Medisinsk Antropologi: En innføring*. Fagbokforlaget: Bergen.

Johannesen, A. Tufte, P.A. & Kristoffersen, L. (2005). *Introduksjon til Samfunnsvitenskapelig Metode*. Abstrakt Forlag: Oslo.

Lazar, Sian (2008). *El Alto, Rebel City: Self and Citizenship in andean Bolivia*. Duke University Press: New York.

Stephenson, Maria (1999). *Gender and Modernity in Andean Bolivia*. University of Texas Press: Austin.

Todorov, Tzvetan (1999). *The Conquest of America: The Question of the Other*. University of Oklahoma Press: New York.

Tolo, A. & Ytrehus, L.A. (red.) (2011). *Interkulturell forståelse i bistand*. Tapir Akademisk Forlag: Trondheim.

Publikasjoner

Canessa, Andrew. (2001). Evangelical Protestantism in the Northern Highlands of Bolivia. *Studies in World Christianity*, (4), 22-40.

Canessa, Andrew (2004). Reproducing racism: schooling and race in highland Bolivia. *Race, Ethnicity and Education*, (7), 185-204.

Internettadresser

1: Misjonsalliansen: <http://www.misjonsalliansen.no/om> (01.12.15)

2. Misjonsalliansen: <http://www.misjonsalliansen.no/> (01.12.15)

3. Misjonsalliansen: <http://www.misjonsalliansen.no/om> (01.12.15)

4. Misjonsalliansen: <http://www.misjonsalliansen.no/her-jobber-vi/bolivia> (01.12.15)

5. Misjonsalliansen: <http://www.misjonsalliansen.no/her-jobber-vi/bolivia> (01.12.15)

6. Misjonsalliansen: <http://www.misjonsalliansen.no/om> (01.12.15)
7. Misjonsalliansen: <http://www.misjonsalliansen.no/her-jobber-vi/bolivia> (01.12.15)
8. Misjonsalliansen: http://blogg.misjonsalliansen.no/prosjekt/fundraising_cause/6731 (01.12.15)
9. Misjonsalliansen: <http://blogg.misjonsalliansen.no/innlegg/article/1053141> (01.12.15)
10. Misjonsalliansen: <http://blogg.misjonsalliansen.no/innlegg/article/1029151> (01.12.15)
- 1.MAN-B: Misión Alianza de Noruega en *Bolivia*: <http://www.manb.org/index.php/recursos/archivo-notas/344-36-aniversario-de-misi%C3%B3n-alianza.html> (01.12.15)
- 1.Norsk Luthersk Misjonssamband: <http://www.nlm.no/nlm/om-nlm/om-nlm/om-norsk-luthersk-misjonssamband> (01.12.15)
- 1.Norsk Misjonsselskap: <http://www.nms.no/budskap/> (01.12.15)
- 1.Den Norske Kirke: <https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/mellomkirkelig-rad/misjon/hva-er-misjon/> (01.12.15)
- 1.Radio Revolt: <http://ondemand.radiorevolt.no/#/?showID=2589&broadcastID=3031&internalSet=1> (01.12.15)
- 1.FN: <http://www.fn.no/Tema/FNs-tusenaarsmaal/Stoppe-spredning-av-hiv-aids-malaria-og-andre-doedelige-sykdommer/Status-Tusenaarsmaal-6> (01.12.15)

Føredrag

Angel, fivillig hjå MAN-B, El Alto. September 2014. Tema: «HIV/Aids på El Alto»

Professor ved ISEAT, La Paz. November 2014. Tema: «Espiritualidad Aymara»

Informantar

- Mari, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz
- Vivian, elev, 10-15 år, katolikk, El Alto
- Paola, frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet, 40-50 år, protestant, El Alto
- Mia, student og frivillig, 15-20 år, protestant, La Paz
- Jose, pastor og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz
- Reyman, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, El Alto
- Fernando, lege og tilsett hjå HIV/Aids-prosjektet, 30-40 år, protestant, La Paz
- Hanne, norsk utsending, 30-40 år, protestant, La Paz
- Alinda, sjef på hovudkontoret på El Alto, 50-50 år, protestant, El Alto
- Noemi, frivillig, 20-30 år, protestant, La Paz
- Raul, frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet, 20-30 år, protestant, El Alto
- Hernan, frivillig hjå HIV/Aids-prosjektet, 20-30 år, protestant, El Alto
- Lege, Centro del Salud, 40-50 år, katolikk, El Alto
- Miguel, sjef for HIV/Aids-prosjektet, 40-50 år, protestant, El Alto
- Dr. Alison Spedding, professor i Sosialantropologi ved UMSA, 50-60 år, agnostikar, La Paz
- Andres, tradisjonell lege, 50-60 år, aymara, El Alto

Vedlegg 1: Løyve til å ha feltarbeid hjå MAN-B



Misión Alianza de Noruega en Bolivia

...Promoviendo el Desarrollo Integral a través del Servicio Diaconal

La que suscribe, Directora Ejecutiva de Misión Alianza de Noruega en Bolivia (MAN-B), Msc. Lic. Lourdes Ximena Rodríguez Baldivia, en atribución de sus facultades,

CERTIFICA:

Que la Srta. Johanne Otilie Espe con Cédula Pasaporte N°26225515, de nacionalidad Noruega, actualmente viene cursando la Maestría en "Encuentro entre culturas" en la Universidad de Volda en Noruega y para su titulación desarrolla la investigación sobre el tema relacionado a VIH-SIDA.

Que la Srta. Johanne Otilie Espe, cuenta con autorización de Misión Alianza de Noruega en Bolivia, para aplicar las técnicas de investigación que requiera para el desarrollo de su Tesis (observación, entrevistas, etc.), con la población de las unidades educativas y comunidades de ciudad de El Alto y Caranavi donde MAN-B implementa sus proyectos y coordina actividades interinstitucionales, a partir del 15/09/2014 al 30/04/2015.

Es cuanto se certifica para fines de la interesada.



Lic. Lourdes X. Rodríguez B.
DIRECTORA EJECUTIVA 
Misión Alianza de Noruega en Bolivia
DIRECTORA EJECUTIVA

La Paz, 15 de septiembre de 2014

Copia: Archivo
LXRB/s.a.c.

Of. Central: c. Evaristo Valle N° 500 frente Plaza Alonzo de Mendoza
Edificio Santa Anita segundo piso.
Teléfonos: 2461652 - 2450946 - 71525709 - 71525707
Fax: 2450968 - www.manb.org - E-mail: mnoruega@manb.org
Casilla 5897 - La Paz - Bolivia